



HØGSKULEN I VOLDA

ST. 5457

Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Viljen til språk – Vilje til forskning
Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving

Marit Wadsten
mai 2008

HØGSKULEN I VOLDA
BIBLIOTEKET

FØREORD

Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld
-den stille og vise nedbrytaren av grenser, den rolege og sikre oppbyggaren i eit folk
Tarjei Vesaas: "Ivar Aasen". Dagbladet 18.nov 1950
Her etter Grepstad *Viljen til språk* (2006)

I've come to see every act of writing as... the wrigther's struggle to create a discoursalself
which resolves the tension between their autobioghrapical self and the possibilities for
selfhood available in the academic community.

Roz Ivanic, frå *Writing and identity* (1998)

Denne masteravhandlinga handlar om nynorsk i utdanning og akademisk skriving og er avlagt ved Ivar Aasen-instituttet ved Høgskolen i Volda.

Eg vil nytte høvet til å takke informantane for svært god respons og velvilje i utfylling av spørjeskjemaet.

Eg vil også takke Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, ved Anne Steinsvik Nordal, Høgskolen i Volda, for prosjektstipend og interesse for temaet.

Eg vil spesielt takke Jan Inge Sørbø for framifrå forelesingar og leing av masterstudiet ved Ivar Aasen-instituttet. Unn Røynealand, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, har vore rettleiaren min. Ho fortener også ein stor takk for fagleg gode innspel, for stort tålmod når det har gått tregt med framdrifta, og for å ha stilt opp til unemmelege tider i sluttspurten.

Jan Fredrik Hovden, avd. for mediefag, Høgskolen i Volda, fortener også ein stor takk for raus og uvurderleg hjelp og opplæring i bruk av dei digitale verktøya QuestBack og SPSS. Han har alltid vore å villig til å svare på spørsmål i tide og utide frå mi side. Takk også til John Olav Myklebust, avd. for samfunnsfag, Høgskolen i Volda, og Johan Barstad ved Møreforskning avd. Volda. Eg ønskte å gi meg sjølv ei skikkeleg utfordring ved å velje kvantitativmetode og å arbeide med statistikk i denne avhandlinga. Dette hadde eg lita erfaring med frå før. Takka vere god hjelp og kursing, har dette arbeidet vore svært lærerikt og interessant.

Eg vil også takke familien min, Torbjørn, Sigrun og Tor Haakon, for støtte og for alltid å vise meg kva som er viktigast i livet, og samtidig også gi mamma ro og rom til gode skriveperiodar. Svigerinna mi, Paula Utigard Sandvik, førstekonservator ved Stavanger Arkeologiske Museum, må også nemnast, og eg vil takke henne for reflekterte samtalar og interesse for prosjektet mitt. Ho bidrog også til utforminga av det i starten, da ho i 2006 leverte si doktoravhandling på nynorsk ved Institutt for geologi og bergteknikk ved NTNU, og på grunn av dette kontroversielle språkvalet vart pålagt av instituttet å halde, sin elles glitrande framførte doktordisputas, på engelsk.

Volda, mai 2008.

Marit Wadsten

Innhald

FØREORD	1
Kap. 1.0. Innleiing.....	5
Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving	5
"Viljen til språk – Vilje til forskning"	5
1.2. Historisk overblikk. Akademiske språk i Norge og utviklinga i tal doktorgradsavhandlingar frå 1817.	5
1.3. Fagtradisjonar i ein samfunnsvitenskapleg kontekst.	6
1.4. Problemstilling	7
1.5. Avgrensingar	8
1.6. Oppbygging av oppgåva.....	9
Kap. 2.0. Teori.....	10
2.1. Samfunnsvitenskapleg teori. Kort innføring.	10
2.2. Strukturasteorien.....	12
2.3. Kritisk samfunnsanalyse Teori og termar frå Pierre Bourdieu.	13
2.4. Oppsummering.	19
Kap 3.0. Bakgrunn og perspektiv.....	20
3.1. Det nynorske språksamfunnet. Opphav og utvikling.	20
3.2. Hovudpunkt i språkdebatten i høgare utdanning og forskning.	21
3.3. Tidlegare forskning på området	22
3.4. Perspektiv på språk.....	25
3.4.1. Språklege funksjonar	25
3.4.2. Språk, motivasjon, identitet og individualitet	26
3.4.3. Språk i eit lingua franca-perspektiv. Engelsk - det nye lingua franca?.....	28
3.4.4. Språk i eit hegemoni-perspektiv. Kulturelle dominansforhold, makt og demokrati.	30
3.4.5. Språk i eit globaliseringsperspektiv	33
3.4.6. Språk i eit domenetapsperspektiv.....	34
3.4.7. Språk i eit språkdødperspektiv	35
3.4.8. Språk og vitalisering.....	37
3.5. Oppsummering	39
Kap. 4.0. Metode	39
4.1. Kvalitative data vs. kvantitative data.	40
4.2. Metodar og forskaren si rolle	40
4.3. Val av metode.....	42
4.4. Undersøking	42
Kap. 5.0. Sentrale dokument og handlingsplanar.....	43
5.1. Stortingsmelding 20 (2004-2005). Vilje til forskning.....	43
5.2. Stortingsmelding 48 (2002- 2003). Kulturmeldinga	44
5.3. Universitets- og Høgskolelova av 1995	44
5.4. Makt og demokratiutredninga (NOU 2003).....	45
5.5. Norsk i hundre. Språkrådet.....	46
5.6. Framlegg til språkpolitikk. Universitets og Høgskolerådet	47
5.6.1. Universitetet i Tromsø.....	48
5.6.2. Universitetet i Oslo.....	49
5.6.3. Universitetet i Bergen.....	50
5.6.4. NTNU.....	50
5.7. FoU-regelverket	51
5.8. Oppsummering	53

Kap 6.0. Undersøking.....	53
6.1. Spørjeundersøking og statistikk	54
6.2. Spørjeskjemaet	54
6.3. Om populasjonen.....	55
6.4. Om utvalet	55
6.5. Systematisk utval.....	56
6.6. e-postadresser og utval	57
6.7. Responstrate og svarprosent	57
6.8. Replikering	58
6.9. Om reliabilitet	58
6.10. Om validitet.....	59
6.11. Om konfidensialitet og anonymitet.	60
6.12. Kjeldekritikk.....	61
6.12.1. NIFU STEP	61
6.12.2. Bibsys og Bibsys Ask.....	62
6.13. Oppsummering.	62
Kap. 7.0. Statistisk analyse av resultat.	63
7.1. Generell oversikt over doktorgradar avlagt i 2007.....	63
7.2. Generell oversikt, med fokus på nynorsk.....	64
7.3. Handsaming av datamaterialet.	64
7.4. Gjennomgang av datamaterialet. Populasjonsvaliditet.	65
7.5. Resultat frå spørjeundersøkinga.	66
7.5.1. Kjønn.....	66
7.5.2. Fødselsår.....	66
7.5.3. Bustad no.....	66
7.5.4. Bustad ved grunnskulestart	67
7.5.5. Skriftspråk i skulekretsen	68
7.5.6. Foreldra sitt skriftspråk	69
7.5.7. Utdanningsnivået til foreldra.....	69
7.5.8. Årstal for avlagt doktorgrad/PhD-grad.....	69
7.5.9. Studiestad	69
7.5.10. Fakultet/fagområde.....	70
7.6. Skriftspråk i doktorgradsavhandlingar. Oversikt 1997-2007. Heile populasjonen.	71
7.6.1. Norsk som avhandlingsspråk i forhold til totalt tal avlagte doktorgradar.....	72
7.7. Oppsummering.	75
Kap. 8.0. Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skiving. Heile respondentgruppa.	76
8.1. Oversikt over val av skriftspråk/hovudmål oppover i utdanningsløpet	76
8.1.1. Grunnskule/tilsvarande.....	77
8.1.2. Ungdomsskule/tilsvarande	77
8.1.3. Vidaregåande/tilsvarande	77
8.1.4. Universitet/høgskulenivå.....	78
8.1.5. Doktorgrad/PhD-studiet	78
8.1.6. Skriftspråk i doktorgradsavhandlingar. 1997 og 2007.	78
8.1.7. Yrke.....	79
8.1.8. Skriftspråk/hovudmål uavhengig av samanhengen det blir nytta i.	80
8.2. Nynorsk i utdanningsløpet. Samla oversikt.....	80
8.3. Oppsummering. Alle respondentane.	81
Kap 9.0. Analyse med vekt på respondentar med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen. Nynorsk 48-gruppa.	82
9.1. Foreldra sitt utdanningsnivå.	83

9.2. Bustad/flytting	85
9.3. Fordeling på fagområde	87
9.4. Språkval i utdanningsløpet	88
9.5. Oppsummering	93
Kap 10. Grunngjeving for val av skriftspråk i avhandlinga	94
10.1. Dei som skriv på engelsk	95
10.2. Dei som skriv på bokmål	96
10.3. Dei som skriv på nynorsk	98
10.4. Oppsummering	98
Kap 11. Drøfting og oppsummering	99
11.1. Nynorsk i utdanningsløpet	100
11.2. Nynorsk i doktorgradsavhandlingar og akademisk skriving	101
11.3. Faktorar som styrkjer eller svekkjer bruk av nynorsk	105
11.4. Kort oppsummering	113
11.5. Forslag til vidare forskning	115
Etterord	116
Litteraturliste	117
Vedlegg	122

Kap. 1.0. Innleiing

Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving

”Viljen til språk – Vilje til forskning”

Siktemålet med denne masteravhandlinga er å få oversikt over *nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving*, og undertittelen spelar på tittelen til Ottar Grepstad si bok; *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie* frå 2006, og tittelen på Stortingsmelding 20. (2004-2005), *Vilje til forskning*. I *Viljen til språk* gir Grepstad ei oversikt over opphavet, utviklinga og bruken av det nynorske språket og den nynorske skriftkulturen. *Vilje til forskning*, legg sterk vekt på strategiar for auka internasjonisering av forskinga i Norge. Det er i skjeringspunktet mellom desse ulike innfallsvinklane at denne avhandlinga er blitt til. Før eg gjer greie for oppbygging av oppgåva og problemstilling vil eg gi ei historisk oversikt over det feltet eg studerer:

1.2. Historisk overblikk. Akademiske språk i Norge og utviklinga i tal doktorgradsavhandlingar frå 1817.

Doktorgradar skrivne på norsk har ei forholdsvis kort historie, og det er 100 år sidan det vart lov å bruke nynorsk, eller landsmål, i slike avhandlingar. Latin og dansk var lenge dei akademiske språka i Norge, og utdanning på dette nivået låg i mange hundreår til universitet i utlandet. Særleg var det universitetet i København, grunnlagt i 1479, som sto for dei institusjonelle føringane for Norge også når det gjaldt språk. Det. Kgl. Fredriks Universitet i Christiania vart grunnlagt i 1811. Den første doktordisputasen i Norge fann stad ved dette universitetet i 1817. Medisinaren Frederik Holst forsvarte da si avhandling på latin. I løpet av dei neste 50 åra vart det berre avlagt 4 nye doktorgradar i Norge. Universitetet institusjonaliserte dansk som akademisk språk. Den siste disputasen på latin vart halden i

1845, og den første doktoravhandlinga kom på dansk i 1847. Frå 1870-åra var det vanleg med ein eller nokre få nye disputasar pr. år. I 1883 spurte Ivar Mortensson-Egnund om å få avlegge teologisk embetseksamen på landsmål. Det fekk han ikkje, men han fekk lov til å snakke landsmål ved munnleg eksamen dette året. I 1889 vart Kristofer Marius Hægstad (1850-1927) professor i landsmål og landsmålets dialektar ved Universitetet i Kristiania, seinare nordisk språkvitskap. Fram til 1896 var likevel den høgare skulen ein latinskule, ein embetsmannsskule. Dette året vart Norge det første landet i den vestlege kulturkretsen som oppheva kravet om kunnskap i latin som inngangsbillett til universitetet. I 1901 vart den første embetseksamenen på landsmål levert, og kandidaten var nær ved å stryke. Lovfesta rett til å bruke landsmål for studentar kom så i 1908. I 1915 disputerte Knut Liestøl over den første doktoravhandlinga på landsmål (Grepstad 2006:196-197). Frå rundt 1920 vart det vanleg med meir enn 10 nye doktorgradar pr år. Først etter 1945 auka talet på doktorgradar til over 20 pr år. I løpet av 1950- og 60-åra var veksten stor, og med innføring av nye ordningar i 1970- og 80-åra vart auken enno større. På slutten av 1990-talet låg det årlege talet på doktorgrader på ca 700 pr år (Bruen Olsen 2000:13). Sidan då har vi fått ein formidabel vekst, og i 2007 er talet oppe i 1030 avhandlingar. Talet på doktorgradsavhandlingar skrivne på nynorsk har halde seg relativt stabilt på +/- 2% dei seinare åra.

1.3. Fagtradisjonar i ein samfunnsvitskapleg kontekst.

Denne studien er prega av tverrfaglegheit, og har islett av både sosiologiske, sociolingvistiske, antropologiske og kulturvitskaplege tenkjemåtar. Eg ser spesielt på skriftspråk i bruk, i ein sosial kontekst, i ein konkret kommunikasjons- og samhandlingssituasjon i samfunnet. Eg studerer ikkje kva språk er i lingvistisk forstand, og eg ser heller ikkje på interne forhold i det nynorske språket, slik t.d. tradisjonen frå Noam Chomsky tilseier. Sosiologi er vitskapen om samfunnet og relasjonane mellom menneska og gruppene som samfunnet består av. Her ser ein på samhengane, strukturane og prosessane i sosialt liv, og denne avhandlinga står nok

nærare dette utgangspunktet enn det rein lingvistiske. Studiet *Nynorsk skriftkultur* ved Høgskulen i Volda er eit breitt kulturstudium. Eg har valt å studere nynorsk i bruk i samfunnet, innanfor utdanning og academia spesielt, og med hovudfokus på doktorgradsavhandlingar. Mitt hovudsiktemål er, om mogleg, å få ny innsikt om samfunnet og dei sosiale systema og relasjonane her, ved å sjå på korleis stoda er for det nynorske skriftspråket innanfor dette avgrensa, men svært viktige feltet i samfunnet vårt.

Masteroppgåva kan altså plasserast i eit komplekst bilete av fagtradisjonar, og eit av spørsmåla eg søker svar på, er om og i kva grad dei som har hatt nynorsk som sitt skriftspråk frå grunnskulen av, har høve til å nytte dette språket gjennom heile utdanningsløpet, heilt opp til doktorgradsavhandlinga, og vidare i forskingsrelaterte yrke, dersom dei ønskjer det. Og motsett; i kva grad blir nynorsk brukt, dersom ein *kan* det? Oppgåva omhandlar såleis ikkje berre individuelle språkval i utdanningsløpet og i akademisk skriving. Eg går også gjennom kva strukturelle føringar og faktorar som er med og styrer det akademiske feltet på makronivå, og drøftar korleis dette verkar inn på vala på mikronivå, eller på gruppe- og individnivå. Eg drøftar også desse føringane og faktorane i høve til om dei ser ut til å styrkje eller svekkje bruken av nynorsk.

1.4. Problemstilling

Problemstillinga for denne avhandlinga har eg formulert slik:

I kva grad blir nynorsk brukt som skriftspråk oppover i utdanningsløpet, i doktorgradsavhandlingar og vidare i akademisk skriving i Norge i dag? Kva vilkår eller faktorar styrkje eller svekkje bruk av nynorsk i dette feltet og kva konsekvensar kan dette ha?

Mål for granskinga: Få fram ei oversikt over bruk av nynorsk oppover i utdanningsløpet, og på kva nivå eventuelle språkskifte skjer.

Få fram tal på kva skriftspråk som faktisk blir brukt i doktorgradsavhandlingar, for å kunne seie noko om utviklinga i talet på nynorske avhandlingar.

Ei av hovudtesene mine her er at språkskifte i størst grad skjer på vidaregåande nivå. Dette ønskjer eg å finne ut om stemmer. Eg ønskjer også å finne ut om det er sant at bruk nynorsk går ned i doktorgradsavhandlingar, og kor stor denne nedgangen eventuelt er.

Målet for det teoretiske rammeverket er å gi ei teoretisk tilnærming til kva som verkar inn på val av skriftspråk i doktorgradsavhandlingar og akademisk skriving på makro- og mikronivå.

1.5. Avgrensingar

Internasjonalisering av forskning og press frå engelsk på nasjonalspråk er felles for mange land verda over, ikkje berre i den vestlege kulturkretsen. Dei nordiske landa har i stor grad også ei felles utvikling på dette området, og Nordisk ministerråd kom i 2002 med rapporten *Engelska språket som hot och tillgång i Norden* (Höglin 2002). Eg har valt å sjå spesielt på bruk av nynorsk i det akademiske feltet. Nokre avgrensingar gir seg derfor sjølv. Det er ikkje truleg at nynorsk blir nytta i akademisk skriving i andre land enn Norge, heller ikkje i andre nordiske land i særleg grad. Men også innanfor Norge er academia eit stort felt, og eg har avgrensa undersøkingane til å gjelde dei fire største universiteta, Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Bergen (UiB), NTNU og Universitetet i Tromsø (UiT). Dette gjer eg fordi eg også er interessert i å finne ut om det er regionale forskjellar i val av språk i doktorgradsavhandlingar avlagt ved desse fire universiteta.

Eg har vidare valt å sjå spesielt på språkval i doktorgradsavhandlingar frå åra 1997 og 2007, og også den generelle utviklinga i dette tidsrommet. Eg vurderte også å ta med 1987 fordi eg i utgangspunktet ønskte ei oversikt med eit noko lengre tidsperspektiv, men det viste seg å vere vanskeleg å finne dei nødvendige opplysningane frå universiteta sine databasar så langt attover i tid, og arbeidet med å finne e-postadresser til kandidatar som har avlagt sin doktorgrad i 1987 i samband med utsending av spørjeskjemaet var heller ikkje enkelt. Eg har derfor valt å ha eit tiårsperspektiv i denne oppgåva.

Eg ser spesielt på val av skriftspråk i respondentane sine eigne skriftlege arbeid, altså ikkje i tale og heller ikkje i pensumlitteratur eller andre skriftlege kjelder.

1.6. Oppbygging av oppgåva

Kap 1.0. *Innhald*, viser innhald, problemstilling, avgrensingar og oppbygging av avhandlinga.

I kap 2.0. *Teori*, presenterer eg den teoretiske bakgrunnen for arbeidet. Den teoretiske tilnærminga mi er inspirert av den franske sosiologen Pierre Bourdieu sine teoriar og studiar av sosiale felt. Eg nyttar også *idear om situasjonstvang og utilsikta konsekvensar*, frå spelteori i individualismen, og *strukturasteori* frå Anthony Giddens. I kap. 3.0. *Bakgrunn* og perspektiv, ser eg kort på opphav og utvikling av det nynorske språksamfunnet, på hovudpunkt i språkdebatten i høgare utdanning og forskning og på tidlegare forskning på området, før eg ser på språk i ulike perspektiv. I kap 4.0. *Metode*, drøftar eg kvalitative og kvantitative data, forskaren sin rolle, før eg gjer greie for val av metode og for undersøkinga mi. I kap 5.0. *Sentrale dokument og handlingsplanar*, går eg gjennom utvalte dokument og regelverk som gir føringar i det akademiske feltet. I del 6.0. *Undersøking*, gjer eg greie for korleis eg har samla inn, handsama og teke i bruk det empiriske materialet. I kap 7.0.

Statistisk analyse av resultat, gjer eg greie for og presenterer generelle funn frå

spørjeundersøkinga ved hjelp av tabellar og diagram. I kap 8.0. *Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving*, presenterer eg funn frå undersøkinga med fokus på bruk av nynorsk for alle respondentane. I kap 9.0. *Nynorsk 48-gruppa*. Statistisk analyse med fokus på ”nynorskingar”. I kap 10. *Val av skriftspråk* i avhandlingane, ser eg på respondentane sine egne grunngjevingar for val av skriftspråk i avhandlingane. I kap 11. *Drøfting og oppsummering*, ser eg funn frå den statistiske analysen og oversikta over dokument i samanheng med teori og perspektiv, og trekkjer saman trådane i ei oppsummering ut frå problemstillinga. Eg kjem også med forslag til vidare forskning på området.

Eg har valt å legge tilvisingar til internetstader som fotnote for å unngå lange lenker midt inne i teksten.

Kap. 2.0. Teori

I denne delen vil eg gjere greie for det teoretiske bakgrunnstoffet eg nyttar. Først gir eg ei kort og generell oversikt over samfunnsvitenskapleg teori og metodiske særtrekk. Deretter gjer eg greie for *strukturasteorien* til Anthony Giddens og ser på *idear om situasjonstvang* og *utilsikta konsekvensar*, før eg presenterer grunntrekk ved *kritisk samfunnsanalyse* og sentrale termar frå Pierre Bourdieu sine teoriar.

2.1. Samfunnsvitenskapleg teori. Kort innføring.

Dette er ei undersøking som gjer bruk av samfunnsvitenskaplege metodar. Samfunnsfag har som utgangspunkt at individ blir forma av samfunnet og kulturen, og at samfunnet på si side er konstituert av individ. Det finst ulike samfunnsvitenskaplege teoritradisjonar som medfører

ulike metodologiske særtrekk. Dei ulike teoritradisjonane er grovt sett delt inn i *rasjonelle valteoriar*, *forståande teoriar*, *strukturalistiske teoriar*, *funksjonalistiske teoriar* eller *konfliktteoriar* (Grønmo 2004:47). Dei to første teoritradisjonane omfattar mikroorienterte teoriar og legg størst vekt på individnivået. Her ser ein samfunnsforholda som eit samla resultat av dei enkelte aktørane sine individuelle handlingar. Metodiske studiar tilknytt desse teoriane kan vere kvalitative med vekt på deltakande observasjon, bygge på *metodologisk individualisme*, eller ofte ha eksperimentelle opplegg. Dei tre siste omfattar makroorienterte teoriar, og kan t.d. bygge på *metodologisk kollektivism*. Her blir enkeltelement eller individ forstått ut frå den samla strukturen dei er ein del av, og ut frå den posisjonen dei har i forhold til andre element. Her er historiske og komparative metodiske studiar viktige, og både kvantitative og kvalitative metodologiske tilnærmingar blir nytta.

Det er gjort forsøk på å utvikle teoriar som overskrid motsetningsforhold mellom mikroorienterte og makroorienterte teoriar. Dette er teoriar som legg vekt på den gjensidige avhengigheita mellom mikronivå og makronivå, og mellom aktørar og strukturar i samfunnet. Eit eksempel på dette er *metodologisk reduksjonisme*, som særleg blir forbunde med Pierre Bourdieu (Grønmo 2004:31). Her blir det lagt vekt på relasjonane *mellom* aktørar og strukturar. Dette prøvar eg å få til ved å sjå både på makronivået; dei strukturelle føringane som verkar i feltet og studere dette ved hjelp av ulike teoretiske tilnærmingar, og ved å sjå på mikronivået ved å studere respondentane sine individuelle val av skriftspråk gjennom spørjeundersøkinga. Eit anna eksempel på ein teori som gjer forsøk på å bygge bru over struktur-aktørskiljet er *strukturasjonsteorien* som Anthony Giddens har lansert, og eg vil også hente inspirasjon også frå denne teorien.

2.2. Strukturasjonsteorien

Hovudpoenget i struktureringsteorien til Giddens er at struktur i sosiale praksisar eller handlingsformer både er eit middel til og eit resultat av den praksisen som sosiale system utgjer (Martinussen 2002:227). Han kallar dette strukturen sin dualitet. Menneska både skaper og reproduserer handlingsformer og strukturar. I neste omgang blir handlingar føringar på og sporingar til nye handlingar. Sakte endrar dette dei sosiale strukturane og praksisane. Han skil mellom tre nivå av medvit om eigne handlingar; det *diskursive* nivået, det *praktiske* nivået og det *ubeviste* nivået. Det diskursive nivået er der vi kan forklare kva vi gjer ved å forhalde oss refleksivt til våre handlingar. Dei fleste av våre handlingar og samhandlingar er likevel på det praktiske nivået. Handlingar kan vere både medvitne og intensjonale, og dei kan ha utilsikta konsekvensar. Mange av vala våre kan implisitt medføre reproduksjon av sosiale strukturar utan at vi tenkjer over det. Giddens ser på verdiar, normer og sanksjonsmåtar som noko som ligg i den handlande sitt medvit, og dette blir bekrefta gjennom dagleg sosial praksis, samtidig som denne praksisen er med og reproduserer dei sosiale strukturane. Dette kan vere nyttig å sjå i samanheng med språkval i det akademiske feltet.

Eg ønskjer som nemnt å drøfte språkval ut frå både makro- og mikroperspektiv. Ei bestemt studie kan også legge vekt på fleire ulike teoretiske perspektiv, og kombinere teoretiske perspektiv frå dei ulike teoritradisjonane, eit såkalla teorimangfald. Ut frå teoretiske synsvinklar frå individualismen kan ein studere individuelle handlingar og tenkje seg at dei summerer seg opp eller blir aggregert til sosiale mønster på makronivået. I den mest reindyrka utgåva av dette teoriperspektivet tek ein i *spelteorien* utgangspunkt i ei førestelling om at menneska handlar rasjonelt og strategisk. Drivkrafta i dette er hovudsakleg *eigennytte*, at ein prøvar å maksimere goder for seg sjølv. Ein føresteller seg at handling og samhandling blir til mønster, og Martinussen presenterer fire hovudidear om korleis dette skjer:

1. Ideen om *utilsiktede konsekvenser*: at valghandlinger har uforutsette sosiale reslutater.
2. Ideen om *situasjonstvang*: hvordan det kan ligge en tvang i bestemte sosiale situasjoner som gjør at mennesker velger å handle på bestemte måter og ikke andre.
3. Ideen om *rasjonell utvikling og gjendanning av institusjoner*, ved at mennesker gjentar beslutninger og handlingar når de kommer i situasjoner de gjenkjenner.
4. Ideen om *organisert samarbeid*.

(Martinussen 2002:156f).

Alle disse ideane er aktuelle i denne samanheng, men det er særleg idè nr 1 og 2 om utilsikta konsekvensar og situasjonstvang eg vil drøfte i forhold til individuelle val av språk i doktorgradsavhandlingar.

2.3. Kritisk samfunnsanalyse Teori og termar frå Pierre Bourdieu.

Denne studien av nynorsk i utdanning og akademisk skriving er hovudsakleg inspirert av den franske sosiologen og poststrukturalisten Pierre Bourdieu sine metodar for kritisk samfunnsanalyse slik han har presentert denne i "*Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*" frå 1979, norsk oversetting frå 1995 og 2002, og "*Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*" frå 1991, norsk utgåve frå 1993. Eg har valt denne tilnærminga fordi eg finn hans teoriar og termar om språk og makt, symbolsk, kulturell og lingvistisk kapital og marknad, nyttige i mi utforsking av akademia som eit sosialt felt. Bourdieu held fram at det er tette og gjensidige samanhengar mellom samfunnet sine ideologiar og maktrelasjonar på den eine sida, og språklege og lingvistiske verkemiddel på den andre. I følge Bourdieu er det nokre steg som byggjer på kvarandre når ein skal utføre ein analyse av eit felt. Ein kan gjennomføre studiar av eit felt ved hjelp av tre nødvendige og samanbundne element. 1) For det første bør ein analysere kva for posisjon feltet har i høve til

maktfeltet. 2) For det andre bør ein etablere ein objektiv struktur av relasjonar mellom posisjonar som er inntekne av agentar eller institusjonar som konkurrerer med kvarandre innanfor feltet. 3) For det tredje bør ein analysere habitus hos agentane, dei ulike systema av disposisjonar som dei har skaffa seg gjennom inderleggjing av ein fastlagt type sosiale og økonomiske vilkår, og som ein i eit avgrensa livsløp innanfor det vurderte feltet finn meir eller mindre gunstige høve til å setje seg gjennom ved hjelp av (Bourdieu 1993:9).

Om sosiologiske studiar seier Bourdieu at:

Vi har på eit kvart tidspunkt i eit kvart samfunn å gjere med ein heilskap av sosiale posisjonar som blir sameinte gjennom eit homologi-forhold til ein heilskap av verksemder (...) og av goder (...), og desse verksemdene eller goda har også sine kjenneteikn i forhold til kvarandre. Denne formelen (...) uttrykker den første betingelsen for ei adekvat lesing av analysen av forholdet mellom *sosiale posisjonar* (eit relasjonelt omgrep), *disposisjonar* (eller *habitus*) og *standpunkt*, altså dei "vala" dei sosiale aktørane føretek på alle ulike praksisområde (Bourdieu.1995:33).

Bourdieu sine grunntermer er *agent*, *habitus*, *felt*, *symbolsk kapital*, *doxa*, og *symbolsk makt*. *Agent* kjem av latin agens, presens partisipp av å agere, å handle. Ein agent er derfor ein som handlar. Det er verken tale om ei rolle eller om eit fristilt subjekt som står overfor objekta i sine omgivnader, men om eit menneske som er del av praksissamanhengar og som har ei historie som gjer mennesket disponert for å te seg og å handle på visse måtar innanfor desse gitte samanhengane. I følgje Bourdieu er det ikkje rollar, men posisjonar menneske er tildelte eller skaffar seg, og for at eit menneske skal komme til ein posisjon eller halde på posisjonen, er det visse ureflekterte og ikkje klart medvitne disposisjonar (legningar, tilbøyelegheiter) som gjer seg gjeldande og legg føringar på kva som kan bli mogleg. I Bourdieu sin måte å forstå det sosiale samspelet på, ligg det ei oppfatning av at vi som sosiale agentar også alltid

representerer nokon andre enn berre det sjølvvet kvar og ein av oss trur vi er og kjenner; vi står for andre interesser enn dei vi er klart medvitne om, gjennom den historia vi ber med oss i kropp og sinn, historia om alle dei sosiale relasjonane vi har gjennomlevd frå fødselen av - og som vi har med oss frå tida før fødselen, gjennom opphavet vårt (Kvalsвик 1993:12).

Ei systematisering av disposisjonar som kvar enkelt ber i seg, både i form av kroppslege reaksjonsmønster og tankemessige vanar eller kjenslemessige innstillingar, kallar Bourdieu *habitus*, og dette er med på å avgjere korleis menneske handlar, tenkjer, oppfatar omgivnadane og vurderer innanfor gitte sosiale samanhengar (Kvalsвик1993:20). Habitus fungerer som eit kroppsleggjort *program* som er innretta på å overvake og meistre ein bestemt type miljø, og inneber at vi har ei evne til kreativ og strategisk handling innanfor dette miljøet. Habitus er altså måten kroppen tilpassar seg sitt miljø på. Vår habitus er eit produkt av kroppsleg internalisering av dei sosiale og materielle tilhøva vi har vakse opp under, og den disponerer oss til å oppfatte og vurdere desse sosiale og økonomiske forholda som gitte, naturlege, normale og akseptable. Dette på eit svært fundamentalt plan, forut for nivået for tenking og refleksjon (Aakvaag2006:32). Habitus er ikkje gitt ein gong for alle, den kan endrast undervegs i livet.

Feltet er eit autonomt mikrokosmos på innsida av eit sosialt makrokosmos. Det er eit sett relasjonar; gjensidig definerte posisjonar som blir haldne saman av ein *illusio*, ei tru på dei verdiane som definerer feltet og gir meining til dei aktivitetane som går for seg her. Feltet utgjer eit fortolkingsfellesskap, knytt saman av dominans. Ulike felt fremmar og føretrekker ulik habitus (Jakobsen. 2002:XIII).

Symbolisk kapital er eitt av dei mest sentrale omgrepa hos Bourdieu, og han omtalar kapital som *sosial- fysisk energi* som akkumulerer den potensielle kapasiteten som agentane har med seg inn i relasjonar. Han viser til tre fundamentale former for kapital; økonomisk kapital, kulturell kapital og sosial kapital (Bourdieu og Wacquant 1993:104). Kulturell kapital er den utdanninga og danninga agentane har, og den evna dei har til å forhalde seg til ulike sosiale situasjonar eller kulturelle objekt. Kva som *blir* kulturell kapital i eit sosialt rom eller felt, blir bestemt ut frå kva kulturell kompetanse som blir verdsett der. Språk kan sjåast som del av den kulturelle kapitalen.

Doxa har same språklege rot og opphav som *ortodoksi*. Det er dei verdiar, normer, oppfatningar av verkelegheita og vurderingar som ikkje er oppe til debatt i eit kollektiv eller innanfor eit felt. For å seie det med Bourdieu; Det er eit særeige synspunkt som gjeld innanfor feltet, det er dei dominerande sitt synspunkt, som trer fram som og tvingar seg på som eit universelt synspunkt; det er synspunktet til dei som herskar i kraft av å herske over staten, og som har konstituert sitt synspunkt som det universelle synspunkt gjennom å utforme staten.

Symbolisk makt definerer Bourdieu som evna til å få gjennomslag for definisjonar av verkelegheita som er i tråd med egne interesser. Dei dominerande (kapitalsterke) gruppene si makt til å definere og klassifisere verkelegheita på ein slik måte at makta og ressursane deira står fram som noko anna enn makt og ressursar. ”Symbolisk makt (...) er en omdannet, forvandlet, det vil si ikke-gjenkjennbar, og legitimert form av andre maktformer (Bourdieu.1996:45). Om dette seier Gunnar Aakvaag i artikkelen *Når teori og praksis skiller lag*, i *Agora* 1-2/2006, at i denne ”ikke-gjenkjennbare, tilsørte og legitimerede form framstår makt og ressurser i stedet som fordelaktige personlige egenskaper, som for eksempel dyktighet, flid, autoritet, sjarm, karisma, prestisje, natur, gener osv.” Symbolisk makt

mystifiserer på denne måten vilkårlig ulikheit og dominans gjennom å tilsløre den objektive sanninga om sosiale relasjonar og måten institusjonar verkar på, nemleg at dei er grunnleggande urettferdige og bygd på vilkårlig herredømme og hierarki. Han seier vidare at all slik mystifikasjon verkar til *naturalisering* av samfunnslivet. ”Naturalisering innebærer at vilkårlig ulikhet og dominans omfortolkes og reklassifiseres som normal, selvfølgelig, gitt, uforanderlig og naturlig – altså utenfor området for hva som kan og skal problematiseres og endres” (Aakvaag.2006:324).

Kvifor verkar denne symbolske makta så effektivt? I følge Bourdieu fordi dei klassifiserings og fortolkningskjemaa den verkar gjennom er *kroppsliggjort*. Habitus disponerer oss til å oppfatte og vurdere økonomiske og sosiale forhold som gitte, naturlege, normale og akseptable, og dette skjer på eit svært fundamentalt plan forut for nivået for tenking og refleksjon.

Bourdieu seier det slik:

Den symbolske orden hviler på at en helhet av aktører påtvinges kognitive strukturer. Og en god del av disse strukturenes konsistens og motstandsdyktighet kan tilskrives den kjensgjerning at de er (eller i det minste framstår som) sammenhengende og systematiske, og at de er objektivt tilpasset den sosiale verdens objektive strukturer. Det er denne tause og umiddelbare overensstemmelsen (på alle måter det motsatte av en eksplisitt kontrakt) som legger grunnlaget for det doksiske underordningsforholdet som gjennom alle slags ubevisste bånd binder oss til den etablerte orden. Anerkjennelse av legitimitet er ikke, som Max Weber tror, en klar bevissthets frie handling. Anerkjennelsen er rotfestet i en umiddelbar overensstemmelse mellom de objektive og de kroppslige strukturene, som er blitt ubevisste (...) Det er denne prerefleksive overensstemmelsen som forklarer hvorfor det er så forbausende lett for de herskende å påtvinge sitt herredømme (Bourdieu.1996:70-71).

Han viser vidare til David Hume (1711-1776), som seier det slik:” Intet virker mer overraskende for de som betrakter menneskelige forhold med et filosofisk blikk, enn den letthet med hvilken de mange styres av de få, og den implisitte underordningen med hvilken mennesker overgir sine egne følelser og lidenskaper til fordel for de styrendes. Når vi undersøker de midlene dette underet gjennomføres med, kan vi finne at, ettersom styrken alltid er på de styrendes side, har de styrende intet annet til å støtte dem enn mening (opinion). Derfor er det bare på mening (opinion) at et styre er grunnlagt, og denne maksime inkluderer både de mest despotiske og militarisererte styre, likesåvel som de mest frie og populære.”

Bourdieu seier også at det som i dag trer fram som sjølvstøtt og utanfor området for bevisstheit og val, svært ofte har vore gjenstand for kamp, og har berre blitt innstifta gjennom konfrontasjonar mellom dominerte og dominerande. Den viktigaste verknaden av den historiske evolusjonen er å oppheve historia og sende attende til fortida, det vil seie ned i det ubevisste, dei alternativa som vart sett til sides (Bourdieu.1996:71-72).

I Norge er det, til stor forskjell frå Frankrike der Bourdieu levde, blitt bygd opp mektige motkulturelle rørsler som har sitt grunnlag i språk og skikkar på landsbygda. Her er det ikkje slik at den største byen nødvendigvis er den som har mest kulturell kapital. Her i landet er det lange tradisjonar for at regionale sentra som Bergen, Trondheim og Tromsø kommuniserer direkte med London og Paris, og hoppar bukk over Oslo (Jakobsen 2002:XLIX). Dette gir direkte tilgang til den spesifikke kulturelle kapitalen i den vestlege kultursfæra, kunnskaps- og kunstlivets autonome produksjonsfelt, og gjer at dei regionale sentra ofte har framstått som meir moderne enn hovudstaden. Dette kan truleg vere med å påverke den språklege utviklinga innanfor det akademiske feltet også. Sjølv om denne trenden har sitt opphav i motkulturelle rørsler med grunnlag i språk og skikkar på landsbygda i Norge, vil ei slik internasjonal

orientering også kunne føre til større trong for og auka bruk av eit internasjonalt språk i mange samanhengar.

2.4. Oppsummering.

Eg hentar først og fremst inspirasjon frå metodologisk reduksjonisme og Pierre Bourdieu i denne avhandlinga. Eg trekkjer også strukturasjonsteori i eit forsøk på å byggje bru over skiljet mellom mikro- og makronivået i drøftinga av korleis, om og på kva måte *agentane* skaper og reproduserer handlingsformer og strukturar i feltet. Eg ønskjer å drøfte korleis utanforliggande prosessar og årsaker er med på å påverke og styre den enkelte sitt val av språk. Eg trekker derfor inn ideane om *utilsikta konsekvensar* og om *situasjonstvang* i drøftinga.

Eg ser på dei som skriv doktorgradsavhandling som agentar med ein habitus som dei set i spel i dette feltet, og eg ser på skriftspråket som ein symbolsk kapital agentane har til rådvelde for å gjere seg gjeldande og oppnå status i det aktuelle sosiale feltet. *Agenten* er altså å forstå som den som handlar innanfor *eit felt*, som er berar av ein *habitus*, og som har eller opparbeider seg ein *symbolsk kapital* som har verdi innanfor dette feltet. I denne samanhengen blir agenten å forstå som forskaren innan det akademiske feltet, og språket han/ho vel å nytte i arbeidet sitt utgjer ein del av agenten sin kulturelle kapital, som han/ho i kraft av sin *illusio – interesse* har ein strategi for å sette i spel og investere inn i dette feltet. Om denne investeringa gir avkastning ved å gi status, blir eit spørsmål om kva val ein gjer i høve til *dominans* og *doxa* innan for feltet. I kva grad val av ”feil” språk i høve til *doxa* kan føre til ein *negativ symbolsk kapital* (Pedersen 2008:31) som kan tappe for sosial kraft og føre til redusert innflyting og

svekka høve til posisjonering, er eit høgst aktuelt spørsmål i ein studie i bruk av nynorsk i utdanning og akademisk skriving i dag.

Kap 3.0. Bakgrunn og perspektiv

I denne delen vil eg først gi ei kort og generell oversikt over opphav og utvikling av det nynorske språksamfunnet. Deretter skisserer eg nokre hovudpunkt i språkdebatten i høgare utdanning og forskning. Vidare viser eg til tidlegare forskning på området, før eg gir eit overblikk over ulike perspektiv på språk, som eg kjem til å ta med inn i drøftingane på slutten av avhandlinga.

3.1. Det nynorske språksamfunnet. Opphav og utvikling.

Nynorsk er eit ungt skriftspråk som har sitt opphav i demokrati- og folkereisingsarbeidet i Norge på 1800-talet. Ivar Aasen (1813 – 1896) følgde med i kulturdebatten i samtida og kan seiast å vere den som har lagt grunnlaget for det nye norske skriftspråket, i mellom anna *Om vort Skriftsprog* frå 1836. Dette skriftet er prega av nasjonalromantisk retorikk. Aasen skriv i innleiinga at ”Efterat vort Fædreneland atter er blevet (...) frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjændemærke.” (Almenningen 2002:66ff). I *Norsk litteraturhistorie, bind II*, skriv Jan Inge Sørbo at Monrad i si melding av *Ervingen* (1855) av Ivar Aasen, hevda at landsmålet ”tilhører væsentlig Idyllen” og derfor ikkje kan romma ”den høieste, modneste, mest afgjørende Handling”. Landsmålet kan ikkje bli kommunikasjonsmidlet for heile folket, for ”det er blevet liggende agterud for den høiere Dannelse, med hvilken Nationen nu indtager sin Plads i Nutidens Civilisation” (Sørbo 2007:264). Dette synet impliserer ein *diglossi*- eller høg/ lågspråks-tankegang. 12. Mai 1885 vedtok Stortinget det såkalla jamstillingsvedtaket, der det heiter at ”Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske

Folkesprog som Skole- og offisielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.” Grepstad seier i innleiinga til *Viljen til språk* at det av dette vedtaket følgjer at nynorsk i internasjonal rett ikkje er eit minoritetsspråk, men eit mindre brukt språk. Han seier vidare at nynorsk som kvardagsspråk er blitt sterkare regionalisert, særleg etter 1945, men at den nynorske skriftkulturen samstundes er blitt sterkare institusjonalisert nasjonalt. Det er i denne samanhengen verdt å minne om at retten til å skrive på landsmål på universitetsnivå som sagt vart lovfesta i 1908, altså for 100 år sidan (Grepstad 2006:286).

3.2. Hovudpunkt i språkdebatten i høgare utdanning og forskning.

Det har lenge gått føre seg ein språkdebatt innan det akademiske feltet, både internt i universiteta sine eigne diskusjonsforum, og også eksternt blant tilsette i sektoren, politikarar og språkinteresserte. Debatten dreiar seg ikkje *om* engelsk skal nyttast i høgare utdanning og forskning eller ikkje, men i kor stor grad og i kva samanhengar ein bør nytte engelsk og når ein bør eller kan nytte norsk. Det blir også diskutert kva konsekvensar det kan få dersom engelsk blir normalspråket i dette feltet, for forskarane sjølve, for studentane, for formidling og for det norske språket. Språkrådet er det organet som har argumentert sterkast mot å la engelsk få ein større plass, medan det frå politisk hald har vore signalisert ønskje om auka bruk av engelsk. Det blir på den eine sida uttrykt sterk bekymring for kva press frå engelsk vil føre til med tanke på utviklinga av norsk språk generelt, for norsk som fagspråk, for domenetap, og for ei elitistisk utvikling med språk, dvs engelsk, som maktfaktor. Fordelar og ulemper med å skrive på eit anna språk enn morsmålet er også eit av kjernespora i debatten. På den andre sida blir det argumentert for at forskning og publisering må skje på engelsk på grunn av globalisering og auka internasjonalisering, og forskarane sin tilgang og tilknytning til internasjonale publiseringskanalar og forskingsmiljø. Eit viktig tema her har vore diskusjonen om internasjonalisering kontra amerikanisering, eller anglifisering. Engelsk blir ofte sett på

som eit internasjonalt fellesspråk, eit *lingua franca*, men på den andre sida er det slett ikkje internasjonalt i den forstand at det er kulturnøytralt. Eit anna tema er kva den språklege fordelten dei som har engelsk som morsmål får i internasjonale forum, kan føre til. Det har også vore uttrykt bekymring, først og fremst frå Språkrådet, om at engelsk kan komme til å fortrenge norsk heilt og føre til domenetap, dersom forskarane vel å skrive på engelsk i stadig aukande grad. Dette viser noko av kompleksiteten i språkdebatten innan academia. Debatten held fram, men kan kanskje no seiast å vere omsett til noko meir konkret handling, ved at det er gjort utgreiingar som har ført til vedtak om språkpolitiske retningslinjer for fleire av dei største universiteta. Nokre av hovudmomenta i denne debatten vil eg komme attende til i pkt. 3.4.

3.3. Tidlegare forskning på området

Vera Schwach ved NIFU STEP har studert språk i akademisk skriving, utdanning og forskning i Norge, kvantitativt over lengre tid. I ”*Norsk vitenskap på engelsk? Presentasjon av en undersøkelse*” skriv ho mellom anna at ”Hvis man innskrenker studier av forskningens språk til den fagfelleverderte vitenskapelige publikasjonen og doktorgradsavhandlinger, ville konklusjonen vært at norsk har lidd et domenetap i vitenskapen.”

Ho har også gjort ein pilotstudie om bruk av engelsk ved fire lærestader i Norge, der spørsmålet er om engelsk og norsk konkurrerer, eller om det finn stad ei funksjonsdeling. Resultata frå denne studien ligg føre i *Norsk, engelsk og tospråklighet i høyere utdanning*. frå 2005. Rapporten *Norsk vitenskap – på språklig bortebane?* frå 2004 er utført på oppdrag frå Språkrådet, og tek sikte på å kartlegge og å gi eit generelt overblikk over faktisk språkbruk mellom forskarar med norsk som morsmål. Her kjem det fram at av 10 doktoravhandlingar vil 7 – 8 vere skrivne på engelsk, 2 – 3 på norsk. 8 av 10 vitenskaplege artikkelar vil vere skrivne på

engelsk, og 1 av 3 bøker skrivne av norske forskarar kjem ut på engelsk utanfor Norge (Schwach 2004:8). Bruk av nynorsk er ikkje eit tema i desse undersøkingane.

Det er det derimot i undersøkinga av språk på mastergradsnivå; *Bruk av engelsk i forskning og høgare utdanning, presentasjon av ei undersøking*, også utført ved NIFU STEP av Vera Schwach. Data som ligg til grunn for hennar undersøkinga er henta frå master/hovudfagsoppgåver levert i 1986, 1996 og 2006, og viser faktisk språkbruk, endringar over ein 20-årsperiode, forholdet mellom bokmål og nynorsk og bruk av andre skandinaviske språk og framandspråk. Denne undersøkinga var bestilt av Språkrådet og presentert på *Språkdagen* i regi av Språkrådet 15. nov 2007. Her går det fram at det er bokmål som taper terreng i forhold til engelsk i masteroppgåver, ikkje nynorsk. Bruk av nynorsk har halde seg relativt stabilt på ca 3 % dei siste 20 åra (Schwach 2007).

Det nye forretningsspråket – eller pynteengelsk? Språklig sosialisering blant mastergradsstudenter i økonomi. av Inger-Lise Schwab, bygger på ei undersøking ved eit privat økonomisk institutt (Schwab 2004). Schwab har følgd studentar ved det engelskspråklege masterprogrammet ”Business Administration”. Her går det fram at studentane ser på engelsk som det mest effektive fagspråket, og at dei ser det som eit middel for å bli tatt seriøst som fagpersonar. Bruk av engelsk representerer slik sett ein viktig symbolsk kapital for studentane, i tråd med Bourdieu sin terminologi

Eg har hovudsakleg valt ei kvantitativ tilnærming for innsamling av empirisk materiale i mi undersøking, og ei slik tilnærming tillet ikkje inngåande analyse av personlege motiv.

Ragnhild Ljosland har derimot gjort ein kvalitativ studie i si masteroppgåve ved NTNU frå 2003; *Engelsk som akademisk språk i Norge. En domenetapsstudie*. Her går det fram at åtte av

ti norske doktorgradsstipendiatar vel å skrive avhandlinga si på engelsk. Ljosland byggjer funna sine mellom anna på djupneintervju av informantar. Her kjem det fram at det er omsynet til eiga karriere som er drivkrafta i valet av engelsk som avhandlingsspråk. Det kjem også fram at av hennar fjorten informantar er det berre to som skriv på norsk, ein på nynorsk og ein på bokmål. Dei to som skriv på norsk er også dei to einaste av hennar informantar som ser på allmennheita i Norge som ønskt publikum for forskinga si, og som derfor ser det som viktig å skrive på norsk (Ljosland 2003).

Brit Mæhlum har også gjort inngående studiar av språkkontakt og språkkonflikt, og kva som skjer når språk møtest. Mykje av dette stoffet har ho samla i *Konfrontasjoner. Når språk møtes* (Mæhlum 2007). Ho har studert møte mellom minoritetsspråk og majoritetsspråk, dialektar og standardtalemål, nynorsk og bokmål og mellom nasjonale og globale språk, noko som er svært relevant i denne samanhengen.

I november 2003 vart det arrangert ein konferanse ved NTNU i regi av Språkrådet i samarbeid med Globaliseringsprogrammet ved Det historisk-filosofiske fakultet på NTNU. Konferansen hadde tittelen *Engelsk – elitenes ny latin eller uunnværlig redskap for fri kunnskapsutvikling*. Innlegg og bidrag frå konferansen er samla og ligg føre i boka *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin* (Simonsen Dag.F (red.) 2004). Drøftingane har tre perspektiv: 1) går vi no frå latin til norsk til engelsk? 2) vitskapsspråk, formidling og demokrati, 3) fagsamfunna internt, med fokus på fag, språk, makt, identitet og globalisering. Synspunkt frå svært ulike ståstader innanfor academia blir drøfta, og viser generelt to til dels motstridande aspekt for forskarar som agentar i det akademiske feltet. Dei gjer sine språkval i skjeringspunktet mellom karriereomsyn, omsynet til eigne utviklingsmuligheiter og innpass i forskarfellesskap på den eine sida, og det å drive opplysning og utvikling ved å delta i

demokratiske prosessar, altså samfunnsutvikling, på den andre sida. Ingen ønskjer at norsk språk skal gå ut av bruk i feltet, men dei fleste ser det også som nødvendig å bruke engelsk.

3.4. Perspektiv på språk

Vi kan ikkje tenkje oss menneskeheita utan språk, for det er språket vi tenkjer ved hjelp av. Språk kan sjåast ut frå, settast i samanheng med og bli drøfta ut frå ulike perspektiv. Slike perspektiv kan gå inn i og over i kvarandre, ved at det eine impliserer det andre. Her presenterer eg likevel nokre perspektiv det kan vere nyttig å sjå nærare på i samanheng med språkval.

3.4.1. Språklege funksjonar

Ei drøfting av språkval fordrar ei presisering av kva som er meint med omgrepet språk. Eg ser dei sosiale, kulturelle, symbolske funksjonane til språket ut frå sentrale funksjonar det har for medlemmane av eit språksamfunn. I drøftinga av perspektiv på endringar i bruk av norsk språk i møte med, eller under press frå engelsk, nyttar eg ei tredeling av språket sine funksjonar henta frå *Både i pose og sekk. Framlegg til språkpolitikk ved Universitetet i Bergen* (2007:13).

- A. Språk er eit kommunikasjonsmiddel, som hjelper til å formidle idéar innanfor og mellom ulike kulturar.
- B. Språk er nært knytt til tenkjeevna vår ved at ord og uttrykk er knaggar for assosiasjonar og konnotasjonar (dvs. ein kognitiv funksjon).
- C. Språk har symbolverdi, dvs. at det språklege uttrykket er assosiert til sosiale vurderingar, og det vert på godt og vondt brukt som uttrykk for å markere identitet og sosiale grenser.

Det viktige her er altså ikkje følgjene for språket i snever forstand, men dei følgjene slike endringar har for medlemmene av språksamfunnet. Slike endringar kan representere både farar og forbetringar kulturelt og intellektuelt sett.

3.4.2. Språk, motivasjon, identitet og individualitet

Identitet er knytt til sjølvforståing. Teoriar som gjer forsøk på å definere identitet kan grovt sett skiljast i to hovudkategoriar. På den eine sida har vi teoriar som definerer identitet som noko ein har berre ein av og som nærast er konstant. Dette synet på identitet kan ein kalle essensialistisk. På den andre sida kan ein sjå det slik at ein kan ha mange ulike identitetar og at dette er både medfødde eigenskapar og noko vi gradvis dannar eller konstruerer, og at identiteten er omskifteleg. Dette synet kan ein kalle konstruktivistisk.

Den engelske kulturteoretikaren Stuart Hall ser identitet og identifikasjon som *konstruksjon*, som ein aldri fullført prosess. Identifikasjonen er ikkje naturgitt, men har oppstått av bestemte historiske og ideologiske vilkår. Han legg til grunn eit anti-essensialistisk og dynamisk identitetsomgrep. Identiteten er altså ikkje "naturleg" eller gitt ein gong for alle, men er historisk, kulturelt og språkleg konstituert (Hjorthol 2004:62). Det er dette synet på identitet eg vil legge til grunn her.

Den russiske språkfilosofen og litteraturforskareren Mikhail Bakthin står for ein dialogisk kommunikasjons- og samtaleteori, i motsetning til den individualpsykologiske monologiske teorien, som for eksempel John Searle står for (Rommetveit 2008:104). Bakthin ser identitet som noko ein får gjennom å delta i kulturelle fellesskap. Sjølv om eit individ sin identitet openbert består både av meir faste og meir omskiftelege element, er eg primært mest oppteken av identitet som eit relasjonelt og dynamisk fenomen, det vil seie identitet som ein sosial konstruksjon og som noko vi stendig er i *forhandling* med omgivnadene våre om.

Bakthin har lansert omgrepa *språkleg pluralisme* og *polyfoni* i utforskinga av litterære sjangrar, språk og identitetar, og ser det slik at vi nyttar ulike røyster som kan spegle dei ulike identitetane vi har. Denne innfallsvinkelen vil eg nytte vidare i drøftinga av språkval i akademisk skriving.

Språk og identitet er nært knytt saman, og dette sambandet er universelt. Språk er viktig når vi blir sosialiserte inn i sosiale fellesskapar og er derfor ein viktig identitetsskapande faktor. Språkval kan vere bevisste val, men det treng ikkje å vere det. Som enkeltindivid eller *agentar*, tileignar vi oss den nødvendige *doxiske* kunnskapen om og kompetansen i kva som skal til for å delta som medlemmar i ulike sosiale og kulturelle fellesskap, eller felt. Slik utvidar og endrar den *symbolske kapitalen* vår seg. Språkbruk, eller meistring av bestemte diskursive strategiar er viktig som agentane sin "inngangsbillett" til det feltet ein ønskjer å delta i. Bruk og val av språk, f.eks engelsk, kan derfor vere eit signal om tilhøyrse eller eit ønske om tilhøyrse i ei bestemt sosiokulturell gruppering (Mæhlum 2006:42). Motivasjonen for dette kan vere *instrumentell* og/eller *integrativ*. Ved instrumentell motivasjon er det først og fremst nytteverdien som blir vektlagt, ofte med blick på det effektive og funksjonelle, noko som også kan gi materiell vinst. Integrativ motivasjon viser til ei orientering der ønsket om inkludering og identifisering med ein bestemt sosial fellesskap er det mest sentrale.

Eg ønskjer også å drøfte identitet i forhold til språk og vitskaplege sjangrar. Det finst ulike syn på i kor stor grad den personlege stemma skal få vere tilstades i fagtekstar innanfor den vitskaplege sjangeren. Ulike vitskapstradisjonar har ulike kriterium for dette.

Vitskapstradisjonane kan stillast opp i eit kontinuum der den anglosaksiske tradisjonen står på den eine sida og den kontinentale tradisjonen på den andre (Rienecker og Stray Jørgensen 2006:65ff). Er det ønskeleg og/eller mogleg å skjule personen, forskaren bak fagteksten? Er

nøytralitet mogleg? Spørsmåla om subjektivitet, språk og identitet er viktige også i fagskriving.

Dersom språk er ein viktig identitetsmarkør, kva seier dette om reduksjonen i bruk av norsk skriftspråk og auke i bruk av engelsk i forskning og akademisk skriving? Kan det vere slik at det blir opplevd som relativt uproblematisk å gå over til engelsk i fagskriving fordi det er eit uttalt krav at subjektiviteten og identiteten til den som produserer teksten likevel skal ”bort”, og at vi slik adopterer både den anglosaksiske fagtradisjonen, den anglosaksiske tenkjemåten og det engelske språket samtidig? Dette kan ein seie har trekk av det vi kan kalle *kulturell imperialisme*. I *Frihetens vilkår. Samtaler om verdier i det flerkulturelle samfunn* presenterer Christian Egge 14 intervju med framstående representantar for ulike kulturar verda over, deriblant Desmond Tutu. Han har også intervjuet Leroy Little Bear frå Blood-stammen, ei indianerstamme i Blackfootkulturen. Leroy Little Bear har vore professor ved Lethbridge-universitetet og leiar for Harvard University of Native American Program ved Harvard i USA. Han seier at ein i engelsk språk har ein dualistisk og binær tenkjemåte, noko som utelukkar heilheitleg tenking. Dette kjem eg attende til i drøftinga i kap 11.

3.4.3. Språk i eit lingua franca-perspektiv. Engelsk - det nye lingua franca?

Engelsk er det språket som i dag har fått ein posisjon som gjer at det blir brukt av ein stor del av befolkninga i verda til å dekkje kommunikativ trong som går ut over ein spesifikk nasjonal kontekst. Termane ”globalt språk” eller ”internasjonalt språk” blir brukt synonymt og har som sin primære funksjon å vere eit *lingua franca*, eit hjelpespråk som kan fungere som eit felles kommunikasjonsmiddel for individ eller grupper med ulik språkleg bakgrunn (Mæhlum 2007:157f). Sjølv om fleire andre språk, f.eks arabisk, spansk, fransk, russisk, kinesisk, hindi, swahili, også tener ein internasjonal funksjon i deler av verda, står likevel engelsk fram som det språket som har oppnådd ein ekstraordinær posisjon blant språk. Swan (her etter Mæhlum

2006) har gitt ein metaforisk illustrasjon på denne særskilte posisjonen. Han samanliknar den globale språksituasjonen med ein galakse. Dei minste språka i galaksen – dei perifere språka – er då å samanlikne med månar eller satelittar som svirrar rundt dei større planetspråka. Dei fleste nasjonalspråk i verda i dag vil innafor denne metaforikken kvalifisere til termen planetspråk, medan minoritetsspråk som f.eks sørsamisk må klassifiserast som eit satelittspråk. Innan galaksen finst det eit fåtal språk, omlag tolv, som har oppnådd ein supersentral posisjon, slik sola har i forhold til planetane sine. Heilt øvst i Swan sitt hierarki står engelsk som eit hypersentralt språk som evnar å fungere som bindeledd mellom brukarane av dei supersentrale språka:

In the present world, English is the language of global communication. It is so to speak at the centre of the twelve solar language systems, at the hub of the linguistic galaxy. English has not always held that position. On the contrary, it has now done so for only half a century or so and one day it may lose its hypercentral function again, but in the next decades it is only likely to reinforce its position even further (Swan, her etter Mæhlum 2007:158f).

Spørsmålet er kva krefter og mekanismar som fremmar engelsk. Presset frå engelsk er stort innan næringslivet og høgare utdanning og forskning, altså det akademiske feltet, og trongen for å kunne kommunisere internasjonalt er stor. Bruk av internasjonale språk er sjølvstøtt i samarbeidet over landegrensene, og det er heilt klart naudsynt at agentane i dette feltet er i stand til å utveksle innsikter og kunnskapar med kollegaer i andre land, og at denne faglege utvekslinga skjer gjennom språket. Ein annan fordel med eit *lingua franca*, er at ein får eit meir fleksibelt og globalt utdanningssystem som kan føre til større kulturutveksling og betre forståing mellom kulturar. Jens Haugan seier at i eit idealistisk, globalt perspektiv kan ein sjå dette som ei kulturutveksling og ei unik moglegheit til å gje alle menneske på jorda høve til å ta utdanning der dei måtte ønskje det. Eit globalt språk kan derfor verke til å fremme fred ved å fungere brubyggjande (Haugan 2004:79).

Fagleg vidareutvikling innan ulike fagfelt er og har vore, avhengig av internasjonalt samarbeid, slik også Stortingsmelding 20, *Vilje til forskning* legg opp til. Det problematiske i dette er, som metaforen til Swan viser, at det engelske språket har fått ein så hypersentral rolle i internasjonal kommunikasjon at det på sikt kan verke til å fjerne den språklege variasjonen både på nasjonalplan og internasjonalt, og dermed kan det språklege mangfaldet i verdskulturen bli kraftig redusert. Dette kan vere ein av dei *utilsikta konsekvensane* i den enkelte sitt individuelle språkval. Korleis dette vil verke inn på utviklinga for norsk og nynorsk skriftspråk i bruk i utdanning og akademisk skriving, vil framtida vise.

3.4.4. Språk i eit hegemoni-perspektiv. Kulturelle dominansforhold, makt og demokrati.

Ein føresetnad for samhandling og overtaling er at ein har eit felles språk. Språket er vårt viktigaste kommunikasjonsmiddel, og språket gir oss dei kategoriane og førestellingane vi tenker ved hjelp av. Innanfor ulike felt i samfunnslivet finst det ulike diskursar, omgrep, symbol og praksisar i interaksjonsprosessar. For nokon kan dette vere sjølvsgatt og desse har ofte eit overtak, medan andre kjenner seg framande og er underlegne i slike prosessar. Dette kan føre til ulikskap mellom menneske og grupper i evne og moglegheit til å påverke og overtale, ei evne som ofte heng saman med makt. Denne typen overtak kan kallast kulturell makt eller ulikskap i kulturell kompetanse. Med Bourdieu kan ein kalle det ulikskap i tilgang på kulturell kapital. I eit samfunn kan denne makta i større eller mindre grad gjennomsyre alle samfunnsforhold. I slike tilfelle kan ein snakke om eit kulturelt hegemoni. Å kjenne til språklege kategoriar og å kunne gi uttrykk for oppfatningar og meiningar vil derfor inkludere dei som har denne kompetansen og utelukke andre som ikkje har den. Språket regulerer tilgangen til dei ulike diskursane i samfunnet, også den offentlege samtalen. Med Bourdieu kan ein seie at dei inkluderte har den kulturelle kapitalen som er etterspurt innanfor den rådande kulturen, *doxa*. Dette gir modellmakt, som er kontroll over den språkbruken,

kunnskapsforrådet og forståinga av røyndommen som blir lagt til grunn i samhandlinga i eit sosialt system eller felt. (Martinussen 2001:240/324).

Men kampar om makt spelar seg ikkje berre ut i språket, det er også ein kamp *om* språket. Rolf Mikkjel Blakar har i *Språk er makt* (2005) samla forskingsresultat om den modellmakta som ligg i språkleg kunnskap og ulikskapar mellom dominerande og dominerte språk i samfunnet. Dette gjeld også innanfor utdanningssystemet, og han ser sendarane i ein kommunikasjonsprosess som aktivt skapande. Sendarane har språklege og formidlingsmessige verkemiddel som dei brukar til å forme budskap slik at det fremmar deira interesser. Han seier også at majoritetsspråk undertrykkjer minoritetsspråk, og at det å kunne nytte det språket som blir nytta av fleirtalet effektivt, gir sjølvtilit og eit psykologisk overtak vis-à-vis dei som nyttar minoritetsspråk og dialektar. Dette har tidlegare vore tilhøvet mellom samisk/norsk og nynorsk/bokmål i Norge, men det er no også blitt tilhøvet mellom norsk/engelsk i det akademiske feltet, slik det mellom anna blir vist til i *Makt og demokratiutredninga*, som eg kjem attende til under oversyn over politiske dokument og handlingsplanar i pkt 5.4. Blakar seier også at når språklege minoritetar (t.d. nynorsk) slåss for språket sitt, så slåss dei *minst* like mykje for å vinne respekt for sin veremåte, for sin kultur, ja, for sin identitet. Og dersom nokon lykkast i å stemple eit språk som mindreverdige, så har vedkomande samtidig sikra seg nakketak på denne kulturen og det folket som nyttar dette språket. Dette er eit maktmiddel dei fleste erobrarar opp gjennom historia har visst å nytte seg av (Blakar 2005).

Øyvind Østerud var med og utforma Makt- og demokratiutredninga. Han seier at norsk er i ferd med å bli eit underlegent språk i forhold til engelsk, og at dette har djuptgripande kulturelle konsekvensar for makt og demokrati. Østerud seier at det er gode grunnar til størst

mogleg perfektjon i engelsk som andrespråk også i Norge, og at det ikkje er her den største faren ligg. Den ligg i følge Østrud i det han kallar *lingvistisk imperialisme*. Dette inneber at bruk av engelsk trengjer vekk bruk av norsk på ei rekke sentrale samfunnsområde, at språkleg kompetanse dermed går tapt og at norsk ikkje blir utvikla som eit moderne kulturspråk i full breidde. Dei minoritetsspråklege kulturane blir utsett for *mental kolonisering* ved at bruk av minoritetsspråket, her altså norsk, blir sett på som stigmatiserande. Nedgangen i bruk av norsk er også tap av meining, nynaserikdom og kulturkodar, og det medfører større sosial ulikskap ved at det blir større ulikskap mellom dei som kan bruke og forstå engelsk rimeleg bra og dei som ikkje gjer det. Slik står gamle trekk ved standsforskjellane opp att, slik dei gjorde seg gjeldande då dei europeiske elitane tala latin eller seinare fransk, medan dei breiare lag av folket snakka sine nasjonale og lokale lågspråk (Østerud 2003:283f).

Mæhlum seier at engelsk styrkjer si stilling i kraft av forventningar og forhåpningar om generell sosial og økonomisk framgang (Mæhlum 2006:41). Det same viser Schwab si undersøking. Det engelske språket har i sterkare og meir utstrekt global grad utvikla seg til å framstå som både som eit *instrument* til og eit *symbol* på alt som blir knytt til framskritt og utvikling. Opp mot dette kan følgeleg andre språk, som f.eks eit nasjonalspråk som norsk, sjåast i samanheng med diametralt motsette verdiar og fungere som eit hinder i realiseringa av framskritt og utvikling, og signalisere noko bakstreversk, manglande framdrift, tradisjonisme, eller utidig nasjonalisme. Slik sett kan det å velje engelsk som skriftspråk i forskning og akademisk skriving framstå som ei moderne, framtidsretta, dynamisk handling med internasjonal orientering. Men forskarane har eit ansvar for at forskinga skal tilførast det samfunnet dei er ein del av, og innan mange fagområde skjer også mykje nytenking og utvikling av nye idear nettopp i kontakt med samfunnet rundt. Dette krev at ein nyttar norsk. Einsidig bruk av engelsk vil kunne hindre at ny kunnskap flyt attende til samfunnet, og

engelsk vil da kunne få same status og ha same elitistiske verknad som latin hadde på 1800-talet. I vår tid vil vi kunne få det Mæhlum kallar ein *utvida diglossi*-tilstand, eller eit høg/lågspråks-forhold mellom engelsk og norsk.

Det demokratiske perspektivet på forskning blir også omhandla av professor i geografi, Tor Halfdan Aase, i det han kallar *akademisk imperialisme* i ein kronikk i Dagbladet 09.05.06. Her viser han til eiga forskning i Nepal, og seier at dersom resultata blir publisert på engelsk i USA, vil det i følgje det nye FoU-regelverket gi stor økonomisk utteljing for universitetet han er tilsett ved i Norge, men at det da er tvilsamt at resultata blir tilgjengeleg for planleggarar, politikarar og lokalbefolkning i Nepal. Dette karakteriserer han som svært uheldige sider ved FoU-regelverket, mellom anna fordi listene over godkjente publikasjonskanalar i stor grad er dominert av anglo-amerikanske tidsskrift og forlag. Dette meiner han minner ikkje så lite om kolonimaktene sine plyndringar av fattige land sine arkeologiske skattar for hundre år sidan (Aase 2006:54). Den same problematikken kan også gjelde for forskning innanfor Norge, på norske tilhøve, dersom resultata berre blir publisert på engelsk og i internasjonale publiseringskanalar.

3.4.5. Språk i eit globaliseringsperspektiv

Anthony Giddens seier i *En løbsk verden. Hvordan globaliseringen forandrer vores tilværelse* at omgrepet globalisering har gått frå å vere eit ikkje-eksisterande uttrykk som knapt var i bruk på slutten av 1980-talet, verken i akademisk litteratur eller i daglegtale, til å vere eit uttrykk som no blir brukt overalt. Globalisering har i følgje Giddens noko å gjere med tesa om at vi alle no lever i ei og same verd. Ulike tenkarar tek diametralt motsette standpunkt i debatten om globalisering. *Skeptikarane* motstrir heile ideen fullstendig og kallar alt snakket om globalisering for nettopp – snakk, og ser det som ei myte. Dersom dette er ei myte kan staten fortsette å styre og nasjonalstaten og velferdsstaten forbli intakt. I motsetting til dette

argumenterer dei han kallar *radikalarane* for at globaliseringa er verkeleg og at konsekvensane av den kan merkast overalt. Dei meiner at nasjonalstatane sin æra er forbi, at dei er blitt ”fiksjonar”. Globaliseringa er både politisk, teknologisk og kulturell, så vel som økonomisk, og meir enn noko anna er den påverka av utviklinga av kommunikasjonssystem, f.eks ved hjelp av datateknologi, som ikkje er eldre enn frå 1960-talet. Giddens seier vidare at globalisering er ei kompleks rekkje av prosessar, som verkar på motstridande og motsetningsfylte måtar. Ein kan sjå globalisering som flytting av makt frå det lokale samfunn til den globale scene, noko som fører til svekka nasjonalstatar og domenetap for nasjonalspråka. Men den motsette effekten er også verksam og skaper eit nytt press for å få lokal sjølvråderett. Globalisering kan derfor ligge bak og føre til ny oppliving av lokale identitetar i ulike deler av verda. Kan globalisering og auka bruk av engelsk føre til ei vitalisering gjennom auka merksemd på ansvar for røkt og bruk av eigne språk, det vere seg nynorsk eller andre nasjonale skriftspråk? Om denne motsette effekten er verksam i Norge i dag er interessant å sjå på i denne samanhengen.

3.4.6. Språk i eit domenetapsperspektiv

Den stadig aukande bruken av engelsk i akademisk skriving gjer at interessa for og konsekvensane av problematikken rundt domenetap blir diskutert. Domene kan vere område av menneskeleg aktivitet som er knytt til særskilde roller, situasjonar eller tidspunkt, vi deler gjerne inn i offentleg kontra privat domene (Røyneland 2006). Brit Mæhlum (2006:39) definerer domenetap slik: ”Med domenetap menes en utvikling der et morsmål gradvis blir helt eller delvis erstattet av et annet språk -her engelsk- innenfor bestemte samfunnsområder; for eksempel innenfor høyere utdanning og forskning eller i næringslivet. Domenetap er slik sett et suksessivt *skifte* av språk innenfor et avgrenset samfunnsområde. Morsmålet blir valgt bort til fordel for engelsk, jf. termen ”domenefraskrivelse”.” Mæhlum knyter dette til eit *imperialisme*-perspektiv, og seier at dei kreftene som verkar her, er krefter som verkar til å

knyte bestemte *attributt* til engelsk. Dette handlar om mekanismar som fortel noko om kva fortieneste bruk av engelsk vil kunne føre til, sosialt, kulturelt, økonomisk, og framfor alt symbolsk.

Ser ein spørsmålet om domenetap for norsk språk til fordel for engelsk ut frå språket sine sentrale funksjonar i pkt. 3.4.1., side 23, kan for det første viktige fagområde misse evna til å kommunisere med store delar av det norske folket, slik at faget ikkje lenger får verke inn på utviklinga av viktige samfunnsområde. For det andre kan det redusere funksjonsevna til det norske språket, forstått i lys av språket sin kognitive funksjon, og for det tredje kan det føre til det Mæhlum omtalar som ein *utvida diglossi-tilstand* (Mæhlum 2006:38) der det eine språket sosialt sett står fram som høgspråk og det andre som lågspråk. I denne samanhengen oppstår diglossien mellom to ulike språk (engelsk/norsk) og ikkje mellom to variantar av same språk (nynorsk/bokmål). Språka blir då sosiale symbol som gir bruk av det eine språket forrang framfor det andre, og slik kan gi ulik kulturell kapital og status til den som brukar språket.

3.4.7. Språk i eit språkdødperspektiv

Faktorar som endrar den kulturen folk lever i kan vi kalle kulturell assimilering. Dette skjer ved at ein kultur blir påverka av ein meir dominerande kultur og dermed gradvis misser sine særtrekk fordi dei som lever i kulturen tek opp i seg nye måtar å vere på. I følgje David Chrystal (2000:78-79) går ei slik kulturell assimilering føre seg i tre hovudtrinn når det gjeld språk. Det første trinnet er prega av eit *påtrykk for å lære det dominerande språket*. Dette påtrykket kan komme ovanfrå i form av lover, forskrifter og pålegg frå styresmaktene, eller det kan komme nedanfrå i form av trendar og påverknad frå andre i gruppa. Trinn to er *tiltakande tospråklegheit*. Det nye språket tek over for det gamle, som er på vikande front. Det gamle språket har i starten ein sterk posisjon, men denne posisjonen blir gradvis svekt til fordel for det nye språket. Trinn tre er prega av at *den yngre generasjonen meistrar det nye*

språket betre enn det gamle. Etter kvart identifiserer dei unge seg meir med det nye språket enn med det gamle, og dei syns at det nye språket dekker behova deira i mykje større grad enn det gamle. Etter kvart knyter det seg ei form for skam til det gamle språket, og foreldre tek til å lære ungane sine det nye språket som morsmål. Dei meiner at dei vil ha større nytte av det nye språket vidare i livet.

Om det skal gjerast noko for å endre på den trenden som fører til språkskifte, må tiltaka settast inn på trinn to, når dei to språka enno lever i sameksistens. Haldningane til språkbrukarane spelar i følgje Crystal, ei avgjerande rolle for korleis det skal gå vidare. I beste fall kan dei to språka eksistere side ved side og utfylle kvarandre, ved at dei fyller forskjellige roller og ikkje konkurrerer med kvarandre. Dette kallar Crystal *healthy bilingualism*. Det dominerande språket er vendt utover og skaper ei forståingsbru til verda utanfor, *an intelligibility bridge*, medan det dominerte språket er vendt innover og gir uttrykk for identiteten til dei som brukar det. I denne situasjonen er det viktig at brukarane av minoritetsspråket har ei positiv haldning til språket sitt, at dei er stolte av det og likar å bruke det. Dersom dette er tilfelle kan trinn to i assimileringssprosessen vare lenge, medan prosessen vil gå raskare dersom dette ikkje er tilfelle. Bjørg Nesje Nybø drøftar språk i ein språkdødporsess i *Eit nynorsk "gaeltacht" på Vestlandet? Irsk og nynorsk i eit språkdødperspektiv*. Her seier ho at det er grenser for kor lenge eit språk kan eksistere på trinn to i assimileringssprosessen. Somme meiner at ein tospråkleg situasjon berre har ein utgang: Det dominerande språket vinn. Andre meiner at dette er ein ganske vanleg situasjon rundt omkring i verda, som ikkje treng å bety at det dominerte språket kjem til å forsvinne (Nybø 2007:116).

Det er også ein språkdødporsess Sylfest Lomheim har i tankane i eit debattinnlegg i *Dag og Tid* 2001/25, der han svarar Ola Jonsmoen på hans urolege tankar om norskens framtid i ei

engelskspråkleg verd. Lomheim ser det mellom anna slik ”at alle tendensar og trendar i dag berre peikar i ei retning: den bratte kurva nedover stansar ikkje før ho har nådd sitt logiske sluttunkt – eitt språk, som alle på jorda nyttar. Og like klart er det for meg at i dag er det ingen annan synleg kandidat til den posisjonen enn engelsk”. Denne utsegna provoserte mange og den er seinare blitt tilbakevist som direkte feil av fleire forskarar. Lomheim sa i det same innlegget at dersom Språkrådet hadde teke si oppgåve på alvor, ville det ha brukt sine evner på å diskutere overordna strategiar som kan forlenge livet til det norske språket. Det ser ut til at det har skjedd mykje innan det akademiske feltet sidan dette. Språkpolitikk er sett på dagsorden og strategiplanar utarbeidd ved dei fleste universiteta sidan denne spådommen vart lansert i 2001. Dette kjem eg attende til i kap. 5.0.

3.4.8. Språk og vitalisering

Før eg går inn på vitaliseringsprosessar, vil eg kort kommentere termene *vitalisering/revitalisering*. I doktorgradsavhandlinga si om vitalisering av samisk språk (Todal 2002:12f, her etter Johansen 2006) seier J. Todal at sjølv om termen *revitalisering* er den mest innarbeidd termen å bruke innanfor fagtradisjonen om styrking av minoritetsspråk, vel han likevel å konsekvent nytte *vitalisering*. Ein av grunnane til dette er at han meiner prefikset *re-* gir assosiasjonar til det å gjenskape noko som har vore, og at dette ikkje alltid er heldig. Vidare kan ein innvende at revitalisering ofte blir nytta i samanhengar der eit språk har så godt som forsvunne, og at revitalisering dreier seg om at eit språk ”kjem tilbake” i ny form og på nye område. Dette er ikkje relevant for nynorsk. Nynorsk *er* i bruk og det står forholdsvis sterkt både gjennom lovfesting og institusjonalisering (Nybø 2007:117). Det kan derfor vere nyttig å drøfte nynorsk i bruk som skriftspråk i eit *vitaliserings*-perspektiv, og eg vil her vise til Miquel Strubell¹ sitt *fyrverkerihjul* som ein modell for korleis språk kan vitaliserast.

¹ Strubell var direktør ved Institutt for katalansk sosiolingvistik i kulturdepartementet i Barcelona, og deltok i 1996 på den internasjonale Ivar Aasen-konferansen.

Strubell seier at sjølv om det finst ei rekkje autoritative bøker innanfor emnet språkpolitikk og planlegging (t.d. av Cooper, Eastman, og Fishman) saknar desse etter hans syn "eit fullnøyande heilskapsperspektiv på statusplanlegging". Han har derfor prøvd å utvikle ein enkel modell som han meiner kan gjere oss i stand til å analysere og samanlikne ulike former for språkplanleggingspolitikk og praksis. Strubell seier at den grunnleggjande premissen er at det finst eit funksjonelt tilhøve mellom meistring innanfor eit språk, den sosiale bruken av det, tilgang på og etterspurnad etter produkt og tenester på/gjennom språket, og motivering for å lære og bruke det, som igjen aukar meistring og gjev ein form for sirkelfunksjon. Sidan målet er at ein slik prosess skal drive seg sjølv og nå tilstrekkeleg fart til å halde fram med å rotere, har han valt *fyrverkerihjulet* som metafor for vitaliseringsprosessen (Strubell 1997:136f).




Fig. 22. Fyrverkerihjulet (Miquel Strubell 1997:137)

Tiltak for å vitalisere eit språk i følgje denne modellen, kan settast inn på alle trinn i Chrystal sin språkdødprosess, sjølv om det er lite truleg at ein slik prosess kan snuast i sluttfasen (Trosterud 2003:207). Språk i eit språkdød/domenetapsperspektiv og i eit (re)vitaliseringsperspektiv kan ein seie er to sider av same sak, men er prosessar med ”blikket” i motsette retningar. Domenetap og språkdød handlar om kvifor språk går ut av bruk på somme område eller døyr heilt ut som språk, medan (re)vitalisering handlar om kva som pregar prosessar der språk blir tekne i bruk i auka grad og haldne i hevd på sentrale område i samfunnet. Eg går ikkje grundig inn i desse prosessane her og skal heller ikkje analysere nynorsk i lys av dei, men har med dette vist nokre sentrale trekk som er verksame i desse prosessane, som eg nyttar i analysen av datamaterialet seinare i avhandlinga.

3.5. Oppsummering

Eg har i dette kapitlet gitt eit kort og generelt overblikk over det nynorske språksamfunnet sitt opphav og utvikling. Vidare har eg sett på sentrale tema i språkdebatten innanfor høgare utdanning og forskning. Eg har vist til tidlegare forskning på området, og eg har trekt fram nokre ulike perspektiv på språk som kan vere nyttige når ein skal drøfte norsk språk i bruk i det akademiske feltet, som for eksempel språket sine ulike funksjonar, språk, identitet og motivasjon, språk i eit globaliserings- eller lingua franca-perspektiv, og språk i eit hegemoni/demokrati-perspektiv. Eg har også vist trekk ved domenetap/språkdød og (re)vitalisering av språk.

Kap. 4.0. Metode

I del 4 vil eg først sjå nærare på kvalitativ og kvantitativ metode og drøfte dei i forhold til vitenskapsteoretiske tradisjonar. Eg gjer så greie for og grunngir metodevalet mitt. Tilslutt gjer eg greie for ei tredeling av det innsamla materialet.

4.1. Kvalitative data vs. kvantitative data.

Omgrepa kvalitativ og kvantitativ refererer i første rekkje til eigenskapar ved data som blir samla inn og analysert, og måten innsamlinga er gjort på. Kvantitative data blir uttrykt i form av tal og mengdetermar, medan data som ikkje blir uttrykt på denne måten, men heller ved hjelp av tekst, er kvalitative. I kvalitative metodar går ein i djupna på få tema, for eksempel ved hjelp av intervju. Ein har gjerne også få undersøkingseiningar og har vekt på respondentane sine eigne tankar og haldningar om eit tema, dokumentert gjennom sitat. Her kan ein gå meir ustrukturert og usystematisk til verks, og det meir særigne og spesielle kan bli undersøkt nærare. Ved hjelp av kvantitative metodar går ein meir i breidda og får oversikt over fleire tema eller undersøkingseiningar, ein nyttar gjerne spørjeundersøkingar og kan vise tendensar i ei generell utvikling dokumentert i prosentar og tal. Ved kvantitative metodar prøvar ein å gå systematisk og strukturert til verks i innsamlinga av empirisk materiale, ein kan teste hypoteser og teoriar, og prøve å finne det representative og gjennomsnittlege. Dette gir ikkje høve til å gå i djupna på same vis som ein kan i kvalitative undersøkingar.

Mitt utgangspunkt er at kvalitative og kvantitative innsamlingsmetodar og tilnærmingar står i eit komplementært forhold, ved at dei supplerer og utfyller kvarandre. Kvalitative data gir innsikt, medan kvantitative data gir oversikt, og vi treng forskning som gir oss begge deler.

4.2. Metodar og forskaren si rolle

Tilhengarar av desse to metodane har til dels stått i sterk konflikt med kvarandre. Med bakgrunn i positivismestriden frå 1960 og 70-talet som sette dei etiske problema med å nytte naturvitskaplege, objektiviserande forskingsmetodar i humanistisk og samfunnsvitskapleg forskning på dagsorden, har det etter kvart vorte meir vanleg å nytte *metodetriangulering*, der

ein kombinerer ulike data og metodar i ei og same undersøking. Det er også det eg gjer eit forsøk på her.

Hans Skjervheim tok opp denne vitenskapsteoretiske diskusjonen mellom anna i essayet *Deltakar og tilskodar* frå 1957 (Skjervheim 2005), og han drøftar her skilnaden på naturvitenskap og åndsvitenskap, og det er graden av objektivisering han i hovudsak drøftar. Ved objektivisering misser ein subjektet si sjølvfortolkning og ser vekk frå forskaren sin eigen verknad på eller deltaking i det han forskar på. Dette var eg også inne på i pkt. 3.4.1. Språk og identitet i akademisk skriving, og ulike forskingstradisjonar. Skjervheim meiner forskaren sjølv er deltakar og at det ikkje er mogleg å ha ein objektiv tilskodarrolle i naturvitenskapleg forstand. Det som uroar Skjervheim er knytt til den implisitte elitistiske tankegangen. Positivismen inneber at vitenskapsmannen er heva over det han studerer. Den positivistisk innstilte vitenskapsmannen studerer sitt eige samfunn som om han ikkje var med i det sjølv. Dette opnar for ein allianse mellom ein politisk og ein vitenskapleg elite som stiller seg utanfor og over den massen som skal styrast. Dette er for Skjervheim både eit etisk, eit erkjenningssteoretisk og eit politisk problem: Etisk bryt det med symmetriprinsippet, at alle skal behandlast likt, erkjenningssteoretisk er det feil fordi det overser subjektet si rolle, og politisk er det farleg, fordi det opnar for ein styringselite. I ein slik samanheng er Skjervheims poeng heilt grunnleggande demokratisk: alle skal ha rett til å ta del i dei politiske prosessane. Sjølv om fagfolk har ein spesialkunnskap som få deler, skal dei ikkje bruke den elitistisk. Dei skal dele kunnskapen med flest mogleg, for på den måten å tene den felles debatten. Skjervheim kjenner det som ei plikt å delta i eit ope og tilgjengeleg ordskifte og spele spesialkunnskapane sine inn der (Sørbø 2002:125). Dette er høgst aktuelle synspunkt på forskaren si rolle, også i eit metaperspektiv. Dette gjeld forskinga i denne avhandlinga, og det

gjeld forskarane det her blir forska på, og det gjeld debatten om språk i utdanning og akademia generelt.

4.3. Val av metode

Eg har i innsamlinga av empirisk materiale i dette prosjektet vore mest interessert i å skaffe fram data som viser tal og oversikter over korleis tilhøva er for bruk av det nynorske skriftspråket innanfor det akademiske feltet. Eg ser altså på det som er målbart. Dette valet har eg gjort fordi eg ikkje har funne forskning som talfestar og ser på bruk av nynorsk som skriftspråk gjennom heile utdanningsløpet, og fordi eg ser slik informasjon som nyttig for å kunne skaffe seg oversikt over situasjonen i dag. Eg har samla inn data frå to hovudkjelder; frå *respondentar* og frå sentrale *dokument*. Eg har gjort ei *strukturert utspørjing* der respondentane har svara på eit spørjeskjema med faste spørsmål med hovudsakleg fastlagte svaralternativ. Data som er basert på spørjeundersøkinga er derfor i all hovudsak kvantitativ. Det er også nokre opne svarkategoriar som gir høve til å utdjupe valet av skriftspråk. Denne delen har derfor eit kvalitativt preg. Frå dokumenta nyttar eg *sitat* som eg meiner gir innblikk i argument, standpunkt, haldningar eller verdiar, som eg håpar kan kaste lys over problemstillinga. Denne delen er derfor også av ein meir kvalitativ art (Grønmo 1996:76f).

4.4. Undersøking

Undersøkinga er tredelt. Kap 5.0. utgjer første del av undersøking. Her har eg samla inn informasjon om og frå strategiske dokument og lovverk som styrer eller legg føringar på val av skriftspråk i det akademiske feltet. Kap 6.0, 7.0., 8.0. og 9.0. utgjer den andre delen av undersøkinga. Denne delen består av tal og statistikk som er basert på spørjeundersøkinga mi. Dette samanliknar eg undervegs med tal og statistikk innsamla frå eksisterande databasar og statistikkar, særleg frå NIFU STEP og Bibsys. Ved hjelp av spørjeskjemaet har eg også fått fram ei enkel oversikt over den skriftspråklege bakgrunnen til eit utval av desse kandidatane.

Spørjeskjemaet har fastlagte kategoriar og spørsmål for å få fram talbaserte opplysningar om kva språk informantane hadde som hovudmål i grunnskulen og vidare gi opplysningar om eigne val oppover i utdanningsløpet til den enkelte doktorgradsskribent. Som nemnt ovanfor har spørjeskjemaet også nokre spørsmål med opne svaralternativ, der respondentane kan grunngi og gjere greie for kvifor dei har valt som dei gjorde og komme med eigne refleksjonar rundt dette. Kap 10 utgjer den tredje delen av undersøkinga og er ikkje så omfattande som den kunne ha vore ved ei reint kvalitativ undersøking. Den gir likevel innblikk i korleis respondentane oppfattar situasjonen rundt sitt eige språkval. I kap. 11 drøftar eg funn frå undersøkinga sine tre deler i lys av teori og perspektiv.

Kap. 5.0. Sentrale dokument og handlingsplanar

Eg vil i det følgjande sjå på overordna politiske dokument og handlingsplanar som omhandlar språk frå det vi med Bourdieu kan kalle maktfeltet, og som gir språkpolitiske føringar inn i det akademiske feltet. Eg ser også på universiteta sine eigne forskrifter og nedskrivne reglar. Til saman utgjer dette er eit svært omfattande materiale, og eg kan sjølvsagt ikkje gå inn på det enkelte dokument i detalj her. Mitt siktemål er å gi ei oversikt over gjeldande dokument og sjå på sentrale punkt i desse dokumenta. Eg nyttar dette materialet i drøftinga i kap 11.

5.1. Stortingsmelding 20 (2004-2005). *Vilje til forskning*

I Stortingsmelding 20. (2004 -2005) *Vilje til forskning* er internasjonalisering av norsk forskning som nemnt i innleiinga ein hovudprioritet i Regjeringa sin forskingspolitikk (KUF 2005:11), og det er vigd eit eige kapittel til denne satsinga. Her heiter det mellom anna at forskinga innanfor dei fleste fagfelt er dominert av utanlandske fagmiljø som også gjerne er dei som sett forskingsagendaen, og at Regjeringa har som mål at Norge ikkje berre skal vere i stand til å "absorbere" kunnskap produsert av andre, men også i aukande grad bidra til

kunnskapsutviklinga på område der vi har spesielle føresetnadar. ”Denne utviklingen krever at norske forskingsmiljøer har god tilgang til internasjonale samarbeids- og konkurransesarenaer, og har en kvalitet som gjør dem til interessante samarbeidspartnere” (KUF 2005:47). Sjølv om St.melding 20 set internasjonalisering opp som hovudprioritet i forskingspolitikken, er auka satsing på opplæring i eit internasjonalt fag-, forskings- og publiseringsspråk verken eit prioritert område eller problematisert i det heile i denne meldinga, så vidt eg kan sjå.

5.2. Stortingsmelding 48 (2002- 2003). Kulturmeldinga

Denne Stortingsmeldinga inneheld eit eige kapittel om språk. Departementet slår her fast at norsk språk er eitt av 40 europeiske språk som ikkje er utsett for overhengande fare. Men det blir nemnt at norsk kan forsvinne på lengre sikt. Utfordringane vi står overfor i nær framtid, er sterkare påverknad frå engelsk, og det blir sagt at faren for at norsk kan ”verta erstatta av engelsk som bruks- og arbeidsspråk innanfor sektorar som er strategisk viktige i eit sterkt spesialisert samfunn.” (s 187/188).

Den største utfordringa er difor å hindra at norsk som det naturlege bruksspråket blant nordmenn etter kvart vert trengt til sides av engelsk innafor delar av samfunnslivet.

Kulturmeldinga kom nokre år før Forskingsmeldinga, og dette reiser spørsmål om kva som blir gjort for å hindre at norsk blir fortrent til fordel for engelsk i den delen av samfunnslivet som vi ser på her, det akademiske feltet.

5.3. Universitets- og Høgskolelova av 1995

Når vi ser på det overordna lovverket er det først svært interessant å sjå på det som er blitt fjerna. Universitets- og Høgskolelova hadde tidlegare ein paragraf der det gjekk klart fram at *undervisningsspråket til vanleg er norsk*. Ved ein revisjon i 1995 vart denne paragrafen fjerna.

I den nye lova av 2005 vart det ikkje ført inn att nokon tilsvarande paragraf. I ”Språknytt 1/2008 s 19, seier Tove Bull at ”Å fjerne denne paragrafen i 1995 var ei sterk symbolhandling; det gav tydelege signal om bestemte holdningar til norsk, og indirekte til engelsk. Å gjeninnføre den same paragrafen vil vere ei enda tydelegare symbolhandling. Kunnskapsdepartementet kan godt ta initiativ til at det blir gjort.” Fjerninga av denne paragrafen er som Tove Bull seier, eit klart signal om ei nedprioritering av norsk språk sin status i det akademiske feltet.

5.4. Makt og demokratiutredninga (NOU 2003)

Denne utgreiinga hadde som mandat å vurdere vilkåra i det norske folkestyret og endringar i desse. Det sentrale her er at språket er ein del av kulturen, og at det slik sett avspeglar og formidlar dominansforhold i samfunnet. Tre problemstillingar har stått sentralt i maktutredninga: 1. På kva måte blir individa sine muligheiter for medverknad i organisasjons- og samfunnslivet endra? 2. Korleis blir det politiske systemet og styringsorgana endra? 3. Og korleis blir samspelet mellom individuelle og institusjonelle faktorar endra? Makt-og demokratiutredninga ser språk som ein viktig demokratisk faktor for medverknad, her i ein av hovudkonklusjonane frå utredninga:

Det koloniale språkhierarki

Den norske språksituasjonen ligner i økende grad på situasjonen i tidlige koloniområder. Folkestyre og demokratisk diskusjon bygger på et felles språklig grunnlag. Det koloniale språkhierarkiet er en nøkkel til endringer i maktforhold både innad i Norge og i forholdet mellom det norske samfunnet og utlandet.

I en globalisert verden med sterk angloamerikansk dominans er norsk språk utsatt. Innen næringsliv, reklame, forskning og populærkultur er norsk i tilbakegang, mens den engelsken som overtar er et enklere språk med langt svakere kulturell og historisk resonansbunn enn i land der engelsk lenge har vært førstespråk.²

² http://www.sv.uio.no/mutr/aktuelt/aktuelt/maktutredningens_hovedkonklusjoner_kort.html

I norsk samanheng kan ein seie at bokmål har status som majoritetsspråk i høve til nynorsk, og at norsk dominerer over samisk. Men innan academia er dei same mekanismane i sving når det gjeld norsk språk generelt, og her er norsk i ferd med å få minoritetsspråket sin posisjon, medan engelsk er i ferd med å bli majoritetsspråket. Dette kan ein kalle kulturell dominans, noko som vidare kan føre til mental kolonisering, og vi finn tre parallellar som ein kan ein sette opp slik:

engelsk > norsk

norsk > samisk

bokmål > nynorsk

Konsekvensar for demokratiet er sjølvsagt eit viktig aspekt i Makt og demokratiutredninga;

Folkestyre og demokratisk diskusjon bygger på et felles språklig grunnlag. (...) I Norge som i mange andre land, har det nasjonale språket kommet under press. Det påvirkes og fortrenses av angloamerikansk, som er globaliseringens eget språk. Norsk er i ferd med å bli et underlegent språk. Dette har dyptgripende konsekvenser kulturelt sett, men også for makt og demokrati. (s 19)

Makt og demokratiutredninga har som hovudkonklusjon at demokratiet "forvitrar", og sett auken i bruk av engelsk i samanheng med at grupper i samfunnet får mindre tilgang til kunnskap og dermed kan bli sett utanfor som deltakarar i demokratiske prosessar.

5.5. Norsk i hundre. Språkrådet.

Språkrådet sitt strategidokument "Norsk i hundre!" kom også i 2005. I kapittel 7 *Høyere utdanning og forskning – elfenbenstårn eller fyrtårn* heiter det at "Universitets- og høyskolesektoren er et av de domenene der det ikke er noen selvfølge at norsk vil være i bruk i framtida ved siden av engelsk." Vidare står det at det:

I et språkpolitisk perspektiv har universitets- og høyskolesektoren vært viet mye oppmerksomhet de siste årene. Man så tidlig faren for at engelsk som internasjonalt fagspråk på nær sagt alle viktige områder kunne komme til å kvele de nasjonale fagspråkene, ikke bare i funksjonen som forskningsspråk, men også på undervisningssiden. Forskning og høyere undervisning blir derfor sett på

som et domene der faren for tap har vært og er reell. Denne uroen har ikke minket etter hvert som høyere undervisning er blitt mer og mer internasjonalisert (Norsk i hundre!. 2005:70).

Dette strategidokumentet er blitt kritisert for å ha ein del manglar og vere for lite offensivt. Det er da også i all hovudsak deskriptivt og ikkje analyserande. Likevel kan ein vel seie at dokumentet i utgangspunktet har peika på ein del viktige språkpolitiske kjernepunkt, og at det har sett i gang ein viktig diskusjon og eit viktig arbeid for å sikre eit meir systematisk og målretta arbeid for å ivareta norsk språk vidare i fleire samanhengar.

5.6. Framlegg til språkpolitikk. Universitets og Høgskolerådet

Universitets- og Høgskolerådet (UHR) kom i 2006 med eit framlegg til språkpolitikk for sektoren.³ Her står det under pkt 2. ”Overordna språkpolitiske retningslinjer” at språksituasjonen i sektoren i dag i stor grad er prega av diskusjonen om tilhøvet mellom nasjonalspråket norsk og det internasjonale språket engelsk. Universitets- og høgskolesektoren er viktige kulturinstitusjonar for Norge. Det blir framheva at dei derfor har eit særskilt ansvar for å ivareta norsk kultur, der norsk språk sjølvsagt er eit sentralt element, og at språkpolitikken i denne sektoren blir viktig for heile samfunnet. Sektoren har derfor eit viktig ansvar for at norsk fagspråk blir utvikla og nytta innanfor alle fagmiljø. Men, på den andre sida,- som del av eit internasjonalt vitskapssamfunn treng ein også å kommunisere på tvers av språklege grenser og ein treng derfor eit internasjonalt språk. Sektoren treng altså både eit nasjonalspråk og eit internasjonalt språk. Engelsk er det språket som blir framheva som *lingua franca*. Utforminga av ein språkpolitisk strategi for sektoren må derfor balanserast av omsyna til norsk som fagspråk og til engelsk som internasjonalt fagspråk. Eit sentralt og overordna prinsipp i retningslinjene frå UHR er derfor *parallellspråklegheit*. Det blir tilrådd at

³ http://www.uhr.no/documents/Framlegg_til_ein_spr_kpolitikk_for_UHsektoren_1.pdf

språkstrategiar som blir utforma av dei einiskilde institusjonane, bør vere retta mot å sikre dette prinsippet.

Språk i doktorgradsavhandlingar er omtala i eit eige avsnitt. Også her er fokuset todelt.

Språket i avhandlingane må på den eine sida sjåast i samanheng med utvikling av fagspråk.

Ny forskning fører til utvikling av ny teori, som igjen fører til utvikling av fagspråket, og det

blir sett som viktig at ny fagterminologi blir gjort tilgjengeleg samstundes på norsk og

engelsk. På den andre sida blir det sagt at språket i avhandlingane også må sjåast i samanheng

med at det er viktig å kommunisere med eit internasjonalt publikum, og at avhandlingar på

norsk derfor bør ha eit samandrag på eit internasjonalt språk, noko som i dei fleste tilfella vil

vere engelsk. For å ta omsyn til parallellspråklegheit blir det tilrådd at avhandlingar skrivne på

norsk skal ha eit samandrag på eit internasjonalt språk, tilsvarande 5-10 % av lengda på

avhandlinga og vice versa.

På bakgrunn av denne debatten og tilrådingane frå UHR, er det blitt utarbeidd språkpolitiske

retningslinjer ved universiteta, og det blir da interessant å sjå på korleis desse tilrådingane har

nedfelt seg i dei enkelte universiteta sin generelle språkpolitikk. Eg ser også på tilrådingar om

språk i Ph.D-avhandlingar, der eg har funne slike tilrådingar.

5.6.1. Universitetet i Tromsø

UiT vedtok i 2006 språkreglar som både skal ivareta internasjonaliseringa og ansvaret for

norsk som akademisk språk. Her blir det sagt at undervisningsspråket normalt skal vere norsk,

at samisk og norsk er likestilte språk ved UiT, og at engelsk eller andre språk kan nyttast når

det er fagleg føremålstenleg eller nødvendig. Studentar på høgare nivå skal kjenne til og

kunne bruke fagspråk på både norsk og på engelsk og/eller anna internasjonalt språk. Det blir vidare tilrådd at avdelingane og fagmiljøa bør ha språkstrategiar som sikrar parallellspråklegheit, og det vil seie norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk. Fagmiljøa blir oppfordra til å reflektere over demokrati, formidling og språkbruk⁴. Her ser vi at UiT har teke tilrådinga frå UHR til følge.

5.6.2. Universitetet i Oslo

UiO vedtok i 2006 den språkpolitiske strategiplana ”Snart *to* hundre”⁵ med undertittelen ”Universitetet i Oslo og språket i internasjonaliseringens tidsalder” Her går det fram at norsk er UiO sitt hovudspråk og at det bør forbli det. Vidare går det fram at;

Norsk er hovedspråk ved UiO, og universitetet har et ansvar for å ivareta og utvikle norsk som fagspråk.

Parallellspråklighet et sentralt prinsipp som innebærer at de ansatte og studentene stimuleres til å oppnå høy kompetanse i fremmedspråk samtidig som norsk sikres som hovedspråk.

I forskriftene for Ph.d-programmet ved UiO §10.1 *Krav til avhandlingen*, står det at fakultetet bestemmer kva språk som kan nyttast i avhandlinga⁶ I beskrivinga frå Humanistisk Fakultet, Ph.D-programmet, står det også at ”Det oppfordres til at doktorgradsavhandlingen skrives på engelsk eller på andre fremmedspråk som faller naturlig i forhold til avhandlingens forskningstradisjon.”^{7,8} Dette vart vedteke av Fakultetsstyret 20. juni 2007. Dette reiser sjølvstøtt spørsmål om det etter dette vedtaket frå 2007 er mogleg å skrive på norsk, enn seie nynorsk, i det heile ved HF ved UiO, om når det er formålstenleg å skrive på engelsk, og om det er dette som er å ivareta parallellspråklegheit.

⁴ <http://uit.no/getfile.php?PageId=1122&FileId=179>

⁵ http://www.uio.no/om_uio/innstillinger/06/sprakpolitikk/innstilling.pdf

⁶ http://www.uio.no/admhb/reglhb/forskning/drphilos/phdforskr_06.xml

⁷ <http://www.hf.uio.no/hf-aktuelt/2007/uke9/leder.html>

⁸ <http://www.hf.uio.no/forskning/forskerutdanning/program/programbeskrivelse.html>

5.6.3. Universitetet i Bergen

Universitetsstyret i Bergen vedtok i 2007 språkpolitiske retningslinjer for universitetet.

Grunngjevinga for at ein ønskjer ein eigen språkpolitikk ved universitetet er todelt; Styret fekk i 2005 ei orientering om språkpolitikk, der det vart understreka at tiltak var nødvendig for å styrke norsken si stilling i universitets- og høgskolesektoren, samt at utgreiingsarbeidet frå UHR nyleg var avslutta da UiB oppnemnte sitt utval. Vedtaket følgjer tilrådingar i innstillinga frå utvalget; ”*Både i pose og sekk. Framlegg til språkpolitikk for Universitetet i Bergen*” (s 23).⁹

Ved Universitetet i Bergen er undervisningsspråket, administrasjonsspråket og det daglege arbeidsspråket til vanleg norsk. Som eit internasjonalt forskingsuniversitet, legg universitetet vekt på at delar av verksemda skjer på engelsk eller andre internasjonale språk. For å ta i vare desse målsetjingane og ansvaret overfor det norske og det internasjonale samfunnet, har universitetet som mål å utvikle mest mogleg parallellspråkleg praksis. Det skal praktiserast godt språk både på norsk og på framandspråk

Her går det fram at ein i den språkpolitiske målsetjinga ved UiB også følgjer opp intensjonane frå UHR om parallellspråklegheit.

Ved alle desse tre institusjonane har det vore arbeidd aktivt med å ta grep om situasjonen og utforme ein eigen språkpolitikk, og dei har i stor grad teke til følge synspunkt og konklusjonar frå innstillinga til Universitets og Høgskolerådet (UHR) frå 2006.

5.6.4. NTNU

Ved NTNU er det ikkje utarbeidd språkpolitiske retningslinjer tilsvarande det som er gjort ved dei tre andre universiteta enno. Brit Mæhlum opplyser at det no er nedsett eit utval også her, og at dei skal starte arbeidet i løpet av april 2008. Plana er at arbeidet skal vere ferdig i løpet av hausten 2008.

⁹ http://www.uib.no/info/aktuelt/UiB_spraak_2007.pdf

I forskriftene for Ph.d-programmet¹⁰ står det at:

Avhandlingen skal fortrinnsvis være skrevet på engelsk eller norsk. Dersom kandidaten ønsker å benytte et annet språk enn disse, skal det være søkt om dette ved opptak, jf. § 5.2, tredje ledd.

Dette viser at avhandlingane ved NTNU kan skrivast på engelsk eller norsk, altså er det fullt mogleg å skrive på nynorsk også dersom ein ønskjer det. Tidlegare heitte det i standardforskriftene for språk i doktorgradsavhandlingar ved NTNU at:

Avhandlingen skal være skrevet på norsk, svensk, dansk, engelsk, tysk eller fransk. Dersom kandidaten ønsker å benytte et annet språk, skal det være søkt særskilt om tillatelse til dette ved opptak, jfr. §2.2,3. ledd.

Desse eksempla viser ei dreining og ei favorisering av engelsk til forskjell frå den meir mangfaldige internasjonale språkpraksisen som har vore gjeldande fram til desse endringane vart vedtekne i 2003.

5.7. FoU-regelverket

Språkpolitiske retningslinjer ved den enkelte institusjon er viktig for kva val det er mogleg å gjere for den enkelte forskar og doktorgradsskribent, men ei enno viktigare føring er kanskje regelverket for premiering av publikasjonar. Det vart i 2005 innført eit resultatbasert FoU-system for publisering av forskning og formidling, som gir større økonomisk gevinst for institusjonane når dei tilsette publiserer i internasjonale tidsskrift og skriv på engelsk, enn når det blir skriva på norsk for nordiske/norskspråklege tidsskrift.

I 2004 kom rapporten "Vekt på forskning - Nytt system for dokumentasjon av vitenskapelig publisering" (UHR). Den inneheldt forslag til eit system som gjer at høgskular og universitet får tildelt pengar for publisering. Dette er eit resultatbasert system. Det er tre typar vitenskaplege

¹⁰ <http://www.lovddata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20051207-1685.html>

publikasjonar som gir utteljing: Vitskaplege monografiar, fagfelleverderte artiklar i vitskaplege tidsskrift og artiklar i vitskaplege antologiar. Systemet vart tatt i bruk i 2005.

Ein viktig del av dette systemet er det såkalla autoritetsregisteret. Forlag og tidsskrift må vere godkjente som vitskaplege etter bestemte kriterium for at bøker og artiklar skal gje økonomisk utteljing. Både norske og utanlandske forlag og tidsskrift er med i autoritetsregisteret.

Ein skil mellom to nivå. Nivå 1 er det "normale". Tidsskrift og forlag som blir godkjende på nivå 2 gir større økonomisk utteljing enn nivå 1, og skal "oppfattes som de mest ledende i brede fagsammenhenger" og "utgir de mest betydelige publikasjonene fra ulike lands forskere" (s. 39 i "Vekt på forskning"). Sjølv om det er ulike publiseringsmønster for ulike fag, er det langt på veg slik at nivå 2-utgjevarar er "internasjonale" og at publiseringspråket ofte er engelsk. Eit særtilfelle her er Edda på nivå 2, som er rekna som skandinavisk, men der ein altså kan publisere på norsk.¹¹

Etter opplysningar frå FoU-kontoret ved HiVolda, verkar poengsystemet slik at ein vitskapleg monografi på nivå 1 gir 5 poeng. Ein fagfelleverdert artikkel på nivå 1 gir 1 poeng, medan ein slik artikkel gir 3 poeng på nivå 2. I 2007 gav 1 poeng ei utteljing på rundt 40 000 kr. Dersom ein tilsett skriv ein artikkel på nivå 2, dvs oftast i internasjonale tidsskrift på engelsk, vil det altså føre til at institusjonen får 120 000 kr. Den enkelte institusjon kan ha eigne interne poengsystem for omfordeling av midlane. Den personen som t.d. har skrive ein artikkel i Edda, vil ikkje få pengane direkte, men indirekte vil avdelinga/instituttet få pengar. Publisering i leiande tidsskrift i fagfeltet er meritterande for den enkelte. Dette vil sannsynlegvis påverke eller vere styrande for den enkelte sitt val av publiseringspråk. Det er

¹¹ <http://www.uhr.no/forskning/publiseringsutvalget/>

grunn til å tru at dette vil verke inn på val av språk i doktorgradsavhandlinga. Øving i eit fagspråk som kan gi moglegheiter for internasjonal publisering vil truleg vere å føretrekkje når ein skal skrive doktorgradsavhandling, fordi dette vil gi utteljing seinare i ei eventuell forskarkarriere ved at det gir fleire poeng, meir pengar og dermed større status, både for den enkelte og for institusjonen forskaren er tilknytt.

5.8. Oppsummering

Eg har i dette kapitlet sett på sentrale dokument, lovverk og handlingsplanar frå maktfeltet som gir føringar og verkar inn i det akademiske feltet. Eg har også sett på universiteta sine eigne strategiplanar når det gjeld språkpolitikk, på gjeldande interne lovverk og på endringar i desse dei siste åra.

Kap 6.0. Undersøking.

I innleiinga til *Språk i kunnskapssamfunnet. Engelsk – elitenes nye latin*, (Simonsen red.), samlinga av innlegg og kommentarar frå konferansen om dette temaet i regi av Språkrådet og NTNU i Trondheim i november 2003, stiller Ola Haugen mellom anna spørsmål om engelskdominansen vil påverke nynorsk på ein sterkare måte enn bokmål, og han etterlyser brei dokumentasjon og forskning for å få betre kunnskap om verknaden av engelskdominansen. Denne undersøkinga er eit forsøk på å skaffe fram slik dokumentasjon.

I denne delen presenterer eg statistikk og funn frå datamaterialet som vart samla inn gjennom spørjeundersøkinga. Eg gjer først greie for korleis eg har arbeidd med spørjeskjemaet, populasjonen og utvalet av respondentar. Deretter gjer eg greie for innsamling av e-postadresser, responsrate og svarprosent. Eg drøftar vidare tilhøve som gjeld replikering,

reliabilitet, validitet og konfidensialitet. Til slutt gjer eg greie for databasar eg har brukt og kjem med kjeldekritikk.

6.1. Spørjeundersøking og statistikk

Ut frå datamaterialet har eg laga statistikkar som viser utviklinga i bruk av nynorsk i doktorgradsavhandlingar for dei to aktuelle åra, men også for den tiårsperioden eg ser på. Eg ser spesielt på avhandlingar avlagt ved dei fire største universiteta i Norge, og eg har valt å sjå på dei fire største fordi eg ønskjer å sjå om det er regionale forskjellar eller forskjellar i strukturelle føringar og lovverk om kva språk det er vanleg, tilrådd eller lovpålagt å nytte i avhandlingar mellom desse universiteta.

Det har vist seg undervegs i dette arbeidet at universiteta sine lister over doktorgradsavhandlingar slik dei ligg tilgjengeleg på nettsidene, ikkje alltid er fullstendige og heilt oppdaterte. Eg vurderte derfor å søke opplysningar på anna vis og begynne arbeidet frå grunnen av igjen. Men etter ein gjennomgang av problema, også saman med rettleiar, kom eg til at eg måtte kunne bruke dei opplysningane universiteta har lagt ut slik dei er, utan at dette svekkjer validiteten eller går nemneverdig ut over kvaliteten av arbeidet mitt.

6.2. Spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet vart laga, sendt ut og samla inn att elektronisk ved hjelp av QuestBack, som tilbyr og organiserer elektroniske spørjeundersøkingar. Statistikken eg har utarbeidd på bakgrunn av rådata frå spørjeskjemaet, gir informasjon om kva målform informantane hadde som hovudmål i grunnskulen, foreldra sin skriftspråklege bakgrunn og utdanningsnivå, kva skriftspråk informantane har valt i vidaregåande, og vidare på høgskole/universitetsnivå opp

til doktorgradsavhandlinga og i yrkessamanheng. Rådata frå spørjeskjemaet ligg vedlagt som vedlegg 1. Sjølve spørjeskjemaet ligg vedlagt som vedlegg 5.

6.3. Om populasjonen

Her gjer eg greie for korleis eg har gjort utvalet av undersøkingseiningar. Statistikken over språk i avlagte doktorgradsavhandlingar bygger på ei undersøking av avlagte doktorgradar ved dei fire største universiteta i 1997 og 2007. Eg har nytta statistisk materiale frå NIFU STEP som grunnlag for å få ei oversikt over den totale populasjonen, sjå vedlegg 3. Ut frå denne statistikken har eg gjort utrekningar som gir grunnlag for utvalet i undersøkinga. I 2007 vart det avlagt 1030 doktorgradar og i 1997 vart det avlagt 625 doktorgradar. Ut frå den totale populasjonen har eg altså 1655 moglege respondentar, som eg har gjort eit utval frå.

6.4. Om utvalet

Eg har vidare gjort nokre korrigeringar med bakgrunn i problemstillinga. Eg har først redusert talet for utrekning av utval ved å trekke ut tal avlagte avhandlingar ved andre universitet enn dei fire eg studerer. I 1997 vart det avlagt 566 doktorgradar ved dei fire største universiteta, av totalt 625, og i 2007 var det same talet 903 av totalt 1030, sjå vedlegg 3.

Sidan undersøkinga skal ha spesielt fokus på bruk av nynorsk i avhandlingane, finn eg det ikkje relevant å ta med kandidatar med utanlandsk statsborgarskap. For 2007 var 23 % av avhandlingane avlagt av personar med utanlandsk statsborgarskap og i 1997 var 12 % avlagt av kandidatar med utanlandsk statsborgarskap, sjå vedlegg 4. Eg går altså ut frå talet på avhandlingar avlagt ved dei fire største universiteta og trekker frå 12 % av avhandlingane i 1997 og 23 % av avhandlingane i 2007. Heile den aktuelle populasjonen består altså i

har eg derfor valt ut eit noko høgare tal respondentar enn strengt tatt nødvendig, sett ut frå gjeldande kriterium for utval.

Spørjeskjemaet vart i utgangspunktet sendt ut til 492 e-postadresser. Av desse fekk eg berre 37 i retur med beskjed om at e-posten ikkje kunne leverast. Dette tydar på at arbeidet med innsamling av e-postadresser har vore grundig. Desse vart så sletta frå e-postlistene i QuestBack. Av 455 leverte skjema, kom det svar frå 335, ein svarprosent på 73,6 %. Dette er ein svært høg svarprosent. Den reelle svarprosenten må likevel reknast ut frå det opphavlege talet på e-postadresser skjemaet vart sendt ut til. Av dei 492 det vart utsendt spørjeskjema til, har 335 svart. $(335:492 \times 100 = 68)$ Dette gir ei responsrate på 68. Dette er også ein svært høg svarprosent. Årsakene til den høge svarprosenten kan vere at populasjonen er over gjennomsnittet interesserte i forskning, fordi mange av dei arbeider med dette sjølv. Bruk av elektronisk spørjeskjema i staden for tradisjonell papir- og postutsending, gjer det også lettare å svare raskt frå arbeidsplassen til den enkelte, og dette er nok også ein sterkt medverkande faktor til den høge svarprosenten.

6.8. Replikering

Det vil vere mogleg for andre å gjere den same undersøkinga opp att og få tilnærma dei same resultata som eg fekk. Statistikken bygger i utgangspunktet på alle moglege einingar i populasjonen for 1997 og 2007, og spørjeundersøkinga er gjort blant eit utval på 40 % av populasjonen. Spørjeskjemaet har fastlagte kategoriar utan høve til å gjere endringar undervegs, og datasettet er handsama i SPSS etter gjeldande reglar.

6.9. Om reliabilitet

Reliabilitet har med stabiliteten i målingane å gjere. Både det statistiske materialet, spørjeskjemaet og undersøkinga er basert på kontrollerbare og faktiske opplysningar, ikkje på

haldningar. I spørjeundersøkinga eg har gjort vil ikkje respondentane sin livssituasjon, dagsform og humør elles verke inn på svara som blir gitt i like stor grad som for eksempel i ei psykologisk undersøking om haldningar i debatten om sidemål i vidaregåande skule. Med dette spørjeskjemaet har eg målt noko som faktisk har funne stad, det er mogleg for kven som helst å rekonstruere undersøkinga, og det vil ideelt sett også vere mulig for den enkelte respondent å gå attende i skriftleg materiale frå utdanningsløpet sitt for å spore kva svaralternativ som er det rette dersom ein ikkje hugsar når ein skal avgi svar. Eg har derfor vurdert det slik at ein test-retest eller ein split-halfreliabilitetstest (Langdrigde 2006:42) ikkje er nødvendig for å måle reliabiliteten i spørjeskjemaet før utsending, slik det kan vere i for eksempel psykologiske målemetodar.

Respondentane si generelle haldning til spørjeundersøkingar er ein faktor som kan verke sterkt inn på det innsamla datamaterialet. Dette kan gi seg utslag i lav deltaking eller ved at respondentane ikkje tek seg tid til å tenke grundig nok gjennom svaralternativa og memorere korleis det eigentleg var før dei svarar. I ei undersøking som dette kan slike tilhøve gi mange treff på "veit ikkje", "hugsar ikkje" eller "anna". Eg har derfor vore i tvil om eg skulle opne for desse kategoriane i det heile, men har valt å gjere det, også fordi det bør vere mogleg å svare på desse spørsmåla for respondentar som dei øvrige svarkategoriane ikkje høver for.

6.10. Om validitet

Validitet handlar om i kva grad ein målemetode faktisk måler det ein ønskjer å måle, og om datamaterialet har gyldigheit for dei problemstillingane ein ønskjer å belyse. Validiteten er høg dersom opplegget for undersøkinga og datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillingane. Eg ønskte å få opplysningar om respondentane sitt skriftspråklege opphav og val av skriftspråk oppover i utdanningsløpet. Dette ser det ut til at det innsamla

materialet kan gje grunnlag for å seie noko om. Vurderingar og val av formuleringar i førebuinga og utforminga av spørjeskjemaet er viktig for korleis respondentane svarar. Eitt viktig problemområde er derfor omgrepa som er nytta i spørsmåla, og korleis respondentane kan tolke desse omgrepa. Eg valte å nytte ”*skriftspråk/hovudmål*” som ein gjennomgåande term i spørsmåla knytt til kva skriftspråk informanten sjølv har brukt i eigne skriftlege arbeid i utdanningsløpet sitt. Dette for å unngå samanblanding og forvirring i forhold til munnleg språk eller lesing av t.d. skriftleg pensumlitteratur på ulike språk. Likevel har det komme tilbakemeldingar frå nokre av respondentane om at dei ikkje har vore heilt sikre på kva som har vore meint med termen *skriftspråk/hovudmål* i desse spørsmåla. Dette kan bidra til å svekke validiteten i undersøkinga.

Metodane ein nyttar for å gjere utval er av betydning for populasjonsvaliditeten, og eg meiner at utvalet eg har gjort gir grunnlag for generalisering. Intensjonen med denne undersøkinga er å kaste lys over tilstanden for nynorsk i bruk oppover i utdanningsløpet, i doktorgradsavhandlingar og i akademisk skriving. Det er derfor viktig at innsamla data er mest mogleg representative dersom dei skal gi grunnlag for å analysere og generalisere trendane for heile populasjonen, og det meiner eg at denne datainnsamlinga er, til tross for nokre svake punkt som eg har gjort greie for.

6.11. Om konfidensialitet og anonymitet

Undersøkingar bør i all hovudsak vere konfidensielle og det er viktig at innsamla opplysningar blir lagra konfidensielt også etter at ein er ferdig med å handsame materialet (Langdrigde 2006:58). I samband med spørjeundersøkingar må ein også gjere ei vurdering av om ein kan eller bør love respondentar eller informantar anonymitet. I undersøkingar av kvalitativ art der informantane ofte gir personlege og sensitive opplysningar som kan vere lett

identifiserbare, er dette svært viktig. I kvantitative undersøkingar som ikkje er personlege i same grad, kan dette vere meir basert på skjønn, men det vanlege er å anonymisere uansett. Eg valte å utføre denne undersøkinga anonymt. I ettertid ser eg at dette er til hinder for at eg kan ta kontakt for eksempel med respondentane i Nynorsk 48-gruppa for å følgje opp den kvantitative undersøkinga med djupneintervju av kvalitativ art. På den andre sida er det uråd å seie kva verknad det å ikkje anonymisere kunne ha hatt, mellom anna på responsrata.

6.12. Kjeldekritikk

Her vil eg gjere greie for og vurdere informasjonen frå dei to databasane eg hovudsakleg har nytta i undersøkinga.

6.12.1. NIFU STEP

Stiftinga NIFU STEP er eit samfunnsvitenskapleg oppdragsinstitutt og blir finansiert gjennom oppdrag og grunnløyvingar frå Norges Forskningsråd. Stiftinga er ein fusjon av forskingsinstitutta NIFU (Norsk institutt for studier av forskning og utdanning) og STEP (Senter for innovasjonsforskning) frå 2004. I vedtektene til instituttet heiter det at formålet for stiftinga er å vere eit leiande institutt for studiar av kunnskaps- og kompetanseutvikling, utdanning og kunnskapsformidling, forskning, innovasjon og teknologiutvikling. Instituttet skal gjennom forskning, evaluering, analyse og statistikk fremme innsikt i korleis kunnskap og kompetanse blir organisert, utvikla, formidla og brukt i samfunnet, nasjonalt som internasjonalt. Eg vurderer informasjonen frå denne databasen til å vere svært god og påliteleg, og den er lett tilgjengeleg via www.nifustep.no. Eg har valt denne databasen framfor Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD), som er ein tilsvarande database for statistikk om høgare utdanning (DBH). Eg har valt NIFU STEP fordi eg syns denne gir betre oversikt og at oversiktene er lettare tilgjengeleg. Ei stor svakheit ved NIFU STEP sin doktorgradsstatistikk er at kva språk avhandlingane er skrivne på ikkje er registrert.

6.12.2. Bibsys og Bibsys Ask

Eg har derfor også nytta databasen Bibsys, som er hovudkjelda mi til opplysingar om språk i doktorgradsavhandlingane. Bibsys er ein bibliotekatalog over bøker og medium i norske fag- og forskingsbibliotek, og søkemotoren Bibsys Ask gir høve til å avgrense søk til spesielt å gjelde doktorgradsavhandlingar og språkkategoriar. Universiteta rapporterer direkte til Bibsys, og det er grunn til å tru at alle avhandlingar er registrerte i denne databasen. Bibsys omfattar heile Norden. Dette er ikkje problematisk om ein søkjer på språkkategoriene nynorsk og/eller bokmål. Talet på treff er ikkje større for det enkelt år enn at det er mogleg å gå gjennom dei og korrigere for dobbeltregistrering med omsyn til 1) elektroniske utgåver og 2) avhandlingar på engelsk/anna språk med tillegg/resymé på norsk. Det er heller ikkje særleg sannsynleg at treff på eit søk som er avgrensa til nynorsk/bokmål, vil omfatte avhandlingar som er avlagt i eit av dei andre nordiske landa. Men dette fører til at ein må gå inn på kvar einaste avhandling og sjå på utgivarstad. Dersom ein vil måle omfanget av avhandlingar avlagt på engelsk i Norge, blir talet på treff uhandterleg stort, da databasen som sagt omfattar avhandlingar avlagt i alle dei nordiske landa. Derfor blir det engelske "treff-biletet" langt meir komplisert å handsame enn søk på bokmål/nynorsk. Det er ei svakheit ved Bibsys Ask at det ikkje er høve til å avgrense søk på nokon god måte i høve til utgjevarland. Dette ville også vere eit stort arbeid å gå gjennom treffa for å finne talet på elektroniske utgåver/dobbeltregistrering for å trekke desse frå det totale talet til at eg kunne gjere det i samband med denne oppgåva. Dette kan ein gjere i Bibsys Spesialsøk dersom ein ønskjer det, men til mitt bruk var dette ikkje nødvendig fordi eg ikkje ser spesielt på dei engelske avhandlingane.

6.13. Oppsummering

Eg meiner at undersøkinga er gjennomført på ein nøyaktig måte, og det skal vere mogleg å gjere undersøkinga om att og få tilnærma identiske data. Samla sett vurderer eg derfor

reliabiliteten i spørjeundersøkinga til å vere høg. Sett i forhold til total storleik på populasjonen som har avlagt doktorgrad desse to åra, meiner eg at utvalet på 492 respondentar, er stort nok til å kunne generalisere for denne gruppa, at utvalet er representativt og at populasjonsvaliditeten er høg. Det viser også tala i den deskriptive analysen.

Kap. 7.0. Statistisk analyse av resultat

I denne delen vil eg først gi ei generell oversikt over utviklinga av avlagte doktorgradar ved dei universiteta eg studerer i 2007 og sjå spesielt på tal for nynorske avhandlingar, før eg gjer nærare greie for korleis eg har handsama datamaterialet. Så vil eg vurdere det innsamla materialet med tanke på at intensjonen var å få til eit randomisert, stratifisert og systematisk utval, og vurderer derfor tala i mi undersøking i forhold til tal frå databasen til NIFU STEP. Eg gir også ei generell oversikt over utvikling og endringar for doktorgradsavhandlingar avlagt i 2007, og ei generell oversikt over utviklinga for nynorsk i avhandlingane, før eg presenterer funn og statistikk frå mi eiga undersøking

7.1. Generell oversikt over doktorgradar avlagt i 2007

I 2007 vart det avlagt 1030 doktorgradar¹² ved norske universitet og høgskolar. Det er første gong er det avlagt over 1000 doktorgradar i løpet av eitt år i Norge. Dette er 125 fleire disputasar enn i 2006, og utgjer ein auke på 14 %. 903 av desse vart avlagt ved eitt av dei fire største universiteta som eg studerer her. Desse fire står også for det meste av auken i avhandlingar. Ved Universitetet i Oslo vart det avlagt 344 avhandlingar og disputasar i 2007, mot 293 året før. Dette er ein auke på 51 disputasar. Universitetet i Tromsø hadde klart den relativt største auken frå 60 disputasar i 2006 til 100 i 2007. Universitetet i Bergen og NTNU

¹² http://www.nifustep.no/norsk/innhold/statistikk/doktorgradsstatistikk/tabeller_og_figurer

hadde også auke. Det er innan fagfelte samfunnsvitenskap og matematikk/naturvitenskap at talet på disputasar aukar mest. Til saman sto matematikk/naturvitenskap og teknologi for 38 % av disputasane i 2007, medan humaniora og samfunnsvitenskap sto for 33 %, medisinske fag for 24 %, og landbruksfag og veterinærmedisin for 5 %.¹³

7.2. Generell oversikt, med fokus på nynorsk

Av 1030 avlagte doktorgradsavhandlingar i 2007, finn eg ved søk i Bibsys Ask berre fem stk, eller 0,49 %, som er skrivne på nynorsk¹⁴. Tre av desse vart avlagt ved eitt av dei fire store universiteta. Desse tre vart alle avlagt ved UiBergen. Ein er avlagt ved UiStavanger og ein ved UMB-Ås. I 1997 er 14 avhandlingar skrivne på nynorsk¹⁵ av totalt 625. 12 av desse 14 er avlagt ved dei fire store universiteta. Seks er avlagt ved UiOslo, to ved UiB, to ved NTNU og ein ved UiT. Vidare er ein avlagt ved UMB og ein ved Göteborgs Universitet.

Dette er ikkje særleg oppløftande tal for utviklinga av bruk av nynorsk i doktorgradsavhandlingar, og dei ser ut til å stemme også i følgje mi undersøking.

7.3. Handsaming av datamaterialet

Det innsamla talmaterialet frå spørjeundersøkinga er eksportert frå QuestBack til det statistiske analyseprogrammet SPSS for vidare handsaming. SPSS står for Statistics Package for the Social Sciences (Langdrigde 2006:31). Dette programmet er eit av dei leiande statistikkprogramma innan samfunnsvitenskap, og gir høve til å få fram både deskriptiv statistikk av enkeltvariablar og slutningsstatistikk ved kryssanalysering av dei ulike variablane. Eg kjem undervegs til å samanlikne tala frå mi undersøking med tal frå NIFU

¹³ <http://www.forskning.no/Artikler/2008/februar/1204201469.1>

¹⁴ <http://ask.bibsys.no/ask/action/stdsearch?kilde=biblio&bibkode=0>


¹⁵ <http://ask.bibsys.no/ask/action/stdsearch?kilde=biblio&bibkode=0>

STEP sin doktorgradsstatistikk, da denne bygger på universiteta si eiga rapportering, og derfor blir "fasit" i høve til mitt materiale.

7.4. Gjennomgang av datamaterialet. Populasjonsvaliditet.

Eg hadde som intensjon at utvalet skulle vere tilnærma randomisert, stratifisert og systematisk, sjølv om eg veit at dette er vanskeleg å få til. Det kan derfor vere interessant å sjå korleis reell svarprosent frå dei ulike gruppene i utvalet fordeler seg etter at datainnsamlinga er ferdig. Totalt var det avlagt 1655 doktorgradar dei to åra eg ser på. Av dette utgjer 1030 i 2007 62,2 %, og 625 i 1997 utgjer 37,7 %. Spørjeskjemaet vart sendt ut til 301 respondentar frå 2007. Dette utgjer 61,2 % av totaltalet på 1030 avlagte doktorgradar for dette året. For 1997 vart det sendt ut til 191 av totalt 625. Dette utgjer 38,8 %. Vi ser at utvalet prosentvis stemmer høveleg godt med fordelinga av dei to års-gruppene i populasjonen. Svarprosenten i mitt materiale for det enkelte år er 56,2 %, dvs. eit avvik på minus 6 % for 2007, og 42,8 %, dvs. eit avvik på pluss 5,1 % for 1997. Det er altså ein noko høgare svarprosent frå 1997 enn eit stratifisert utval skulle tilseie, men eg trur likevel ikkje avviket kan seiast å vere så stort at det svekkjer populasjonsvaliditeten i datamaterialet mitt, og at eg derfor kan generalisere ut frå det innsamla materialet (Langdrigde 2006:46).

Fig 2. Utval og svarprosent i undersøkinga, samanlikna med totaltal for populasjonen frå NIFU STEP.



7.5. Resultat frå spørjeundersøkinga


Eg går i det følgjande gjennom resultatata frå spørjeskjemaet frå spørsmål 1 til 9 deskriptivt, og samanliknar med tal frå NIFU STEP eller andre kjeder der det er naturleg. Rådatat og spørjeskjemaet er som nemnt vedlagt som vedlegg 1 og 5.

7.5.1. Kjønn

46 % av respondentane er kvinner, 54 % er menn. Samanliknar vi med statistikken frå NIFU STEP viser den at 45 % av doktorgradane vart avlagt av kvinner i 2007, medan dette talet i 1997 var 32 %, dvs 38,5 % i gjennomsnitt for begge åra. Kvinner er derfor noko overrepresenterte i mitt materiale.

7.5.2. Fødselsår

Fig 3. Fødselsår.



Fleirtalet, ca 40 %, av respondentane er mellom 31 og 40 år. Berre eit fåtal av respondentane er yngre enn 30 år (2,4%) eller eldre enn 60 år (5,4%). Dette gir berre ei oversikt over når respondentane er fødte, og seier ikkje noko om alder på disputastidspunktet.

7.5.3. Bustad no

43,6 % av respondentane bor på Austlandet. 36,1 % bor i Akershus og Oslo, nær UiOslo
24 % av respondentane bor på Vestlandet. 15,2 % bor i Hordaland, vertsfylket til UiBergen.

21 % av respondentane bor i Trøndelag. 18,8 % bor i Sør-Trøndelag, vertsfylket til NTNU.

8,1 % av respondentane bor i Nord-Norge. 6,4 % bor i Troms, vertsfylket til UiTromsø.

3,3 % av respondentane bor no i utlandet.

7.5.4. Bustad ved grunnskulestart

Austlandet totalt; 40,9 %. 22,6 % budde i Oslo og Akershus.

Vestlandet totalt; 29,5 %. 14,8 % budde i Hordaland.

Trøndelag totalt; 11,1 %. 5,7 % budde i Sør-Trøndelag.

Nord-Norge totalt; 11,1 %. 5,4 % budde i Troms.

Ser vi svara på spørsmål om bustad ved skulestart og no under eitt (fig. 4 og 5), får vi ei oversikt over demografiske tilhøve og flytting for denne gruppa. Datamaterialet viser, ikkje uventa, ein flyttestraum innan regionane mot sentra der universiteta ligg. Oversikta viser at på nasjonalt nivå går flyttestraumen blant respondentane til Trøndelag og Austlandet, spesielt da til Oslo/Akershus og Sør-Trøndelag. Hordaland er det einaste fylket blant dei fire universitetsfylka som har same %-del av respondentane i undersøkinga både ved grunnskulestart og no. Sjå fig. 5.

Fig.4. Bustad. Regionsvis.





Fig. 5. Bustad. Dei 4 universitetsfylka.




7.5.5. Skriftspråk i skulekretsen

82,7 %, eller 258 av respondentane svarar at dei starta i grunnskulen med bokmål som

hovudmål. 15,3 %, eller 48 respondentar starta med nynorsk. Dette tilsvarar gjennomsnittlege tal for heile landet frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI).¹⁶

Fig. 6. Hovudmål i grunnskulen



¹⁶ <http://www.wis.no/gsi/>

7.5.6. Foreldra sitt skriftspråk

Spørsmål 6 og 7 omhandlar spørsmål som gjeld respondentane sin foreldre. Her har eg vore interessert i informasjon om bakgrunnen til respondentane med tanke på utdanningsnivået til foreldra og kva skriftspråk dei hadde, fordi dette kan seie noko om habitus til respondentane. 18,5 % av respondentane svarar at mor og 20,4 % at far hadde nynorsk som hovudmål da dei voks opp. Det er altså ein høgare prosent av foreldra som hadde nynorsk som hovudmål enn av respondentane sjølve.

7.5.7. Utdanningsnivået til foreldra

Mor: 27,2 % har høgskule/universitetsutdanning av lågare grad. 10,9 % har høgare grad. 1,3 % av mødrene har doktorgrad. Til saman har 39,4 % av mødrene universitets- eller høgskuleutdanning.

Far: 22 % har høgskule/universitetsutdanning av lågare grad. 29,4 % har høgare grad. 4,2 % av fedrene har doktorgrad. Til saman har 55,6 % av fedrene universitets- eller høgskuleutdanning.

7.5.8. Årstal for avlagt doktorgrad/PhD-grad

56,2 % av respondentane avla doktorgrad i 2007 og 42,8 % avla sin doktorgrad i 1997.


Dette har eg gjort nærare greie for og samanlikna med tal frå NIFU STEP i innleiinga til dette kapitlet, sjå fig 2.

7.5.9. Studiestad

Respondentane opplyser at dei har avlagt sin doktorgrad fordelt på dei fire universiteta slik; UiTromsø: 11,9 %, NTNU: 28,1 %, UiBergen: 24,8 %, UiOslo: 35,2 %. Samanlikna med tal frå NIFU STEP¹⁷ sin doktorgradsstatistikk, ser dette utvalet representativt ut. Tala frå NIFU STEP viser at 8,4 % av doktorgradane som er avlagt ved universiteta for begge åra, er avlagt ved UiTromsø, 26,9 % ved NTNU, 18,2 ved UiBergen og 35,4 % ved UiOslo.

¹⁷ http://www.nifustep.no/norsk/innhold/statistikk/doktorgradsstatistikk/tabeller_og_figurer

Fig. 7. Fordeling på studiestad. Tal frå undersøkinga samanlikna med tal frå NIFU STEP



UiB og UiT noko overrepresentert i datamaterialet mitt slik fig. 7 viser. Denne skeivheita kan komme av at det ved UiB ligg oppdaterte e-postadresser til kandidatane tilgjengeleg direkte på universitetet sine lister over disputasar og avhandlingar. Dette gjorde det enkelt å få tak i e-postadresser til denne gruppa av respondentar. Ved UiT er det fleire fakultet det har vore avlagt berre få doktorgrader ved, men eg har likevel valt å ta desse få kandidatane med i utvalet, for å unngå at nokon fakultet dett heilt ut, som nemnt under utval.


7.5.10. Fakultet/fagområde

Statistikken frå NIFU STEP viser at av dei doktorgradane som er avlagt i 1997 og i 2007 er 44,5 %, avlagt innanfor matematiske, naturvitskaplege eller tekniske fagområde¹⁸. Dette korresponderer godt med datamaterialet mitt slik eg viser i fig 8. 43,5 % av respondentane har avlagt sin doktorgrad ved dei fakulteta som høyrer til denne kategorien. Tala frå NIFU STEP samla for begge åra, viser at 11,3 % av doktorgradane er avlagt innfor humaniora. Her er talet i mitt datamateriale noko høgare, 15,2 %. Det same gjeld samfunnsvitskap. Her er NIFU STEP sine tal for begge åra 21 %. Mitt tal er 25,5 %. Tala frå NIFU STEP viser vidare at 23,1 % av doktoravhandlingane er avlagt innanfor medisinske fagområde. I mitt datamateriale

¹⁸ Tala er korrigererte for landbruksfag og veterinærmedisin, som ikkje er med i mitt materiale

utgjør denne kategorien berre 15,8 %. Dette kjem truleg av problema med å finne gyldige e-postadresser til desse respondentane. Mange av dei arbeider i forskning innan sjukehussektoren eller ved legesenter, og her ligg forståeleg nok ikkje e-postadresser lett tilgjengeleg. Dette forklarar derfor også samtidig kvifor prosentdelen for humaniora og samfunnsvitskap er noko høgare i mitt datamateriale enn i NIFU STEP sin doktorgradsstatistikk. Til tross for desse skeivheitene meiner eg at pålitelegheita i datamaterialet mitt er såpass høgt at eg kan nytte det til å generalisere for populasjonen.

Fig. 8. Fordeling på fagområder. Tal frå undersøkinga samanlikna med tal frå NIFU STEP



7.6. Skriftspråk i doktorgradsavhandlingar. Oversikt 1997-2007. Heile populasjonen.

Før eg går vidare med å sjå på resultatane frå spørjeundersøkinga frå spørsmål 10 til 26, om val av skriftspråk oppover i utdanningsløpet, i doktorgradsavhandlinga og vidare i yrkessamanheng, vil eg presentere generelle oversikter over bruk av norsk, både bokmål og nynorsk, som skriftspråk i doktorgradsavhandlingar. Eg viser også utviklinga i bruk av engelsk og andre språk der eg har slike tal. Tala i 7.6. er henta frå NIFU STEP sin

doktorgradsstatistikk. Sidan statistikken frå NIFU STEP manglar kategorien språk, har eg som nemnt søkt opp tal avhandlingar på bokmål og nynorsk for det enkelte år i Bibsys Ask.

7.6.1. Norsk som avhandlingsspråk i forhold til totalt tal avlagte doktorgradar

I det følgjande vil eg sjå på korleis bruk av norsk i doktorgradsavhandlingar har utvikla seg i den siste tiårsperioden. Først gir eg ei oversikt over det totale talet på avhandlingar avlagt i Norge i desse ti åra. Her er da også avhandlingar avlagt av kandidatar med utanlandsk statsborgarskap med. Det er interessant å studere korleis det står til med statusen til og bruken av begge dei offisielle norske skriftspråka, ikkje berre nynorsk, i møte med auka bruk av engelsk innan dette feltet. Derfor har eg også arbeidd fram tal som viser statusen for bokmål, der dette har vore naturleg. Tabellen i fig. 9 viser bokmål, nynorsk og norsk samla brukt som avhandlingsspråk i 10-årsperioden i tal og prosent.

Fig 9. Språk i avhandlingar. Bokmål. Nynorsk. Norsk totalt. 1997 - 2007. Tabell. NIFU STEP og Bibsys.


År	Tal dr.gradar totalt*	Tal avhandlingar på bokmål**	%-del bokmål	Tal avhandlingar på nynorsk.**	%-del nynorsk	%-del norsk, nynorsk+ bokmål
2007	1030	130	12,62 %	5	0,49 %	13,10 %
2006	905	126	13,92 %	22	2,43 %	16,35 %
2005	855	119	13,91 %	15	1,75 %	15,66 %
2004	782	127	16,24 %	12	1,53 %	17,87 %
2003	723	129	17,84 %	16	2,21 %	20,10 %
2002	739	116	15,69 %	15	2,03 %	17,72 %
2001	677	114	16,83 %	14	2,06 %	18,90 %
2000	647	109	16,84 %	12	1,85 %	18,70 %
1999	695	111	15,97%	11	1,58 %	17,55 %
1998	685	145	21,16 %	7	1,02 %	22,18 %
1997	625	123	19,68 %	14	2,24 %	21,90 %
gjennomsnitt	760	123	16,42 %	13	1,74 %	18,18 %

* Totaltala er henta frå NIFU STEP sin doktorgradsstatistikk.

** Tala er frå Bibsys Ask, søkt på nynorsk og bokmål som språkkategori, og korrigert for e-bøker og avhandlingar som har tittel på engelsk eller andre språk.


Det har som vi ser vore ein jamn auke i talet på avlagte doktorgradar i siste 10-årsperiode, frå 625 i 1997 til 1030 i 2007. Talet på avhandlingar skrivne på norsk held seg relativt stabilt. Lågaste tal dersom vi summerer nynorsk og bokmål er 121 avhandlingar i 2000, medan det høgste talet er 158 avhandlingar i 1998. Grunna den store auken i tal avhandlingar totalt, går likevel prosentdelen norsk ned. Det har som vi ser i tabellen i fig. 9, vore ein jamn nedgang i bruk av norsk som avhandlingspråk, frå ca 22 % i 1997 til ca 13 % i 2007. Dette er ein nedgang på 9 %. Ei grafisk framstilling av dette syner avhandlingar skrivne på norsk i forhold til totalt tal avhandlingar:

Fig.10. Avhandlingar på norsk, sett i forhold til totalt tal avhandlingar. 1997-2007. NIFU STEP.



Grunna det høge talet på avhandlingar totalt kjem ikkje variasjonen for norsk så godt fram i stolpediagrammet i fig. 10. Eit linjediagram syner nedgangen noko betre:


Fig. 11. Tal avhandlingar på norsk, samla. Tal avhandlingar på bokmål i %. 1997- 2007. NIFU STEP.



Dersom vi studerer tala for bokmål i fig. 9 nærare, ser vi at talet på avhandlingar skrivne på bokmål faktisk aukar frå 123 stk i 1997 til 130 stk i 2007, med høgste tal avhandlingar på 145 i 1998. Lågaste tal er 109 i 2000. Den prosentvise delen avhandlingar på bokmål går likevel ned grunna den store auken i det totale talet avhandlingar.

Vi ser også i tabellen i fig. 9 at talet på nynorske avhandlingar har vore lavt, men at det har ligge relativt stabilt på +/- 2 % dei siste 10 åra. Dette tilsvarar eit gjennomsnittstal på ca 13 nynorske avhandlingar pr år i perioden. Det høgaste talet i perioden er 22 avhandlingar i 2006, og det lågaste talet er på 5 avhandlingar i 2007. Eit linjediagram illustrerer denne nedgangen slik:

Fig. 12. Tal avhandlingar på nynorsk 1997-2007. Linjediagram. NIFU STEP.



Sett i forhold til den store auken i totalt tal på avhandlingar, er sjølvsagt det prosentvise talet for 2007 mykje lågare enn talet for 1997 også her. For å finne ut om dette er variasjonar som jamnar seg ut over ein lengre periode, er det nødvendig med sikrere registrerte data på språkval som går lenger attover i tid enn det eg har funne i Bibsys.

7.7. Oppsummering

Bruk av norsk som avhandlingsspråk går ned frå ca 22 % i 1997 til ca 13 % i 2007 for populasjonen totalt. Dette er ein nedgang på 9 %.

Del avhandlingar på bokmål har gått ned frå 19,7 % (123stk) i 1997, til 12,6 % (130 stk) i 2007. Dette er ein nedgang på 7,1 %. Talet avhandlingar på bokmål har isolert sett auka, men prosentdelen går likevel ned på grunn av den store auken avhandlingar totalt.

Del nynorske doktorgradsavhandlingar har gått ned frå 2,24 % (14 stk) til 0,49 % (5 stk) i perioden 1997-2007. Dette er også ein stor nedgang, som kan tyde på at nynorsk er på veg ut av bruk i denne sjangeren.

Ved å måle bruk av norsk mot totaltala for populasjonen, er det viktig å hugse at 23 % av avhandlingane i 2007 og 12 % av avhandlingane var avlagt av kandidatar med utanlandsk statsborgarskap. Det er svært lite sannsynleg at desse skriv på norsk. Det totale talet av språk i avhandlingane gir derfor ikkje noko klart bilete av utviklinga for norsk som fagspråk og i akademisk skriving *innanfor det norske språksamfunnet*. Dette gjer etter mi meining at nedgangen i bruk av norsk totalt sett ikkje er fullt så dramatisk for det norske språksamfunnet som desse tala kan sjå ut til i første omgang. I mi undersøking har eg som nemnt korrigert for dette forholdet, og desse tala skal eg presentere i kap 8.0..

Kap. 8.0. Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving. Heile respondentgruppa.

Eg vil i det følgjande gå gjennom svara frå undersøkinga med vekt på alle respondentane sin bruk av nynorsk i utdanningsløpet, i doktorgradsavhandlinga og i yrket, frå spørsmål 10 til 26 i spørjeskjemaet, og har samanlikna nokre av tala mellom anna med statistikk frå Grunnskolen Informasjonssystem.

8.1. Oversikt over val av skriftspråk/hovudmål oppover i utdanningsløpet

Spørjeskjemaet vart utforma med tanke på å få eit innblikk i utviklinga for bruk av nynorsk oppover i utdanningsløpet, for om mogleg å finne kvar ei avskaling av nynorsk brukt som skriftspråk/ hovudmål skjer. Det vart derfor spurt om skriftspråk/hovudmålform ved starten av kvart nivå og om eit eventuelt skifte av skriftspråk/hovudmål i løpet av dette nivået. I samband med analysen har eg her funne ei svakheit ved spørjeskjemaet. Eg har ikkje spurt kva språk det blir skifta frå/til. Derfor kan eg ikkje seie noko om kva skifte av skriftspråk inneber på noko nivå i utdanningsløpet, berre at det har vore eit skifte.

8.1.1. Grunnskule/tilsvarande

15,3 % av respondentane svarar at nynorsk var hovudmålform i den skulekretsen der dei starta grunnskulen, og at dei starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål. Dette stemmer godt med statistikk frå Grunnskolens Informasjonssystem.¹⁹ Denne statistikken går ikkje lenger attende enn til 1992, men den viser at 15,9 % av elevane i grunnskulen hadde nynorsk som hovudmål i Norge i 1997. Talet på elevar som har nynorsk som hovudmålform i grunnskulen har auka frå 81 668 i 1992 til 85 726 i 2007. Talet på elevar i grunnskulen totalt sett har i same tidsrom auka frå 460 720 til 618 009. Prosentvis har derfor talet på elevar som har nynorsk som hovudmålform gått ned frå 17,7 % i 1992 til 13,6 % i 2007, sjølv om det totale talet nynorskelevar i grunnskulen altså har auka med 4058 elevar i denne perioden.

På spørsmål om skifte av skriftspråk i løpet av grunnskulen, svarar 3,5 % at dei har skifta skriftspråk på dette nivået.

8.1.2. Ungdomsskule/tilsvarande

15,7 % oppgir at dei starta ungdomsskulen med nynorsk som hovudmål. 0,4 % av informantane har altså skifta *til* nynorsk ved starten av ungdomsskulen. 1,3 % av respondentane seier at dei har skifta skriftspråk i løpet av ungdomsskulen.

8.1.3. Vidaregåande/tilsvarande

12,5 % av respondentane oppgir at dei starta på vidaregåande skule med nynorsk som hovudmål. Her er det altså ein nedgang på 3,2 % for nynorsk. 3,8 % seier at dei skifta hovudmål i løpet av vidaregåande.

¹⁹ <http://www.wis.no/gsi/>

8.1.4. Universitet/høgskulenivå

På høgskule/universitetsnivå seier 5,4 % at dei alltid eller nesten alltid brukar nynorsk på bachelor/mellomfagsnivå, og 5,1 % oppgir at dei har skifta hovudmål i løpet av bachelor/mellomfagsstudiet. På master/hovudfagsnivå svarar 3,8 % at dei alltid eller nesten alltid brukar nynorsk, og 6,4 % oppgir at dei har skifta hovudmål i løpet av dette studiet.


8.1.5. Doktorgrad/PhD-studiet

På doktorgrad/PhD-studiet er talet på dei som har nyttar nynorsk alltid eller nesten alltid, nede i 1,6 %, og 7,7 % oppgir at dei har skifta hovudmål i løpet av doktorgradsstudiet.

8.1.6. Skriftspråk i doktorgradsavhandlingar. 1997 og 2007.

Eg har gitt ei oversikt over utviklinga for norsk som avhandlingsspråk i det totale biletet i pkt 7.6.1. fig. 9. Det store talet avhandlingar avlagt av utanlandske statsborgarar, 23% i 2007, seier kanskje meir om at internasjonaliseringa går begge vegar enn kva det seier om bruk av norsk blant norskspråklege kandidatar. Det er derfor interessant å finne ut noko om kva skriftspråk dei norskspråklege kandidatane vel å skrive avhandlinga si på. Resultata frå mi undersøking viser ei slik fordeling for dei to åra:

Fig. 13. Avhandlingsspråk. Norskspråklege kandidatar. Utvikling. 1997 og 2007.



1997:
 Bokmål: 23,1 %
 Nynorsk: 3,0 %
 Engelsk: 72,4 %
 Andre språk: 1,5 %

2007:
 Bokmål: 18,8 %
 Nynorsk: 0 %
 Engelsk: 80,6 %
 Andre språk: 0,6 %

Tala frå mi undersøking viser at det er ein samla nedgang i bruk av norsk i avhandlingane blant norskspråklege doktorgradsskribentar frå 26,6 % i 1997 til 18,8 % i 2007. Dette utgjør ein nedgang på 7,8 % i perioden. Som vist i fig. 9 i 7.6.1., er nedgangen i bruk av norsk på 9,0 % dersom ein ser på totalt tal avlagte doktorgrader, men der er som nemnt også utanlandske statsborgarar med i det totale talet. For nynorsk brukt som avhandlingsspråk er tala 3,0 % i 1997 og 0 % i 2007 i mi undersøking. Tala frå fig.9 viser at det i totaltala for populasjonen er brukt nynorsk i 2,24 % av avhandlingane i 1997 og 0,49 % i 2007.

8.1.7. Yrke

69,3 % av respondentane i undersøkinga svarar at dei har sitt yrke innan akademien, 13,7 % innan offentlege institusjonar og 14,1 % i privat sektor. Her er det 22% som seier at dei brukar nynorsk i ein eller annan grad, frå alltid/nesten alltid til nokså sjeldan. Sjå fig. 14b. Dette må seiast å vere eit overraskande og oppløftande tal for bruk av nynorsk.

8.1.8. Skriftspråk/hovudmål uavhengig av sammenhengen det blir nytta i.

Av dei 15,3 % som starta med nynorsk som hovudmål i grunnskulen, er det 8,3 % som ser på nynorsk som sitt skriftspråk/hovudmål etter avslutta utdanning, uavhengig av sammenhengen dei nyttar det i.

8.2. Nynorsk i utdanningsløpet. Samla oversikt.

Først ei oversikt over korleis bruken av nynorsk utviklar seg for alle respondentane samla:

Fig. 14a Nynorsk i bruk i utdanningsløpet. Alle respondentane. Tabell

Nivå/ Brukar nynorsk	gr.skule/ tilsv.	u.skule/ tilsv.	vid.g./ tilsv	Bachelor- mellomfag	Master- hovedfag	Dr.grad/PhD- studiet	Avhandling	Yrke	Hovudmål/ Situasjons- uavhengig
som hovedmål:	15,3 %	15,7 %	12,5 %				1,3%		8,3 %
alltid/nesten alltid				5,4 %	3,8 %	1,6 %		2,2 %	
nokså ofte				2,6 %	2,6 %	3,2 %		6,7 %	
nokså sjeldan				7,3 %	4,5 %	3,5 %		13,1 %	
aldri/nesten aldri				60,1 %	61,3 %	64,5 %		55,9 %	

Dersom ein no tek ut dei som svarar at dei aldri eller nesten aldri brukar nynorsk og så slår saman respondentane som har svara at dei brukar nynorsk i varierende grad i studiesamanheng og yrke, blir tala for utviklinga opp gjennom utdanningsløpet slik:

Fig. 14b Nynorsk i bruk i utdanningsløpet. Alle respondentane. Samla. Tabell.

Nivå:/ Brukar nynorsk:	Gr.skule/ tilsv.	U-skule/ tilsv.	Vid.g./ tilsv	Bachelor/ mellomfag	Master/ hovedfag	Dr.grad/PhD- studiet	Avhandling	Yrke	Hovudmål/ Situasjons- uavhengig
som hovudmål:	15,3 %	15,7 %	12,5 %	5,4 %	3,8 %	1,6 %	1,3 %	2,2 %	8,3 %
brukar nynorsk:									
alltid/nesten alltid				5,4 %	3,8 %	1,6 %		2,2 %	
nokså ofte				2,6 %	2,6 %	3,2 %		6,7 %	
nokså sjeldan				7,3 %	4,5 %	3,5 %		13,1 %	
Brukar nynorsk i varierende grad:	15,3 %	15,7 %	12,5 %	15,3 %	10,9 %	8,3 %	1,3 %	22,0 %	

Respondentane som har svara at dei brukar nynorsk alltid/nesten alltid tolkar eg i fig. 14b som at nynorsk er hovudmålet deira. Vi ser at bruken av nynorsk som hovudmål går kraftig ned oppover i utdanningsløpet. Det som er overraskande her, er at det ikkje er på vidaregåande nivå den største endringa kjem for den gruppa som har nynorsk som hovudmål. Endringa kjem først på neste nivå; høgare utdanning på bachelor/mellomfagsnivå. Dess høgare opp i utdanningssystemet ein kjem dess meir går bruken av nynorsk ned. Bruk av nynorsk som skriftspråk/hovudmål på masternivå er nede i 3,8 % og i doktorgrads/ PhD-studiet er bruken nede i 1,6 %. 1,3 % av avhandlingane er skrivne på nynorsk.

Nynorsk er likevel i bruk i større grad etter avslutta utdanning. Det er 8,3 % som seier at nynorsk er hovudmålet deira og 22 % seier at dei brukar nynorsk i yrket sitt etter avslutta utdanning.

8.3. Oppsummering. Alle respondentane.

Desse tala viser utviklinga for bruk av bokmål, nynorsk og engelsk for norskspråklege doktorgradskandidatar innanfor det norske språksamfunnet, for alle respondentane i undersøkinga.

Tala viser at det er ein samla nedgang i bruk av norsk i avhandlingane blant norskspråklege doktorgradskandidatar frå 26,6 % i 1997 til 18,8 % i 2007. Dette er ein nedgang på 7,8 % i perioden. Bokmål går ned frå 23,1 % i 1997 til 18,8 % i 2007 blant respondentane i undersøkinga. Dette er ein nedgang på 4,3 %. For nynorsk brukt som avhandlingsspråk er talet 1,5 % (tre stk), blant respondentane i undersøkinga. Desse tre er avlagt i 1997. I 2007 var det ingen avhandlingar på nynorsk i mi undersøking.

Engelsk aukar frå 72,4 % i 1997 til 80,6 % blant respondentane i undersøkinga, som altså i utgangspunktet har norsk som skriftspråk/hovudmål. Dette er ein auke på 8,2 %.

22% av respondentane svarar at dei skriv nynorsk i varierende grad i samband med yrket sitt. Av dei 15, 3% av respondentane som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen seier 8,3 % at nynorsk er hovudmålet deira i dag. Skifte av språk skjer på universitets/høgskulenivå blant dei som tek høgare utdanning. Talet på respondentar som brukar nynorsk som skriftspråk/hovudmål går ned frå 12,5 % på vidaregåande nivå, til 5,4 % på bachelor/mellomfagsnivå. Dess høgare opp i utdanningssystemet ein kjem dess færre brukar nynorsk. På masternivå er talet på brukarar nede i 3,8 % og i doktorgrads/ PhD-studiet brukar berre 1,6 % av respondentane nynorsk. 1,3 % av avhandlingane er skrivne på nynorsk.

Kap 9.0. Analyse med vekt på respondentar med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen. Nynorsk 48-gruppa.

Denne masteroppgåva har spesielt fokus på bruk av nynorsk i utdanningløpet heilt opp til doktorgradsavhandlingar og akademisk skriving. Eg har i dei føregåande kapitla studert nynorsk i det totale biletet, samt bruk av nynorsk for alle respondentane i undersøkinga.

Det er ei gruppe i dette datamaterialet som er særst interessante å studere nærare i denne samanhengen, og det er den gruppa som har svart at dei starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i spørsmål 10. Desse kan vi kalle primærbrukarar av nynorsk, og det er dei eg vil sette spesielt fokus på i dette kapitlet. Dei tala eg presenterer her er henta frå mi undersøking, og er basert på dei 48 respondentane som i utgangspunktet var nynorskbrukarar då dei starta i grunnskulen. Dette er altså dei 15,2 % av respondentane i fig. 14. SPSS gir høve

til å analysere deler av datasettet separat. Eg har derfor teke ut denne gruppa som eit eige datasett i SPSS, og analysert for seg. Derfor utgjer desse 48 respondentane i denne spesielle analysen 100 %, og eg har kalla denne gruppa Nynorsk 48-gruppa.

9.1. Foreldra sitt utdanningsnivå

Foreldra sitt utdanningsnivå er interessant å studere i denne samanhengen, då det kan gi eit inntrykk av respondentane sin nedarva habitus og kva kulturell kapital dei har med seg frå barndom og oppvekst. Dei respondentane som hadde nynorsk som skriftspråk/hovudmål då dei starta grunnskulen, svarar at foreldra sitt høgaste utdanningsnivå fordeler seg på dei ulike nivåa som vist i fig 15:

Fig. 15. Foreldra sitt høgaste utdanningsnivå. Nynorsk 48-gruppa.

Utdanningsnivå	mor	far
Grunnskule/tilsv.	39,60 %	41,70 %
Vidaregåande/tilsv.	20,80 %	25,00 %
Høgskole/univ. Lågare	27,10 %	22,90 %
høgskole/univ. Høgare	12,50 %	10,40 %
doktorgrad/PhD	0,00 %	0,00 %

Samanliknar vi dette med det eg heretter kallar kontrollgruppa, dvs dei respondentane som har svara at dei starta grunnskulen med bokmål eller eit anna språk i spørsmål 10, finn vi ein del ulikskapar.

Fig. 16. Foreldra sitt høgaste utdanningsnivå. Kontrollgruppe.

utdanningsnivå	mor	far
grunnskule/tisv.	27,90 %	18,50 %
vidaregåande/tilsv.	31,30 %	20,80 %
Høgskule/univ. Lågare	27,20 %	21,90 %
Høgskule/univ. Høgare	10,60 %	32,80 %
dr.grad/PhD	1,50 %	4,90 %

Av dei som svarar at dei starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen, ser vi at 39,6 % svarar at mor hadde grunnskule som sitt høgaste utdanningsnivå. Kontrollgruppa svarar her 27,9 %. Det er altså 11,7 % fleire mødrer i Nynorsk 48-gruppa som har grunnskule som sitt høgaste utdanningsnivå enn det er i kontrollgruppa. 20,8 % svarar at mor hadde vidaregåande eller tilsvarande som høgaste utdanningsnivå. Her svarar kontrollgruppa 31,3 %. Dette er 10,5 % fleire . 27,1 % av mødrene hadde høgskole eller universitetsutdanning av lågare grad. Her svarar kontrollgruppa 27,2 %, altså ganske likt. 12,5 % av mødrene hadde høgskole eller universitetsutdanning av høgare grad som si høgaste utdanning. Her svarar kontrollgruppa 10,6 %. 1,9 % fleire frå Nynorsk 48-gruppa har mødrer med utdanning på høgskule/universitetsnivå av høgare grad enn i kontrollgruppa. Ingen mødrer til gruppa som hadde nynorsk som skriftspråk/hovudmål då dei starta i grunnskulen hadde doktorgrad, medan det var 1,5 % av mødrene til kontrollgruppa som hadde slik grad.

For fedrane er variasjonen større. 41,7 % svarar at far sitt høgste utdanningsnivå er grunnskule eller tilsvarande. For kontrollgruppa er dette talet 18,5 %, ein forskjell på heile 23,2 %. 25 % av fedrane har utdanning på vidaregåande nivå eller tilsvarande som høgste utdanningsnivå. Kontrollgruppa svarar 20,8 %. Forskjellen her er på 4,2 %. 22,9 % svarar at far har høgskule/universitetsutdanning av lågare grad som høgste utdanningsnivå, medan

kontrollgruppa svarar 21,9 %, altså ganske likt. 10,4 % av fedrane har høgare grad, medan kontrollgruppa svarar 32,8 %. Dette er ein forskjell på heile 22,4 %.

Ingen fedrar har doktorgrad. I kontrollgruppa har 4,9 % av fedrane slik grad.

Vi ser at det er stor forskjell i foreldra sitt utdanningsnivå for desse to gruppene, spesielt gjeld dette fedrane. 66,7 % av fedrane til Nynorsk48-gruppa hadde grunnskule og vidaregåande eller tilsvarende nivå som sitt høgaste utdanningsnivå, medan det tilsvarende talet for kontrollgruppa er 39,3 %. 59,6 % av fedrane til kontrollgruppa hadde utdanning på høgskule/universitets- eller doktorgradsnivå som si høgaste utdanning, medan berre 33,3 % av fedrane i Nynorsk 48-gruppa hadde slik utdanning. For mødrene fordeler det seg noko jamnare. Men også her er det 11,7 % fleire i Nynorsk 48-gruppa enn i kontrollgruppa som svarar at mødrene har grunnskule som sitt høgste utdanningsnivå.


Det er også stor ulikskap på doktorgradsnivå. Her er det ingen av dei som starta grunnskulen med nynorsk som har foreldre med doktorgrad. For kontrollgruppa er det 1,5 % av mødrene og 4,9 % av fedrane som har slik grad, til saman 6,4 %.

9.2. Bustad/flytting

Når det gjeld bustad oppgir 39 av desse respondentane, eller 81,5 %, at dei budde i eitt av dei fire vestlandsfylka da dei tok til i grunnskulen. 19 respondentar, eller 39,6 %, svarar at dei budde i Hordaland. Seks respondentar, eller 12,5 %, budde i Rogaland, fem respondentar, eller 10,4 % budde i Sogn og Fjordane, og ni respondentar, eller 18,8, % budde i Møre og Romsdal. På spørsmål om kvar respondentane bor no, viser det seg at 19 respondentar, eller 39,6 %, framleis bor i Hordaland. Dei andre vestlandsfylka har gått markert ned. Berre 1 respondent eller 2,1 %, bor i Sogn og Fjordane. 4, eller 8,3 % bor i Møre og Romsdal, og 2, eller 4,2 % bor i Rogaland. Derimot har Sør-Trøndelag fått 7, eller 14,6 % av respondentane,


og Oslo/Akershus 8, eller 16,7 %. Sjå fig. 17. Det er grunn til å tru at dette har med den generelle flyttestraumen inn til sentra der universiteta eller andre forskingsmiljø er lokaliserte, som vi også finn for den totale respondentgruppa. Sjå fig. 4.

Fig. 17. Bustad. Flytting. Nynorsk 48-gruppa.



Ser vi isolert på universitetsfylka og samanliknar med tala frå respondentgruppa totalt slik dette er framstilt i fig. 4 og 5, finn vi store ulikskapar. Ingen av dei respondentane som hadde nynorsk som hovudmål/skriftspråk då dei starta i grunnskulen, budde i Oslo/Akershus eller Tromsø da dei starta utdanningsløpet, og berre 4,1 % budde i Sør-Trøndelag. Som fig. 18 viser, bor av desse 18,7 % i Oslo/Akershus og 14,5 % i Sør-Trøndelag no. I Hordaland bor eit likt tal respondentar no som då dei starta grunnskulen, 39,6 %.


Fig. 18. Bustad. Dei 4 universitetsfylka. Nynorsk 48-gruppa.



9.3. Fordeling på fagområde

Ser vi på tala for korleis dei som starta med nynorsk som hovudmål/skriftspråk i grunnskulen fordeler seg på fagområde, er det nokre skilnader både frå tala frå NIFU STEP og tala frå alle respondentane i undersøkinga mi. Nynorskbrukarane fordeler seg slik; 10,4 % har avlagt doktorgrad innan humanistiske fag, 25 % innan samfunnsvitenskaplege, 14,6 % innan medisin, og heile 50 % innan matematiske/naturvitenskaplege/teknologiske fag. I fig 19 ser eg dette i samanheng med tala frå fig. 8.

Fig. 19. Fordeling på fagområde. Nynorsk 48-gruppa.



Dei respondentane som starta med nynorsk i grunnskulen ser altså ut til å velje matematiske-, naturvitskapelege- eller tekonologiske fag og samfunnsvitskap i større grad enn medisin og humanistiske fag. Dei vel også desse faga i større grad enn det heile populasjonen og alle respondentane i mi undersøking gjer, slik det går fram av fig.19.

Denne variasjonen *kan* også ha med skeivheita i utvalet å gjere, slik eg har gjort greie for i pkt 7.5.10. Eg kan derfor ikkje seie med sikkerheit at det er ein samanheng her.

9.4. Språkval i utdanningsløpet

Det er svært interessant å følge utviklinga oppover i utdanningsløpet for dei respondentane som har svart at dei startar med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen. Vi startar her altså med alle dei 48 respondentane som har nynorsk som skriftspråk/hovudmål, totalt 100 %, og skal no sjå på korleis denne gruppa sitt val av skriftspråk/hovudmål endrar seg.

Ved starten av ungdomsskolen har 95,8 % nynorsk som skriftspråk/hovudmål. 4,2 % har skifta skriftspråk/hovudmål. Ved starten av vidaregåande nivå seier 81,3 % at dei har nynorsk som skriftspråk/hovudmål. 16,7 % har skifta til bokmål ved starten av vidaregåande, og 2,1 % til eit anna språk. 14,6 % seier at dei skiftar hovudmål i løpet av vidaregåande nivå. Altså har 66,7 % framleis nynorsk som hovudmål/skriftspråk etter at dei er ferdige med vidaregåande nivå.

Frå avslutta vidaregåande til starten av høgskule/universitetsnivå av lågare grad, viser svara at det er ein nedgang i bruk av nynorsk som skriftspråk/hovudmål på 37,5 %. Dette er eit dramatisk fall i bruk av nynorsk. Frå starten av høgskule/universitetsnivå av lågare grad til starten av høgare grad er nedgangen på ytterlegare 8,4 %. Til saman 45,9 % av dei respondentane som starta grunnskolen med nynorsk, har altså skifta skriftspråk/hovudmål i løpet av høgskole/universitetsstudiane, før dei startar på doktorgrads/PhD-studiane. Dette er eit overraskande høgt tal sett i forhold til mi hypotese. Det er altså ikkje på vidaregåande nivå, men på høgskule/universitetsnivå at språkskifte skjer i størst grad for den gruppa som tek høgare utdanning.

Frå bachelor/mellomfagsnivå og oppover har eg fokus på dei som har svara at dei brukar det aktuelle språket alltid/nesten alltid, og eg har samla tala frå det enkelte nivå i ein tabell i fig 20. Tala i denne tabellen har eg sett i forhold til svara på spørsmåla om språkskifte på det enkelte nivå, slik eg har gjort greie for ovanfor.

I doktorgradsavhandlinga er det 6,3 % i Nynorsk 48-gruppa som nyttar nynorsk. 81,3 % nyttar engelsk og 12,4 % nyttar bokmål. Samanliknar vi dette med tala for heile respondentgruppa i undersøkinga i fig. 9 og fig. 13, ser vi at delen nynorske avhandlingar ikkje uventa, er noko

høgare i denne gruppa. Bruk av engelsk som skriftspråk i avhandlinga tilsvaret tala for respondentgruppa totalt, medan bruk av bokmål er ca 6 % lågare. Dette viser at bruk av engelsk er like vanleg blant dei som starta med nynorsk i grunnskulen som det er for heile respondentgruppa samla. I samband med yrke er det også 6,3 % som seier at dei nyttar nynorsk som sitt skriftspråk/ hovudmål.

I tabellen i fig. 20 ser vi også at av dei 48 (100 %) som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen, er det 45,8 % som seier at dei ser på nynorsk som sitt hovudmål etter avslutta utdanning, uavhengig av samanhengen dei nyttar det i.


Fig. 20. Språkval. Bruk av ulike skriftspråk. Nynorsk 48-gruppa. Tabell.

	gr.skule/ tilsv	u-skule/ tilsv.	vid.g/ tilsv	bachelor/ m.fag	master/ h.fag	dr.grad/ PhD- studiet	dr.grad/ PhD- avhandling	yrke	hovudmål
nynorsk	100 %	95,80 %	81,30 %	29,20 %	20,80 %	8,30 %	6,30 %	6,30 %	45,80 %
bokmål		4,20 %	16,70 %	47,90 %	43,80 %	16,70 %	12,50 %	33,30 %	47,90 %
engelsk				2,10 %	16,70 %	50 %	81,30 %	18,80 %	4,20 %
anna språk			2,10 %						2,10 %

47,9 % av respondentane som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen har altså totalt sett gått over til bokmål i løpet av utdanninga si, og 4,2 % seier at engelsk er hovudmålet deira. Meir detaljerte opplysningar om språk nytta på det enkelte nivå har eg lagt ved som vedlegg nr 2.

Denne utviklinga kan illustrerast ved hjelp av eit stolpediagram i fig 21. Her kjem nedgangen i bruk av nynorsk og auken i bruk av bokmål frå vidaregåande nivå til høgskule/universitetsnivå, tydeleg fram:

Fig. 21. Språkval. Bruk av ulike skriftspråk. Nynorsk 48-gruppa. Diagram.



I fig. 22 har eg samla kategoriane brukar nynorsk alltid/nesten alltid, nokså ofte og nokså sjeldan, for å få ei oversikt over kor mange som nyttar nynorsk i varierende grad.

Dersom vi summerer alle som brukar nynorsk i varierende grad, ser vi at 60,7 % av dei som starta med nynorsk som hovudmål/skriftspråk i grunnskulen, nyttar nynorsk i skriftlege arbeid i yrket sitt.


Fig. 22. Bruk av nynorsk. Nynorsk 48-gruppa. Tabell.

Nivå- Brukar nynorsk	Gr.skule/ tilsv.	U-skule/ tilsv.	Vid.g / tilsv	Bachelor/ mellomfag	Master/ hovedfag	Dr.grad/PhD- studiet	Avhandling	Yrke	Hovudmål
som hovudmål:	100 %	95,8 %	82,3 %	29,2 %	20,8 %	8,3 %	6,3 %	6,3 %	45,8 %
brukar nynorsk:									
alltid/nesten alltid				29,2 %	20,8 %	8,3 %		6,3 %	
nokså ofte				10,4 %	12,5 %	14,6 %		31,5 %	
Nokså sjeldan				27,1 %	16,7 %	18,8 %		22,9 %	
samla	100 %	95,8 %	82,3 %	66,7 %	50 %	41,7 %	6,3 %	60,7 %	45,8 %

Vi ser her at nynorsk framleis er i bruk på høgskule/universitetsnivå i denne gruppa, men at nesten like mange svarar at dei brukar det nokså sjeldan som det er som svarar at dei brukar det som hovudmål.

Eit stolpediagram illustrerer bruk av nynorsk i varierende grad slik:

Fig. 23. Bruk av nynorsk. Nynorsk 48-gruppa.



9.5. Oppsummering

Utdanningsnivået for foreldra til dei som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen er lågare enn for dei som starta med bokmål. Spesielt gjeld dette fedrane sitt utdanningsnivå. 32,8 % av fedrane i bokmålsgruppa har høgare utdanning. I Nynorsk 48-gruppa har 10,4 % av fedrane høgare utdanning. Dette er ein skilnad på 22,4 %. Ingen av foreldra til Nynorsk 48-gruppa har doktorgrad, medan 4,9 % av fedrane og 1,5 % av mødrene, til saman 6,4 %, av foreldra til bokmålsgruppa har doktorgrad.

Nedgangen i bruk av nynorsk for dei som i utgangspunktet hadde nynorsk som skriftspråk/hovudmål er størst etter avslutta vidaregåande nivå til høgskule/universitetsnivå. Nedgangen her er på heile 45,9 %. I doktorgradsavhandlinga er det 6,3 % i Nynorsk 48-gruppa som nyttar nynorsk. 81,3 % nyttar engelsk og 12,4 % nyttar bokmål. 60,7 % av dei som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen seier at dei nyttar nynorsk i samband med yrket sitt etter avslutta utdanning. 6,3 % seier at dei nyttar nynorsk som hovudmål i yrkessamanheng.

45,8 % av dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål, seier at dei framleis ser på nynorsk som sitt hovudmål uavhengig av samanhengen dei nyttar språket i, etter avslutta utdanning.

Dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål tek doktorgrad i matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag og i samfunnsvitskap i større grad enn både populasjonen totalt og for respondentgruppa totalt.

Av dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål budde fleire i denne gruppa på Vestlandet ved skulestart enn for respondentgruppa totalt. Ingen frå Nynorsk 48-gruppa budde i Oslo/Akershus ved skulestart. No bor 33,2 % i Oslo/Akershus og Sør-Trøndelag. I Hordaland bor det like mange i denne gruppa no som då dei starta i grunnskulen, og dette er ca 40 % av gruppa totalt.

Kap 10. Grunngjeving for val av skriftspråk i avhandlinga

I dette kapitlet vil eg gjere greie for og komme med eksempel på korleis respondentane i undersøkinga grunngir sitt eige val av språk i doktorgradsavhandlinga, og drøfte dette i forhold til instrumentell og/eller integrativ motivasjon. Dette er ikkje kategoriar som utelukkar kvarandre, dei glir tvert i mot ofte over i kvarandre, og kan vere vanskelege å skilje (Mæhlum 2006:42).

Opplysingane er henta frå svara på eitt av dei to opne spørsmåla i undersøkinga, spørsmål 23, der dei vart bedne om å kommentere valet av skriftspråk i avhandlinga. Den tekniske typen spørsmål eg valte i QuestBack her, har redusert høvet til å gi lange og utfyllande svar i form av avgrensingar i omfang av tal teikn ein kan skrive inn i svaret på opne spørsmål. Dette var eg ikkje tilstrekkeleg klar over ved utforminga, og ser i ettertid at er ei klar svakheit ved spørjeskjemaet.

10.1. Dei som skriv på engelsk

Dei som skriv på engelsk grunngrir dette med at dette er det vanlege språket i fagfeltet, at dei ønskjer å publisere internasjonalt, at lesarane er utanlandske eller at fagfeltet er internasjonalt.

Desse uttalanene er eksempel på dei eg finn flest av i denne gruppa:

A: Engelsk er det internasjonale språket innen min faggren og så og si all publisering (med tellende verdi) foregår på engelsk. Nesten all faglitteratur er engelskspråklig.

B: Innenfor fagområdet er det kun engelsk som gjeld. Opponentar er engelsktalande og alle vitenskapelege artiklar er på engelsk

C: Jeg har samarbeidet med engelskspråklige ved Universitet ute i USA
Engelsk var obligatorisk form, men ville uansett valgt dette pga. internasjonal formidling/publisering.

D: Vanlig praksis å skrive på engelsk, og ble anbefalt å gjøre det. Gir større mulighet for spredning av resultater. Enklest siden artikler til konferanser og tidsskrift uansett måtte skrives på engelsk. Det ga også større fleksibilitet for sensur/disputas.

E: Opplagt - det er det språket alle andre i faget brukar, og det internasjonale språket i vitenskapleg tradisjon, faktisk det einaste språket som er akseptert av internasjonale journalar.

F: Veileder og opponent forstod ikke norsk. Ønsket å oppnå flest mulig lesere av dr.gradsarbeid.

G: Det hadde vært helt utenkelig å skrive på norsk; oppgaven bestod av tre artikler som skulle publiseres i internasjonale tidsskrift.

Det finst også nokre eksempel på andre problemstillingar med meir nyanserte perspektiv, men som endar ut i same resultat:

H: Jeg ble oppfordret til å velge engelsk framfor tysk - for bla. å bringe tyske forskningsresultater fram i den engelskspråklige verden. Det ble også sagt at en norsk doktoravhandling får for få lesere, og at den sjelden blir oversatt til engelsk etter prom.

Det viktige for denne gruppa er altså;

- 1) Internasjonalt språk – utanlandsk lesekrete
- 2) Publisering internasjonalt
- 3) Faglitteratur på engelsk
- 4) Norm, krav eller tilråding ved institusjonen/ i fagfeltet

Her ser det ut til at motivasjonen hovudsakleg er integrativ. Respondentane signaliserer at dei ønskjer deltaking i internasjonale forskingfellesskap, og at dei gjer det som er vanleg og tilrådd i høve til *doxa* innanfor fagfeltet .

10.2. Dei som skriv på bokmål

Eg gir også her nokre eksempel som viser hovudkategoriar i svara. Dei som skriv på bokmål grunngir valet sitt noko annleis enn dei som skriv på engelsk. Her blir det også vist til lesarar av avhandlinga, men med motsett resultat:

I: Jeg skrev om norske rettskilder, for lesere innenfor det norske rettssamfunnet. Det ville være totalt meningsløst å skrive på noe annet språk.

Mange av dei som skriv på bokmål har også kommentert språket sin kognitive funksjon:

J: Beste språket for å uttrykke kompliserte filosofiske og sosiologiske sammenhenger.

K: ønsket å skrive på det språket jeg kunne best! selv om jeg hadde engelsk opponent, men han kunne forholde seg til engelskspråklige vitenskaplige artikler og konferansesammendrag. i tillegg hadde han lest gjennom den norske hovedteksten, for at han kunne s

L: Den målforma jeg er mest fortrolig med når jeg skal skrive fagtekster

M: Fordi det er det jeg behersker best, og fordi det er den målformen som helet tiden har vært hovdemålet mitt. Jeg har skrevet flere lærebøker, derav en på Samlaget - på nynorsk - så det er intet problem. Men som sagt; bokmål er hovdemålet mitt.

Fleire grunngir også valet sitt meir pragmatisk og seier at dei valte bokmål av praktiske årsaker, fordi det er raskare å skrive på morsmålet enn på eit andrespråk ein ikkje beherskar like godt. Dette har også implisitte kognitive aspekt.

N: Bokmål er mitt primære skriftspråk. Alternativet var engelsk. Beslutningen om å skrive på norsk var først og fremst pragmatisk. Mindre arbeidskrevende enn engelsk. Prioriterer heller engelskspråklige artikler i ettertid.

O: Praktisk; for å bli ferdig. Dessuten viktig at faglig arbeid også skrives på norsk. Ulempe; når ikke ut internasjonalt. Må skrive artikler basert på avh.

Mange gir også meir personlege grunnar for å velje bokmål:

P: Fordi det er det språket som står meg nærmest

Ganske mange av dei som har valt å skrive avhandlinga si på bokmål, har eit uttalt språkpolitisk standpunkt:

Q: viktig å bevare norsk som akademisk språk

R: Viktig at faglig arbeid også skrives på norsk. Ulempe; når ikke ut internasjonalt. Må skrive artikler basert på avh.

Dei som har valt å skrive avhandlinga si på bokmål grunngir det i desse kategoriane:

- 1) Språket sin kognitive funksjon
- 2) Publisering i Norge – innanlandsk lesarkrets
- 3) Personlege grunnar
- 4) Pragmatiske grunnar
- 5) Språkpolitiske grunnar

10.3. Dei som skriv på nynorsk

Av dei få respondentane som har skrive avhandlinga si på nynorsk, har berre ein svara på dette spørsmålet. Det kan sjå ut som om denne respondenten har eit pragmatisk forhold til språkvalet:

S: enklast pga tid

I denne utsegna ligg det også implisitt eit kognitivt aspekt. Det er enklast å skrive på førstespråket sitt, og det sparar tid.

10.4. Oppsummering

Respondentane som har valt å skrive avhandlinga si på engelsk, seier at dei har valt dette fordi dei ønskjer å skrive på eit internasjonalt språk for ein utanlandsk lesekrete, fordi dei ønskjer å publisere internasjonalt, fordi faglitteraturen er på engelsk, eller fordi det er norm, krav eller tilråding ved institusjonen, eller innanfor fagfeltet. Desse kan seiast å ha ei overvekt av integrativ motivasjon for språkvalet sitt.

Respondentane som har valt å skrive på bokmål seier at dei har valt dette på grunn av språket sin kognitive funksjon, det er enklare å tenkje på morsmålet, eller fordi dei skal publisere resultat i Norge for ein innanlandsk lesarkrets. Dei har også i større grad ei personleg og/eller pragmatisk grunngeving. Denne gruppa gir også språkpolitiske grunnar for valet sitt. Dei som har skrive på norsk har ei noko meir nyansert grunngeving for språkvala sine enn dei som skriv på engelsk.

Berre ein respondent har svara på dette spørsmålet av dei som har skrive på nynorsk. Dette gir for lite informasjon til å trekkje slutningar ut i frå, og viser klart dei svake sidene ved å nytte hovudsakleg kvantitativ metode. Men også for denne respondenten ser det ut til at språkvalet er bestemt ut frå pragmatiske grunnar og ut frå kognitive aspekt.

Kap 11. Drøfting og oppsummering

I dette kapitlet vil eg knyte saman funna i undersøkinga sine tre deler frå kap. 5.0. til og med kap. 10, med det teoretiske bakgrunnsstoffet frå kap. 2.0 og perspektiva i kap 3.0. Eg vil gjere eit forsøk på å sjå korleis resultata og funna i undersøkinga ser ut i lys av problemstillinga og hypotesane i innleiinga. Ved å sjå sentrale dokument, opplysningane frå statistikkane og spørjeundersøkinga i samanheng og drøfte funna på grunnlag av teori, kan det kanskje vere mogleg å seie noko om i kva grad nynorsk blir brukt som skriftspråk i doktorgradsavhandlingar og kva som påverkar valet av språk i utdanningsløpet. Mål for det teoretiske rammeverket er å gi ei tilnærming til kva som verkar inn på dette valet, både på makro- og mikronivå, og eg har valt *metodologisk reduksjonisme* som teoretisk tilnærming.

Problemstillinga for denne avhandlinga formulerte eg slik:

I kva grad blir nynorsk brukt som skriftspråk oppover i utdanningsløpet, i doktorgradsavhandlingar og vidare i akademisk skriving i Norge i dag? Kva vilkår eller faktorar styrkjer eller svekkjer bruk av nynorsk i dette feltet, og kva konsekvensar kan dette ha?

Måla for granskinga har vore å få fram tal på kva skriftspråk som faktisk blir brukt i doktorgradsavhandlingar, for å kunne seie noko om utviklinga i talet på nynorske avhandlingar. Eg ønskte også å få fram ei oversikt over bruk av nynorsk oppover i utdanningsløpet, og på kva nivå eventuelle språkskifte skjer.

Ei av hovudtesene mine var at språkskifte skjer i størst grad på vidaregåande nivå. Eg ønskte også å finne ut korleis situasjonen er for bruk av nynorsk som skriftspråk i

doktorgradsavhandlingar og i akademisk skrivning, og eg vil i det følgjande drøfte kva vilkår og faktorar som styrkjer eller svekkjer bruk av nynorsk i dette feltet.

11.1. Nynorsk i utdanningsløpet

Norsk som avhandlingsspråk for populasjonen totalt har i følgje doktorgradsstatistikk frå NIFU STEP og opplysingar om språk i avhandlingane frå Bibsys, gått ned frå ca 22 % i 1997 til ca 13 % i 2007. Dette er ein nedgang på 9 %. Del avhandlingar på bokmål har gått ned frå 19,7 % i 1997, til 12,6 % i 2007. Dette er ein nedgang på 7,1 %. Del nynorske avhandlingar har gått ned frå 2,24 % til **0,49 %** i perioden 1997-2007.

Tala frå mi undersøking er korrigererte for den store delen av avhandlingar som er skrivne av kandidatar med utanlandsk statsborgarskap, og er derfor meir relevant for det norske språksamfunnet. Her har norsk samla gått ned frå 26,6 % i 1997 til 18,8 % i 2007. Dette er ein nedgang på **7,8 %**. Bokmål har gått ned frå 23,1 % i 1997 til 18,8 % i 2007, ein nedgang på 4,3 %. Nynorsk har gått ned frå 3,0 % i 1997 til **0 %** i 2007 i mi undersøking.

Som eg har vist i oversikta over språkval i utdanningsløpet i fig. 14a og fig. 20 og 22, er det på høgskule/universtetsnivå av lågare grad nedgangen i bruk av nynorsk er størst, og ikkje på vidaregåande nivå slik hypotesa mi var. Som vist i fig. 20 og 22 er nedgangen på høgskule/universitetsnivå av lågare grad på heile 45,9 % blant dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål. Dette må kunne karakteriserast som eit kraftig bortfall i bruk av nynorsk som hovudmål. I doktorgrad/PhD-studiet brukar 8,3 % av denne gruppa framleis nynorsk som skriftspråk. 6,3 % av dei nyttar nynorsk i doktorgradsavhandlinga, og 6,3 % seier også at dei nyttar nynorsk som skriftspråk/hovudmål i yrkessamanheng. Under halvparten, 45,8 %, av dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål, seier at dei framleis ser på nynorsk som sitt hovudmål uavhengig av

samanhengem dei nyttar språket i, etter avslutta utdanning. Sett i høve til den kraftige nedgangen opp gjennom utdanningsløpet, må dette kunne karakteriserast som eit oppløftande tal.

11.2. Nynorsk i doktorgradsavhandlingar og akademisk skriving

Det er all grunn til å diskutere, drøfte og problematisere verknadane den auka bruken av engelsk innanfor forskning og akademien har på mange andre sentrale og viktige område i Norge. Dette kan vere verknadar for norsk som fagspråk spesielt, for norsk språk generelt, for det norske språksamfunnet og også for norsk demokrati og kultur meir generelt. Alt dette heng saman og det er ulike aspekt ved dette som blir drøfta her, ut frå dei ulike perspektiva eg har trekt opp, og som også grip inn i kvarandre.

Den generelle nedgang i bruk av norsk som skriftspråk i doktorgradsavhandlingar gjeld både for nynorsk og for bokmål (Sjå fig.13). Av internasjonale språk er det engelsk som aukar, og det ser ut til at svært få avhandlingar blir skrivne på andre utanlandske språk. Det ser ut til at det språklege mangfaldet blir redusert, at vi er i ferd med å få ein språkleg monokultur, og at dette derfor kan forklarast med at det er ein del av ein global trend. I følgje Anthony Giddens i *En løbsk verden. Hvordan globaliseringen forandrer vores tilværelse* (2000:9-23), er det sannsynleg at dette har med endringar og asymmetriske relasjonar i politiske, teknologiske, økonomiske, og kulturelle samanhengar på globalt nivå å gjere. Desse endringane, som av mange blir kalla *globalisering*, seier mellom anna Østerud og Mæhlum at har trekk av kulturell og lingvistisk imperialisme, ved at påverknaden går frå den dominerande part til den dominerte (Mæhlum 2007:18). Globaliseringa skaper gjennomgripande endringar ikkje berre i dei nasjonale kulturane, men også i språksituasjonen. Engelsk har fått ein *lingua franca*-posisjon i globale og internasjonale samanhengar. Swan (her etter Mæhlum) illustrerer den globale språksituasjonen som ein galakse og den posisjonen engelsk har fått kallar han

hypersentral. I følge denne metaforen fungerer engelsk som eit bindeledd mellom brukarane av dei supersentrale språka.

I Stortingmelding 20 (2004-2005) *Viljen til forskning* er det frå Regjeringa si side lagt opp til ei sterk satsing på internasjonalisering av forskinga i Norge. Dette krev auka bruk av og perfektjonering i eitt eller fleire internasjonale språk. Stortingmeldinga tek ikkje opp eller problematiserer tiltak og satsing på opplæring i god fagengelsk, som er heilt sentralt dersom engelsk fagspråk skal vere for alle og ikkje berre for dei få. Det er neppe nokon som meiner at vi *ikkje* skal bruke engelsk som andrespråk i forskning og i det akademiske feltet i Norge i dag, eller at vi ikkje skal utvikle ein høgast mogleg kompetanse i språket. Det er derfor merkeleg at dette ikkje ser ut til å vere eit tema i meldinga.

Det er lite truleg at nedgangen i bruk av nynorsk i utdanningsløpet som undersøkinga mi viser på høgskule/universitetsnivå av lågare grad, skuldast den globale situasjonen med auka bruk av engelsk som eit internasjonalt språk. På dette nivået er det truleg heller tilhøve innover i det norske språksamfunnet og hegemoniske forhold mellom dei to offisielle skriftspråka våre, bokmål og nynorsk, som er årsaka, slik det blir vist i t.d. Makt og demokratiutredninga. Når ein kjem opp på høgskule/universitetsnivå av høgare grad, og særleg i doktorgrad/PhD-studiar, kan internasjonalisering og globalisering, og auka krav eller ønske om overnasjonal eller global integrasjon, derimot vere ei relevant problemstilling i ein analyse av årsaker og verknadar. I majoritets/minoritetsspråk-problematikken kan ein sjå parallellar mellom det som skjer i tilhøvet mellom nynorsk/bokmål på den nasjonale arenaen, og mellom norsk/engelsk på den internasjonale eller globale arenaen. Det første dominansforholdet har truleg konsekvensar for språkval på dei lågaste nivåa i høgskule/universitetsutdanninga, medan det siste dominansforholdet truleg har konsekvensar på dei høgaste nivåa i utdanningssystemet

vårt. Her drøftar eg språkval på det høgaste nivået i utdanningssystemet, og dei ulike aspekta og perspektiva i desse drøftingane er like relevante for bokmål som dei er for nynorsk. Dette er ei felles sak for dei to skriftspråka sett i forhold til auka bruk av engelsk.

Doktorgradsavhandlinga står i ei mellomstilling mellom forskning, studiar og undervisning, da den både er ein del av eiga utdanning, og er eit sjølvstendig forskingsarbeid som skal presenterast og vurderast. I den perioden ein arbeider med doktorgraden blir ein også sosialisert inn i det aktuelle forskingsfeltet sin faglege og sosiale fellesskap. Dette er også ein fellesskap som kan ha meir eller mindre sterke *doxiske* tradisjonar og føringar på kva språk ein kan eller bør tenke, snakke, skrive og publisere på innanfor det aktuelle fagfeltet.

Doktorgradsavhandlinga er også ei kommunikativ handling som kan sjåast som ein søknad eller ein inngangsbillett til den aktuelle forskingsarenaen etter avlagt doktorgrad, og det er truleg at kandidatane på alle vis ønskjer å gjere eit best mogleg inntrykk ved å levere eit arbeid som syner at dei beherskar fagfelte sine skrivne og uskrivne reglar og kodar, også språkleg. Ein av språket sine sentrale funksjonar er symbolverdien det kan ha i form av å markere identitet og sosial tilhøyrse eller grenser. Slik sett blir språket ein del av agentane sin *symbolske kapital* som dei investerer inn i feltet og vel ein strategi for å sette i spel i feltet ut frå sin *illiusio* – si interesse. Om denne investeringa gir avkastning i form av å gi status og innpass, kan i stor grad vere avhengig av kva val ein gjer i forhold til *dominans* og *doxa* innanfor feltet. Val av eit anna språk enn engelsk, for eksempel nynorsk, innanfor eit fagmiljø der *doxa* tilseier at ein skriv doktorgradsavhandlinga si på engelsk, vil slik sett vere eit dristig val, som kan føre til *symbolsk vald*. Dette kan for eksempel skje i form av utestenging frå sentrale posisjonar i feltet, eller frå feltet i det heile. Ein av informantane i Ljosland si undersøking frå 2005 seier det så sterkt som at ho opplever det slik at ho ville blitt sett på som ein særing dersom ho skreiv på norsk. Reaksjonane trur ho ville vere at ”vi orker ikke engang involvere oss i et faglig forhold med vedkommende, for hun skreiv liksom PhD-oppgaven sin

på *norsk*, det er jo ingen som *gjør* det!”(Ljosland 2005:144). Dette viser ei sterk frykt for kva val av ”feil” språk i høve til *doxa* kan føre til. Ein slik *negativ symbolsk kapital* (Pedersen 2008:31) kan utan tvil tappe for sosial kraft og føre til redusert medverknad og svekka høve til posisjonering i feltet. I denne samanhengen trur eg ikkje det er grunn til å differensiere mellom bokmål/nynorsk. Her er det spørsmål om engelsk eller norsk, der engelskdominansen over norsk ligg implisitt i *doxa*. Det er bruk av engelsk som har høgast verdi som *symbolsk kapital* og har derfor fått denne sentrale posisjonen i feltet, som stadig ser ut til å bli forsterka. Fleirtalet av respondentane i mi undersøking som har valt å skrive avhandlinga si på engelsk, seier at dei har valt dette fordi det er norm, krav eller tilråding ved institusjonen/ i fagfeltet. Dette kan tene som eit eksempel på det som ut frå *stukturasjonsteorien* til Giddens blir sett på som verdiar, normer og sanksjonsmåtar som noko som ligg i den handlande, agenten, sitt medvit, og at dette blir bekrefte gjennom dagleg sosial praksis, samtidig som denne praksisen er med og reproduserer dei sosiale strukturane. Det ser ut frå dette ikkje ut til at verken bokmål eller nynorsk som skriftspråk i denne samanhengen har særleg høg verdi, eller at desse skriftspråka gir særleg høg symbolsk kapital i feltet.

Det ser ut til at dei *doxiske* tilhøva internt i feltet, i form av tradisjon og kultur innan ulike fagområde eller fakultet, har større verknad på den enkelte sitt val av språk, enn det universiteta sine interne lovverk har, og at frykta for sanksjonar eller *symbolsk vald* derfor er ei høgst aktuell problemstilling. Dette kan tyde på at vi har med eit tilhøve som ein innanfor individualismen kallar spelteori, der aktørane/agentane hvis dei skal handle rasjonelt, er tvinga til bestemte handlingsvalg (Martinussen 2001:162). Dette kan ein sjå som *situasjonstvang*, med val av engelsk som skriftspråk som den dominerande strategien. Svært mange av agentane i feltet tek den same avgjerda, og dette aggregerer seg opp til eit mønster, som slik blir forsterka, og er med dette med på å reproduserer dei sosiale strukturane innanfor

feltet. Sett i høve til Chrystal sin teori om domenetap og språkdød, vil norsk som fagspråk bestå så lenge agentane ser det som positivt å bruke dette språket i den faglege skrivinga si, men heller ikkje lenger. Det kan i lys av dette reisas spørsmål om det i agentane sine individuelle val av skriftspråk i doktorgradsavhandlingar ligg implisitt ei *domenefråskrivning*. Dette inneber at morsmålet blir valt bort til fordel for engelsk. Vala kan derfor noko forenkla sagt, ha *utilsikta konsekvensar* i form av domenetap innanfor det akademiske feltet, med dei verknader dette har for det norske språksamfunnet. Eit anna aspekt som også kan sjåast som ein *utilsikta konsekvens* er at bruk av engelsk på dette nivået kan komme til å generere auka bruk av engelsk også på lågare nivå i utdanningssystemet og på andre område der det ikkje er nødvendig å bruke engelsk ut frå eit kommunikativt eller instrumentelt behov.

11.3. Faktorar som styrkjer eller svekkjer bruk av nynorsk

For språk i doktorgradsavhandlingar er tilhøvet slik eg har vist, at bruk av både nynorsk og bokmål går ned, medan engelsk aukar. Det ser i følgje undersøkinga mi ut som om nynorsk er i ferd med å forsvinne ut av bruk i doktorgradsavhandlingar. Dette kan også vise seg å vere variasjonar som jamnar seg ut over tid. Bokmål står framleis noko sterkare, sjølv om det også er nedgang i bruk av dette språket. Kandidatane tek i stor grad i bruk engelsk i staden for morsmålet sitt i denne spesielle sjangeren innanfor vitskapleg skriving.

Fjerning av paragrafen i Universitets og Høgskolelova av 1995, der det heitte at *undervisningsspråket til vanleg er norsk* var eit sterkt signal om ei nedprioritering av norsk og ei opning for bruk av andre språk, dvs engelsk, i større grad enn før, og svekkjer derfor heilt klart bruken av norsk. Eg har derimot ikkje funne nokon lovpålagte føringar i universiteta sine eigne interne regelverk som skulle tilseie at ein *ikkje* kan skrive på norsk dersom ein ønskjer det. Eit unntak her ser ut til å vere HF ved UiO, som i PhD-regelverket direkte oppfordrar til å bruke engelsk i avhandlinga.

Av sentrale dokument som verkar styrande inn på val av skriftspråk i forskning og i det akademiske feltet, er det nye FoU-regelverket frå 2005 viktig, og dette fremmar truleg internasjonalisering og publisering på engelsk. Gjennom FoU-regelverket blir publisering av forskning premiært i form av midlar til institusjonen forskinga er utført ved, og det føreligg ei liste over godkjente publiseringskanalar delt inn i nivå 1 og nivå 2. Publikasjonar på nivå 2 kan gi tre gonger så høg økonomisk utteljing som publikasjonar på nivå 1. På nivå 2 er det få nasjonale tidsskrift som er godkjente. At dette vil verke drivande på bruk av engelsk i forskning og akademisk skriving er svært sannsynleg, og dette kan derfor også vere ein faktor som spelar inn på val av språk i doktorgradsavhandlingar ved at det svekkjer bruken av norsk i avhandlingane.

Eit anna aspekt av FoU-regelverket er at forskaren som agent i feltet kan komme i eit lojalitetsdilemma. Dersom ein er lojal mot arbeidsgivaren skriv ein på engelsk og publiserer i internasjonale tidsskrift eller forlag, da dette gir størst økonomisk utteljing for institusjonen. På den andre sida har universiteta, og dermed også dei tilsette, forpliktingar overfor det samfunnet dei er finansierte av. Forskingsresultat bør i eit demokratisk perspektiv vere tilgjengeleg for den norske allmennheita på norsk språk, utan at dette svekkjer innteninga til institusjonane.

Særleg human- og samfunnsvitskapane har ei viktig rolle internt i det norske samfunnet, og særleg forskingsresultat herfrå bør, som Skjervheim seier, spelast inn i eit ope ordskifte og vere tilgjengeleg for den politiske og kulturelle offentlegheita i landet. Det nye i språksituasjonen no ser ut til å vere at det i aukande grad også blir skrive på engelsk innanfor område der det før har vore meir vanleg å skrive på norsk. Dersom denne forskinga

hovudsakleg blir publisert på engelsk og offentleggjort i internasjonale tidsskrift, vil dette vere svært uheldig for demokratiet lokalt og nasjonalt i Norge. Engelsk vil slik bli elitane sin nye latin, ved at berre dei som har gode nok kunnskapar i dette språket kan tileigne seg og gjere bruk av forskingsresultata, med dei konsekvensar dette har for retten og høvet alle bør ha til medverknad i demokratiske prosessar.

Eksempel på dokument som verkar til å styrkje norsk språk si stilling i universitets- og høgskolesektoren, er universiteta sine egne språkpolitiske dokument som er utarbeidd i 2006 og 2007. I desse tilrådingane er *parallellspråklegheit* ein gjennomgåande term, som også er tilrådd frå UHR. Dette inneber at ein tek omsyn *både* til trongen for å kommunisere internasjonalt på eit internasjonalt språk, *og* at ein også tek ansvar for røkt, bruk og utvikling av det norske språket. På den andre sida kan ein innvende at dette kanskje er ei formålstenleg to-delning av språkbruken, men at det også tydar på ein *utvida diglossisk* tilstand. Det kan også tyde på at vi er på trinn to i Chrystal sin språkdødprosess, *tiltakande tospråklegheit*.

Sylfest Lomheim seier i etterkant av språkdøds-dommen at det ikkje er spesielt dristig å påstå at når det gjeld skrift står vi framfor ein *tospråkssituasjon*. Denne uttalen kan ein sjå i samanheng med trinn to i assimileringprosessen til Chrystal, som er prega av at forskning, næringsliv og ei rekkje andre viktige felt, vil bli dominerte av engelsk i denne fasen. Østerud trur at nynorsk etter alt å dømme vil greie seg betre, relativt sett, enn bokmålet i dette ”vestaværet”, fordi nynorsk har sin relative styrke i den åndelege og private kulturen.

Lomheim seier derimot at nynorsken ikkje kan tape posisjonar nynorsken ikkje har (Lomheim 2002). Eg meiner at undersøkinga mi viser at her tek Lomheim feil. Nynorsk *er* i bruk i det akademiske feltet og i forskning, og har vore det i varierende grad også på dei høgaste nivåa i utdanningssystemet heilt sidan det vart lovleg å nytte det i 1908. 22 % av alle respondentane

svarar at dei brukar nynorsk i varierende grad i yrket sitt i dag. Av dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål er det 60,7 % som seier at dei brukar nynorsk i skriftlege arbeid i samband med yrket sitt. Derfor er det all grunn til å vere merksam på at denne posisjonen kan tapast også for nynorsk

Undersøkinga har eit for kort tidsperspektiv til å kunne seie noko om variasjonar og utvikling over lengre tid. Tala frå 2007 kan vise seg å vere eit enkeltståande fenomen. Dette kjem mellom anna an på om fokuset på globaliseringa eller anglifiseringa sine verknadar på norsk språk, lokkar fram idealistar også i det akademiske feltet. I så fall kan det som Giddens seier føre til ei motkraft og vitalisering av norsk språk. Kva som skjer vidare når det gjeld bruk av norsk innan det akademiske feltet, blant anna med ut frå den sterke vekta på internasjonaliseringa av forskinga som ligg i Stortingsmelding 20 (2004-2005) *Vilje til forskning*, er vanskeleg å spå. Eit høgst aktuelt spørsmål er om Norge, som var det første landet i den vestlege kulturkrinsen som oppheva kravet om latin som inngangsbillett til universitetet, no er blitt "flinkast i klassen" når det gjeld å innføre eit nytt *lingua franca*, engelsk, i strevet etter å få vere med blant dei leiande forskingsnasjonane i verda. Dette kjem mellom anna an på om aktørane innan feltet utan vidare går over til å bruk av engelsk i enno større grad enn før, eller om det auka presset om å skrive engelsk like gjerne kan føre til eit fokus på bruk av norsk og ein motreaksjon, der fleire enn før vel medvite å bruke norsk når og der det er mogleg.

Utarbeidinga av eigne strategiplanar for språkpolitikk ved universiteta, viser at ein er merksame på problematikken med domenetap, og at det er ei oppfatting om at vi også treng det norske språket innanfor det akademiske feltet. Dette er tiltak ein kan sjå i samanheng med ein vitaliseringsprosess for norsk som akademisk språk, og som derfor kan settast inn i

fyrverkerihjulet som M. Strubell har lansert. Ei oppfatning av og eit fokus på, at det er viktig å bevare og utvikle norsk som fagspråk vil kunne føre til ein motkultur og ei språkleg (re)vitalisering, og står derfor fram som motstykket til domenetap og språkdød, og blir slik stett globaliseringa si *antitese*, eller mottrend (Mæhlum 2007).

Denne utviklinga kan ein også sjå i lys av tilhøva kring språk og identitet. Det konstruktivistiske vitskapssynet på identitet inneber at ein kan ha mange ulike identitetar og at dette er både medfødde eigenskapar og noko vi gradvis dannar eller konstruerer, og at identiteten er omskifteleg. Habitus er i følgje Bourdieu eit produkt av kroppsleg internalisering av dei sosiale og materielle tilhøva vi har vakse opp under, og den disponerer oss til å oppfatte og vurdere desse sosiale og økonomiske forholda som gitte, naturlege, normale og akseptable. Habitus er nedarva og kroppsleggjort, men den kan også i endrast, og dette korresponderer med det konstruktivistiske synet på identitet. Ser vi på nynorskbrukarane spesielt, viser undersøkinga at desse respondentane i stor grad har flytta frå rurale til sentrale strøk av landet, inn til sentra der universiteta ligg. Dette medfører tilpassing til den nye kulturen og ofte også språkskifte til det dominerande språket i den nye kulturen, bokmål. Dette kan i beste fall føre til at dei blir medlemmar av fleire språksamfunn på same tid. Slike endringar kan representere både farar og forbetringar kulturelt og intellektuelt sett. Ein kan seie at dei med nynorskspråkleg opphav er i ferd med å få ein identitet prega av språkleg pluralisme, og at dette kan føre til endringar i habitus. Vidare i utdanningsløpet til dei som tek doktorgrad, ligg det strukturelle føringar og føringar i *doxa* i feltet, som ein av grunnar eg har drøfta tidlegare, ofte vel å tilpasse seg i staden for å utfordre. Dei fleste vel å skrive på engelsk, også av grunnar eg har drøfta tidlegare. Språket er nært knytt til tenkjeevna vår ved at ord og uttrykk er knaggar for assosiasjonar og konnotasjonar, dvs. at språk har ein kognitiv funksjon. Det å uttrykkje seg på morsmålet vil ofte vere det beste fordi det er det *beste språket*

for å uttrykke kompliserte filosofiske og sosiologiske sammenhenger på, slik ein av respondentane i undersøkinga mi uttrykte det (s 94).

Den russiske språkfilosofen og litteraturforskaren Mikhail Bakthin, står som nemnt for ein dialogisk kommunikasjons- og samtaleteori (Rommetveit 2008:104). Bakthin ser identitet som noko ein får gjennom å delta i kulturelle fellesskap. Han har lansert omgrepa *språkleg pluralisme* og *polyfoni* i utforskinga av litterære sjangrar, språk og identitet, og ser det slik at vi nyttar ulike røyster som kan spegle dei ulike identitetane vi har. Bakthin ser identitet som noko ein får gjennom å delta i kulturelle fellesskap. Han ser identitet som eit relasjonelt og dynamisk fenomen, det vil seie identitet som ein sosial konstruksjon og som noko vi stendig er i *forhandling* med omgivnadene våre om. Ei tileigning av fleire språk vil vere stimulerande og utviklande for tenkjeevna, og ein kan derfor også sjå det slik at dei som startar med nynorsk, så tek i bruk bokmål, og vidare tek i bruk engelsk på dette nivået av utdanninga, etterkvart utviklar språklege reiskapar på tre ulike språk. Dei kan veksle mellom tre ulike røyster som dei kan sette i spel i feltet. Dei har opparbeidd seg ein viktig trespråkleg tenkjevne og kompetanse, som dei kan nytte i forskingsarbeid og elles, og som slik sett kan fungere som viktige kommunikative bindeledd mellom dei ulike kulturane. Språk er eit kommunikasjonsmiddel, som hjelper til med å formidle idéar innanfor og mellom ulike kulturar.

Språk og identitet heng nøye saman, og språk kan sjåast som ein konstruksjon av tenkjemåtar, samtidig som det er språket vi tenkjer ved hjelp av. Identitet er også eit aspekt ein kan drøfte i forhold til språk og vitskaplege sjangrar. Ulike vitskapstradisjonar har som nemnt ulike kriterium for i kor stor grad den personlege stemma skal få vere tilstades i fagtekstar innanfor den vitskaplege sjangeren. Vitskapstradisjonane kan stillast opp i eit kontinuum med den

anglosaksiske tradisjonen på den eine sida og den kontinentale tradisjonen på den andre (Rienecker og Stray Jørgensen 2006:65ff). Det er eit underliggende krav at subjektiviteten og identiteten til den som produserer teksten skal "bort" eller vere usynleg i den anglosaksiske tradisjonen innan fagskriving, og at teksten skal framstå som nøytral. Skjervheim hevdar i *Deltakar og tilskodar* (Skjervheim 2005) at slik nøytralitet er umogleg, og at forskaren er ein del av det han forskar på. Ved at vi tek i bruk engelsk i enno sterkare grad enn før, kan vi komme til å adoptere både den anglosaksiske fagtradisjonen, den anglosaksiske tenkjemåten og det engelske språket på same tid. Ved dette vel vi samstundes i større grad vekk den kontinentale vitenskapstradisjonen som gir meir rom for subjektivitet i fagskriving. Dette har trekk av det vi kan kalle *kulturell imperialisme*, og kan også vere eit eksempel på *utilsikta konsekvensar* frå spelteorien i individualistisk teori, som ligg implisitt i val av språk. Auka kunnskap om slike tilhøve trur eg vil kunne styrkje bruk av nasjonalspråk og minoritetsspråk, ved at fleire ser verdien av å røkte og bruke sine egne språk.

Leroy Little Bear representerer eit indiansk minoritetsspråk i USA, algonkin (Egge 2007:207). I intervjuet med Christian Egge (sjå pkt 3.4.2.), seier han om forskjellane mellom engelsk språk og tenkjemåten i Blackfoot-kulturen at:

Leroy Little Bear: (...) vårt frihetsbegrep sier i bunn og grunn: *å være en del av*. (...) Vi sier vi er en del av helheten

Chr. Egge: Så dere har ikke en dualistisk måte å leve på? Lever dere i en "monistisk realitet?"

LLB: Ja, helheten. Det finnes naturligvis situasjoner der vi kan tenke i termen dualitet. Men det er hva jeg vil referere til som en *ikke-binær* dualitet. Jeg vet ikke mye om norsk eller svensk språk – men på engelsk har man en binær måte å tenke på: god *eller* dårlig, helgen *eller* synder, svart *eller* hvit og så videre (mine uthevingar). Med en slik måte å tenke på kan du ikke være helgen og synder samtidig. Du er *enten – eller*.

CE: Ja, den aristoteliske logikken sier: ikke A og B på samme tid. (Egge 2007:217)

